



DET KONGELEGE FORNYINGS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

# Meld. St. 6

(2009–2010)

Melding til Stortinget

---

## Nordisk samarbeid







DET KONGELEGE FORNYINGS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

# Meld. St. 6

(2009–2010)

Melding til Stortinget

---

Nordisk samarbeid



## Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	5	5.2	Utdanning og forskning (medrekna IKT) .....	27
<b>2</b>	<b>Aktuelle saker</b> .....	7	5.3	Miljø, medrekna tverrfagleg samarbeid .....	29
2.1	Globalisering .....	7	5.4	Nærings-, energi- og regionalpolitikk	29
2.2	Grensehinder .....	8	5.5	Fiskeri og fangst .....	32
2.3	Organisering av det nordiske samarbeidet .....	11	5.6	Jord- og skogbruk .....	34
2.4	Stoltenberg-rapporten .....	12	5.7	Økonomi- og finanspolitikk .....	36
<b>3</b>	<b>Norden og nabolanda</b> .....	15	5.8	Sosial og helse .....	37
3.1	Nordisk ministerråd og samarbeidet med nabolanda .....	15	5.9	Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø .....	38
3.2	Den nordlege dimensjonen .....	17	5.10	Ernæring og mattryggleik .....	39
3.3	Austersjørådet .....	17	5.11	Likestilling .....	39
3.4	Barentsrådet .....	18	5.12	Justissektoren .....	40
3.5	Arktisk råd .....	19	5.13	Flyktingar og migrasjon .....	42
3.6	Nordisk samarbeid om europeiske spørsmål .....	20	5.14	Administrasjon og forvaltning .....	42
<b>4</b>	<b>Utanriks-, forsvars- og utviklingspolitisk samarbeid</b> .....	22	5.15	Barn og unge .....	43
4.1	Det utanrikspolitiske samarbeidet ...	22	5.16	Frivillig sektor .....	44
4.2	Det utanrikshandelspolitiske samarbeidet .....	24	5.17	Forbrukarpolitikk .....	44
4.3	Forsvar .....	24	5.18	Samferdsel .....	44
4.4	Utviklingssamarbeid .....	25	5.19	Samar og nasjonale minoritetar .....	44
<b>5</b>	<b>Fagleg samarbeid</b> .....	27	<b>Vedlegg</b>		
5.1	Kultur .....	27	1	Nordisk Ministerrådsbudsjett 2009 og forslag til budsjett 2010 .....	46
			2	Nordisk utenriksministererklæring av 8. juni 2009 .....	47
			3	Nordisk samarbeid. Nettsteder .....	50
			4	Forkortingsregister .....	51





DET KONGELEGE FORNYINGS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

# Meld. St. 6

(2009–2010)

Melding til Stortinget

---

## Nordisk samarbeid

*Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 2. oktober 2009,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Regjeringa prioriterer det nordiske samarbeidet. Det nordiske samarbeidet er prega av stor dynamikk med breidd og nye initiativ. For å kunne realisere potensialet sitt må det nordiske samarbeidet ta vare på krafta og relevansen, og det vert difor lagt vekt på å tilpasse og fornye seg i ei verd i kontinuerleg endring.

Samtidig som den aukande globaliseringa er med på å tone ned tradisjonelle skilje mellom landa, vert regionane stadig viktigare som politiske samarbeidsarenaer. Norden som region, med sitt kultur- og språkfelleskap, har eit særleg godt grunnlag for å sameine kreftene sine i møte med framtidige utfordringar. Norden og nabo- og nordområda dannar eit naturleg utgangspunkt for hovudprioriteringar i norsk utanrikspolitikk. Soria Moria-erklæringa slår fast at regjeringa legg særleg vekt på nordisk dialog og ønskjer å utvikle potensialet i samarbeidet også når det gjeld europeiske samarbeidsspørsmål.

Statsministererklæringa frå det uformelle nordiske sommarmøtet i Punkaharju i 2007 gav retning til eit djupare samarbeid om utfordringar landa står overfor i ei globalisert verd. Prioriteringar i globaliseringsinitiativet er klima, miljø, energi, forskning, innovasjon og grensehinder. Dette er område der dei nordiske landa kan få til

meir saman enn kvar for seg. Det er òg ei målsetjing å aktivt synleggjere fortrinna ved Norden, til dømes den nordiske velferdsmodellen.

Dei roterande eittårige formannskapane gjer det mogeleg for landa å setje sitt politiske preg på aktivitetane i ministerrådet, med forankring i felles nordisk nytte. Sverige arbeidde i formannskapsperioden sin i 2008 med å følgje opp globaliseringsinitiativet. Formannskapsprogrammet hadde fokus på Norden som føregangsregion på sentrale samfunnsområde som mellom anna teknologiutvikling og forskning og dei perspektiva dette opnar for å styrkje konkurransevna og samtidig minske sosial utanforskap. Utvikling av samarbeidet med Austersjøregionen og Den nordlege dimensjonen var òg viktige samarbeidsområde for den svenske formannskapen. Det vart teke nye initiativ for å styrkje avviklinga av grensehinder.

Den islandske formannskapen legg i 2009 stor vekt på å følgje opp globaliseringsprosjektet til statsministrane, særleg samarbeidet om toppforskingsinitiativet.

Den intra-nordiske dimensjonen er det viktigaste aspektet i det nordiske samarbeidet. Gjennom ministerrådet deltek landa på ulike politikkområde i eit pågåande samarbeid som bidreg til konkret meirverdi for det enkelte landet. Dei nor-

diske institusjonane støttar opp om dette arbeidet. Samarbeidet med frivillige aktørar, ikkje minst Norden-foreiningane, gjev breidd og fordjuping til det nordiske fellesskapet.

I dei seinare åra har ministerrådet òg lagt stor vekt på samarbeid med nabolanda. Det er utvikla eit nært samarbeid med dei andre regionale råda (Arktisk råd, Barentsrådet, Austersjørådet). Den nordlege dimensjonen er eit viktig forum for eit sterkare nordisk samarbeid med Nordvest-Russland.

Meldinga orienterer i kapittel 2 om aktuelle saker i det nordiske samarbeidet. Her vert globali-

sering, grensehinder og Stoltenberg-rapporten trekte fram. Kapittel 3 ser på samarbeidet med nabolanda og dei andre regionale råda, medan kapittel 4 orienterer om nordisk utanriks-, forsvars- og utviklingspolitisk samarbeid. Kapittel 5 er vigd til det faglege samarbeidet.

Rapporten frå den svenske formannskapen i 2008 følgjer ved meldinga som uttrykt vedlegg.

Den norske delegasjonen til Nordisk Råd utarbeider ein eigen rapport som eit separat dokument.



## 2 Aktuelle saker

### 2.1 Globalisering

Globaliseringa knyter verda tettare saman gjennom flyten av varer, tenester, menneske, kapital og informasjon. Internasjonalt samkvem gjev grunnlag for å utnytte dei komparative fortrinna landa har og aukar samtidig teknologi- og idémengda som kvart land kan utnytte. Samtidig har finanskrisa vist at dei same prosessane òg byr på store utfordringar når ein skal møte dei negative sidene av globaliseringa. I tillegg til dei økonomiske konsekvensane finanskrisa har medført, gjev auka menneskeleg aktivitet òg større klimabelastingar som utslepp av klimagassar. Dei største utsleppa finn vi i dag i dei rikaste landa. Noreg og dei andre nordiske landa er difor opptekne av å møte utfordringane frå ein global økonomi og klimaendringar på ein innovativ og offensiv måte. Norden som region har eit sterkt fellesskap i kjerneverdiar som dannar eit unikt utgangspunkt for å freiste å finne felles løysingar på globale utfordringar. Saman kan vi få til meir enn det vi greier kvar for oss. Sentrale nordiske interesser er knytte til velferd, sysselsetjing, vekst og konkurransevne, kultur, utvikling av teknologi og kompetanse – basert på berekraftig utvikling.

Dei nordiske statsministrane la dei overordna føringane for ein fornaya fellesnordisk innsats for å møte globaliseringsutfordringane på sommarmøtet i Punkaharju i juni 2007. Dei politiske satsingane i det nordiske samarbeidet fremjar forskning, innovasjon, klima, energi og miljø. Det har kome forslag om eit nordisk toppforskningsprogram som skal ha fokus på klima, energi og miljø, med helse og velferd som neste steg. Det er lagt fram ei rekkje andre globaliseringsinitiativ, som fremjing av høgare utdanning i Norden, utgreiing av konsekvensane av klimaendringane for primærnæringane, nordisk innspel til klimaforhandlingane 2009, opplæringsplan for ungdom og vaksne, profilering av Norden som senter for kreative industiar, felles nordisk profilering på den asiatiske marknaden og nedbygging av grensehinder mellom dei nordiske landa.

Samarbeidsministrane er ansvarlege for det fortløpande arbeidet, medan generalsekretæren i

Nordisk ministerråd skal koordinere utviklinga av den konkrete innsatsen. Prosessen vert gjennomført i samarbeid med landa, fagministerråda og nordiske institusjonar. Globaliseringsaktivitetane skal i hovudsak finansierast innanfor den gjeldande budsjetttramma i Nordisk ministerråd, men det er venta at det òg vil kome midlar frå andre kjelder. Det er venta at toppforskningsinitiativet vert finansiert gjennom synergikoplingar til næringsliv, EU-program og andre kjelder, i tillegg til nordiske midlar.

Nordisk globaliseringsforum samla statsministrar, politikarar, næringsliv og forskingsmiljø 27.–28. februar utanfor Keflavik i Island. Målsetjinga med forumet var å stimulere til brei diskusjon om ei nordisk tilnærming til utfordringane og sjansane globaliseringa fører med seg. I 2009 var temaet den internasjonale finanskrisa og verknadene ho har på klimapolitikk og innovasjon. Den første dagen av forumet vart innleidd med gjestetalar Kenneth Rogoff, professor ved Harvard University, medan David Carlson, direktør i den internasjonale avdelinga ved Det internasjonale polaråret, gav status for klimaforskinga i nordområda. Plenumsinnlegga vart følgde opp av diskusjonar i arbeidsgrupper der temaet m.a. var «Energi, miljø og innovasjon» og «Progressiv klimapolitikk i krisetider». Det neste globaliseringsforumet vil finne stad under den danske formannskapet i mai 2010.

Nedbygging av nasjonale barrierar for økonomisk verksemd og innbyggjarane sin mobilitet over landegrensene er ei viktig årsak til og drivkraft bak globaliseringa. Dersom ein skal utnytte dei nordiske styrkeposisjonane i ein global kontekst, er det ein føresetnad at arbeidet med å fjerne grensehinder mellom landa i Norden vert intensivt.

Den nordiske velferdsmodellen er under stadig større press. Det er særleg den demografiske utviklinga som gjev store samfunnsoppgåver som må løysast. Den yrkesaktive delen av befolkninga vert redusert, samtidig som talet på eldre aukar. Landa står overfor felles utfordringar med å hindre utstøying frå arbeidslivet. Landa vil difor arbeide for å vidareutvikle den nordiske velferdsmodellen slik at han framleis kan vere ein attraktiv

modell også sett frå land utanfor den nordiske kretsen.

Omsorgsoppgåvene aukar, samtidig som det er ein underkapasitet på kvalifisert personell. Globaliseringa har ført til auka mobilitet av arbeidskraft. Utviklingsland opplever ein kritisk mangel på helsepersonell som følgje av at eige helsepersonell vert rekruttert til betre betalte stillingar i rike land. Desse utfordringane må vi i Norden vere spesielt merksame på. Den norske regjeringa har forplikta seg til å føre ein politikk som motverkar straumen av kvalifiserte helsearbeidarar frå fattige land.

Ministerrådet for sosial- og helsepolitikk vil ha eit sterkt fokus på satsingane innanfor helse og velferd i globaliseringsarbeidet. Frå norsk side er vi opptekne av å setje søkelyset på både fortrinn og utfordringar for den nordiske velferdsmodellen, mellom anna korleis ein kan sikre at menneske i utkanten av arbeidsmarknaden kan bli inkluderte. Som ein del av globaliseringsarbeidet overleverte embetsmannskomiteen for helse- og sosialsaker våren 2009 innspel til ein idékatalog til samarbeidsministrane (MR-SAM). I rapporten vert det gjort framlegg om prosjekt som særleg fokuserer på Norden som eit inkluderande velferdssamfunn der målsetjinga er å inkludere vanskelegstilte grupper på arbeidsmarknaden, og på Norden som frontspelar for førebyggjande arbeid og intervensjon.

Kjernen i det framtidige nordiske regionalpolitiske samarbeidet ligg i å aktivt møte utfordringane globaliseringa fører med seg, gjennom eit nært samvirke mellom ulike vedtaksnivå og sektorar. Slik kan ein på ein berekraftig måte styrkje utviklingspotensialet til dei nordiske landa på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Ei viktig oppgåve framover vert òg å profilere dei sterke sidene ved den nordiske modellen. I mange land fører økonomisk vekst til aukande polarisering. Dette gjev grunnlag for spenningar. Evna den nordiske modellen har til å balansere vekst med berekraft, utgjer difor ein viktig budskap ut over Nordens grenser.

Globaliseringsinitiativet som er lansert av dei nordiske statsministrane, understrekar kor viktig det er at Norden satsar på kunnskap og forskning for å styrkje regionen overfor utfordringane og sjansane internasjoniseringa fører med seg. Det nordiske forskingssamarbeidet skal styrkje stillinga til Norden som forskingsområde, basert på felles nasjonale prioriteringar og ved å kople saman nasjonale finansieringskjelder, og det skal òg styrkje Norden som plattform for internasjonalt samarbeid. Noreg har støtta opp om NordForsk og NICE (Nordisk InnovationsCenter) som dei sen-

trale arenaene i toppforskningsinitiativet. Satsingane er i tråd med norske prioriteringar innanfor klima og energi. Innanfor høgare utdanning vert Nordisk master-programmet ført vidare med nye utlysingar.

Kulturministrane vedtok i oktober 2008 ein operativ globaliseringsstrategi for det nordiske kultursamarbeidet: Det kreative Norden. Strategien tek utgangspunkt i statsministererklæringa frå Punkaharju om å skape eit meir synleg Norden. Dei nordiske institusjonane er ansvarlege for prosjekt som er nedfelte i strategien til kulturministrane. Dei skal i løpet av 2009 førebu gjennomføringa i 2010. «Nordisk kultur i verda» er det globaliseringsinitiativet på kulturfeltet som det er føreslått å ta med i det overordna globaliseringsinitiativet frå ministerrådet. «Nordisk kultur i verda» har som hovudmål å profilere nordisk kultur utanfor Norden og omfattar nordisk film i Toronto, nordisk arkitektur i Shanghai og nordisk litteratur i Paris. Prosjekta skal gjennomførast i perioden 2009–2011.

## 2.2 Grensehinder

Nedbygging av grensehinder er eit viktig satsingsområde i det nordiske regjeringssamarbeidet. Trass i eit nært nordisk regjeringssamarbeid om dette gjennom mange år står det framleis mange hinder att. Grensehinder er negative for den enkelte innbyggjaren, for næringsverksemd og for samfunnsøkonomien. I ei tid der stadig fleire nordiske borgarar driv med grensekryssande aktivitetar som arbeid, næringsverksemd, studium og anna, møter mange av dei hindringar som skaper utfordringar i kvardagen.

Føremålet med å byggje ned grensehinder er å medverke til ein tettare samordning mellom dei nordiske landa, å gjere kvardagen enklare for dei som kryssar grensene i Norden og i størst mogeleg grad å skape eit «grenselaust» Norden, m.a. for å bidra til å styrkje velferda og ein berekraftig økonomisk vekst.

Fullstendig nedbygging av grensehinder er verken realistisk eller ønskeleg, fordi dei nordiske landa har ulike lover og regelverk på mange område. Det ein kan arbeide for der hindra ikkje kan fjernast, er å få til ein større grad av harmonisering. Utfordringa blir difor å fjerne grensehinder der det er mogeleg, og å redusere konsekvensane av hinder mellom dei nordiske landa der dei ikkje kan fjernast. Det må leggjast særleg vekt på å unngå at det oppstår nye grensehinder. Endeleg er det ikkje minst viktig å sørgje for at informasjon

om relevante regelverk er lett tilgjengeleg for nordiske innbyggjarar.

Der det er nye reglar eller lovar har samarbeidsministeren og justisministeren i eit felles brev oppfordra departementa om å gjere greie for retts-tilstanden i dei nordiske landa på dei områda som forslaga til nye reglar gjeld. I brevet vert det særleg framheva at proposisjonar bør ha med ei vurdering av om forslaget kan tenkjast å skape grensehinder i Norden.

#### *Grensehinderforum*

Dei nordiske statsministrane vedtok på sommar-møtet i Punkaharju i juni 2007 å styrkje innsatsen for å fjerne hinder som innbyggjarar støyter på i nordisk samhandling.

Samarbeidsministrane etablerte Grensehinderforum hausten 2007, som ei oppfølging til dette. Forumet er samansett av framståande representantar frå dei nordiske landa og dei sjølvstyrte områda (Grønland, Færøyane, Åland) og skal identifisere, prioritere og finne løysingar på hinder som den enkelte eller næringslivet møter. Forumet arbeider sjølvstendig og uavhengig og kan ta opp enkeltsaker. Grensehinderrepresentantane tek direkte kontakt med politikarar og embetsverket i departementa. Forumet møtest regelmessig for å drøfte og finne løysingar på dei problema som eksisterer. Informasjon til nordiske borgarar om regelverk og om kvar dei kan finne svar på spørsmål, er ein viktig del av arbeidet. I tillegg legg forumet stor vekt på arbeidet for å hindre at det oppstår nye grensehinder, anten som følgje av nasjonal lovgjeving eller gjennom implementering av EU-direktiv.

Leiaren for Grensehinderforum, den finske ambassadøren Ole Norrback, rapporterer årleg til statsministrane om statusen for arbeidet. Den norske representanten er tidlegare statsråd og nordisk samarbeidsminister Bjarne Mørk-Eidem. Han tek opp grensehindersaker med politikarar og høgare embetsmenn på ei rekkje område og har i denne perioden i tillegg hatt spesielt fokus på arbeidet med å unngå at det oppstår nye hinder.

Som hjelp for Grensehinderforum er det òg etablert ei norsk-svensk arbeidsgruppe under leiding av grensehinderrepresentantane for dei to landa. Målsetjinga er å hente fram døme på konkrete bilaterale grensehinder og kome med forslag til løysingar.

#### *Trygdeområdet*

Nokre døme på saker Grensehinderforum har sett på innanfor trygdeområdet, er:

- a) sjølvstendige rettar for fedrar til foreldrepenngar frå Noreg
- b) problem med å få dagpenngar for arbeidsledige grensearbeidarar i Sverige ved overgang til delvis sjukemelding i Noreg
- c) problem knytte til alderspensjon (ulik pensjonsalder)
- d) forskjellane mellom landa når det gjeld fastsetjing av uførleik og avgjerd om retten til uførepensjon, inkludert reglane om at rehabilitering og attføring skal vere gjennomført

Når det gjeld retten til uførepensjon, har det kome framlegg om å la vurderinga av uføregrad i eitt land gjelde også i eit anna nordisk land. Dette er eit ønske om harmonisering av regelverket innanfor Norden, som mellom anna kom til uttrykk i Nordisk Råds rekommandasjon nr. 5/2003. Det er òg foreslått å overlata til bustadlandet å vurdere om attføring skal reknast som fullført.

Den nordiske sosialforsikringsgruppa (trygdegruppa) har fleire gonger vurdert denne problemstillinga. Det er store forskjellar mellom reglane og kriteria i dei ulike landa, og ein kan difor ikkje utan vidare leggje til grunn samanfall i fastsetjing og gradering av uførleiken.

I meldinga frå i fjor vart det peika på at ei harmonisering av uførekriteria reiser mange spørsmål av budsjettmessig og lovgjevingsmessig art. I dei nordiske landa har ein dei seinare åra generelt lagt vekt på å unngå varig pensjonering og å hjelpe den enkelte tilbake i arbeid. Slik saka står no, er det ikkje realistisk å tru at ein skal få til ei samanfalle uførevurdering i landa, der landa skal godta vurderingane til kvarandre på dette punktet. Det er kome signal om at dette ikkje er aktuelt.

Den nordiske sosialforsikringsgruppa (trygdegruppa) har på denne bakgrunnen konkludert med at både ulikt lovgrunnlag og ulike vurderingsprinsipp gjer at det er vanskeleg å overføre rettar direkte og å harmonisere regelverket på dette området i dei nordiske landa. Gruppa har difor sett det som desto viktigare å konsentrere innsatsen om administrative forenklingar og forbetringar, og på initiativ frå gruppa er det utvikla ein samarbeidsmodell for å styrkje den administrative samhandlinga og få i stand ei meir samkøyr, raskare og meir effektiv handsaming av desse sakene innanfor Norden.

Målet er at saksopplysingane ved oversending til eit anna land skal vere omfattande nok til å

dekkje krava i mottakarlandet. Dette vil kunne gje gode resultat på relativt kort sikt.

- e) problem med (svensk) arbeidsgjevaravgift ved arbeid i to land samtidig, til dømes på begge sider av Øresund

Når det gjeld problemet med svensk arbeidsgjevaravgift for danske arbeidsgjevarar i Øresund-regionen, har ein frå dansk side endra skattelovgjevinga slik at det kan gjevast skattefritak i Danmark for arbeidstakarar som overtek arbeidsgjevaransvaret for innbetaling av avgift til Sverige.

Medlemene av ministerrådet for sosial- og helsepolitikk (MR-S) vart i juni 2008 einige om at det nordiske e-helseforumet skulle utarbeide ein handlingsplan for å finne fram til ei nordisk fellesløyning for elektroniske reseptar (e-reseptar). Føremålet var å utarbeide eit system slik at elektroniske reseptar som er skrivne ut i eit nordisk land, skal kunne hentast ut ved apotek i alle andre land i Norden. Eit slikt felles nordisk e-reseptsystem inneber konkret nordisk nytte gjennom lansering av ei teneste som er nært knytt til folk sine behov, og som er til hjelp i kvardagen for mange nordiske borgarar som grensependlar dagleg, eller som regelmessig ferierer i Norden. MR-S vedtok på sitt møte i juni 2009 å arbeide vidare med å finne ei nordisk fellesløyning på e-reseptar.

I tillegg har grensehinderforumet oppfordra embetsmannskomiteen for sosial- og helsepolitikk (EK-S) om å følgje opp fire konkrete saker:

- koordinert nordisk implementering av det komande pasientmobilitetsdirektivet frå EU
- koordinering av nordiske uførepensjonar/førtidspensjonar (sjå ovanfor)
- trygdetilknytning for personar med arbeid i to nordiske land samtidig (sjå ovanfor)
- informasjon om gjeldande reglar ved usemje mellom landa om ansvaret i ei sak

Oppfølginga av desse sakene skal diskuterast vidare i ministerrådet for sosial- og helsepolitikk (MR-S) i løpet av 2009.

#### *Nordisk samferdselssektor*

Når det gjeld internasjonal transport på jernbane, er det ingen større grensehinder mellom Noreg og Sverige. Ein avtale om gjensidig godkjenning av lokomotivførarar og stor likskap mellom jernbanesystema har saman med RIV/RIC-sertifisering av rullande materiell leidd til ei relativt ukomplisert grensepassering mellom landa. Dei fleste togselskapa har rett til å bruke forenkla transittprosedyrar. Dei grensehindra som finst, er knytte

til dei administrative prosedyrane *før* toget kan trafikkere i nabolandet (førespurnad om godkjenning av selskap og materiell m.m.) og forskjellige driftsreglement. Eit svensk-norsk prosjekt har identifisert dei ulike prosedyrane som er nødvendige ved gjensidig godkjenning av mobilt utstyr for bygging og vedlikehald av jernbanenettet. Føremålet er å gjere desse prosedyrane enklare og likare.

Felles nordisk anleggsmarknad – GNA-prosjektet vert avslutta, og arbeidet vert ført vidare i eit nettverkssamarbeid mellom Vägverket (Sv), Banverket (Sv), Vägförvaltningen (Fi), Vejdirektoratet (Dk), Jernbaneverket (No) og Statens vegvesen (No). Nettverk mot bransjen vert koordinerte gjennom NVF (Nordisk Vegforum). Jernbanesida er invitert til å delta i NVFs bransjearbeid. Det skal leggjast vekt på opne seminar der bransje og andre byggherrar og samarbeidspartnarar vert bedne om å delta.

Det skal etablerast kontakt mot Nordisk ministerråds grensehinderforum for å få fram tiltak som reduserer grensehinder innanfor anleggsområdet.

Det er viktig med gode grensesamband med samordna standard. Samferdselsdepartementet og Næringsdepartementet i Sverige har gjeve dei respektive vegadministrasjonane i oppdrag å kartleggje grenseoverskridande infrastruktur mellom landa. Ein viktig del av dette er utgreiing av hovudvegsambandet E16 Oslo–Gävle (NTP 2010–2019, St.meld. nr. 16 s. 239).

#### *Høgare utdanning*

Den nordiske avtalen om tilgang til høgare utdanning er sentral i arbeidet med å byggje ned grensehinder. Denne avtalen sikrar at søkjarar som er busette i eit nordisk land, får tilgang til offentleg høgare utdanning i eit anna nordisk land på same eller likeverdige vilkår med landets eigne søkjarar. Det er vedteke å forlengje avtalen, som går ut ved årsskiftet 2009/10, for ein ny treårsperiode.

#### *Informasjon*

*Hallo Norden* ([www.hallo-norden.org](http://www.hallo-norden.org)) er Nordisk ministerråds informasjonsteneste om grensehinder i Norden. Hallo Norden kartlegg og identifiserer manglar ved dei nordiske regelverka og hjelper personar og småbedrifter med informasjon.

*Grensetenesta i Morokulien* ([www.grensetjenesten.no](http://www.grensetjenesten.no)) held fram med arbeidet med å hjelpe personar og lokalbedrifter for å lette økonomisk aktivitet og vekst på begge sider av grensa. Verksemda vert finansiert frå norsk side m.a. frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Kommunal- og regio-

naldepartementet og Nærings- og handelsdepartementet.

I oktober 2008 vart det etablert ein søkbar database over alle kjende nordiske grensehinder. Adressa er [www.gransehinder.norden.org](http://www.gransehinder.norden.org).

Dessutan er det etablert to nordiske Internettportalar for informasjon på trygde- og skatteområdet:

*Trygdeportalen.* I 2008 vart det oppretta ein brukarretta Internett-portal om trygdeytningar i Norden ([www.nordsoc.org](http://www.nordsoc.org)). Portalen blir oppdatert fortløpande av informasjonfaglege ekspertar frå trygde- og velferdsetatane i medlemslanda. Målet er at brukarane skal kunne finne fram til rett styresmakt i rett land og vere godt førebudde før kontakten med styresmaktene.

*Skatteportalen.* På Nordisk eTax ([www.nordisketax.net](http://www.nordisketax.net)), som er utvikla i samarbeid med Nordisk råd og skattestyresmaktene i Norden, ligg det informasjon om skattereglane i dei ulike landa.

## 2.3 Organisering av det nordiske samarbeidet

### *Statsministrane*

Statsministrane har det overordna ansvaret for det nordiske regjeringssamarbeidet. I tillegg til nær og kontinuerleg kontakt om nordiske og andre internasjonale spørsmål har statsministrane regelmessige møte. På dagsordenen står både nordiske, europeiske og andre internasjonale spørsmål. Sidan den førre stortingsmeldinga om nordisk samarbeid har det vore tre nordiske statsministermøte. Det første fann stad i samband med sesjonen i Nordisk Råd i Helsingfors, det andre under Nordisk globaliseringsforum i Keflavik 27.–28. februar 2009, og det siste var eit uformelt sommarmøte 15.–16. juni i Egilsstaðir på Aust-Island.

Særleg på møtet som er knytt til sesjonen, står nordiske spørsmål høgt på dagsordenen. Under sesjonen er det òg møte med Nordisk Råds presidium og med representantar for dei sjølvstyrte områda. Det neste nordiske statsministermøtet finn stad i samband med sesjonen i Nordisk Råd i Stockholm 27.–29. oktober 2009.

Statsministrane har på nytt understreka engasjementet sitt for ein samla innsats i møtet med ei globalisert verd. Generalsekretæren i Nordisk ministerråd orienterte om framdrifta i globaliseringsinitiativet under sesjonen. På sommarmøtet presenterte han forslag til nye prosjekt innanfor helse og velferd, kultur og kreativitet, transport og energi, i tillegg til finansspørsmål.

På sesjonen la òg Grensehinderforum fram status for arbeidet med å avvikle grensehinder i Norden.

*Samarbeidsministrane, budsjett og administrasjon*  
Samarbeidsministrane møtest fem gonger i året, i 2009 under den islandske formannskapet. Fornyings- og administrasjonsminister Heidi Grande Røys har vore nordisk samarbeidsminister sidan oktober 2005.

Samarbeidsministrane koordinerer det nordiske regjeringssamarbeidet. Eit viktig ansvarsområde er ministerrådsbudsjettet og økonomistyring. Budsjettet til Nordisk ministerråd for 2008 var på 910 millionar danske kroner. Noregs del av landas tilskot var 26,6 %. Fordelingsnøkkelen vert rekna ut med utgangspunkt i delen dei respektive landa har av den samla nordiske bruttonasjonalinntekta.

Etter handsaming i budsjettgruppa i Nordisk Råd og med semje i Nordisk Råd vart budsjettet for Nordisk ministerråd for 2009 fastsett til 907 millionar danske kroner. 60 millionar kroner vart sett av til globaliseringsprosjekta. Den norske delen av budsjettet er i 2009 på 27,4 % av landa sine tilskot.

I budsjettforslaget for 2010 er det gjort framlegg om å halde budsjettet på same nivå som i 2009, 907 millionar danske kroner i 2009 prisar. Forslaget frå generalsekretæren om at globaliseringsinitiativa skal førast vidare i 2010 med 70 millionar danske kroner, vil føre til pro rata reduksjonar på 1,3 % innanfor dei fleste sektorområda i budsjettet.

Samarbeidsministeren prioriterte svært høgt å få etablert ei ordning med støtte til islandske forskarar og studentar i dei nordiske landa og støtte for å sikre islandsk deltaking i nordiske møte. Det er sett av 7,2 millionar danske kroner til dette innanfor budsjetttramma i 2009 og i 2010.

### *Stillinga til dei sjølvstyrte områda i det nordiske samarbeidet – Grønland, Færøyane og Åland*

Samarbeidsministrane vedtok på møtet på Åland i september 2007 å styrkje deltakinga til dei sjølvstyrte områda i det nordiske samarbeidet innanfor ramma av Helsingforsavtalen. Nordisk Råd slutta seg til det såkalla Ålandsdokumentet under Nordisk Råds 59. sesjon i Oslo i oktober 2007.

Ålandsdokumentet inneber at dei sjølvstyrte områda på visse område vert likestilte med dei nordiske landa når det gjeld arbeidet i Nordisk ministerråd. Mellom anna kan dei vere leiarar av ministermøte, i embetsmannskomitear og arbeidsgrupper. Helsingforsavtalen vert tolka, men ikkje endra, slik at landsstyra og landskapsregjeringa, innanfor ramma av kompetansen dei har, får rett til

å vere adressatar for og svare på rekommandasjonar og spørsmål frå Nordisk Råd. I stor grad var dette allereie ein realitet.

Ålandsdokumentet gjev òg dei sjølvstyrte områda høve til å søkje om full medlemskap i nordiske institusjonar og samarbeidsorgan. Dokumentet stadfester at dette er mogeleg dersom området har ei «særskilt og påviseleg interesse» for institusjonen. Dei sjølvstyrte områda har det siste året meldt inn kva for institusjonar dei er særskilt interesserte i å delta i med stemmerett.

#### *Ottosson-rapporten – reformer i det nordiske samarbeidet*

Dei nordiske samarbeidsministrane vedtok somaren 2008 å evaluere reforma frå 2005 og gav oppdraget til den svenske ambassadøren Stellan Ottosson. Føremålet er å gjere samarbeidsformene smidigare og meir effektive og på sikt å styrkje politisk fokusering. Ottosson la fram tolv framlegg til forbetringar. Samarbeidsministrane har handsama rapporten og har bedt fagministerråda om å diskutere og vurdere forslaga for å effektivisere møta sine.

## **2.4 Stoltenberg-rapporten**

Regjeringa legg stor vekt på å styrkje det nordiske utanriks- og tryggingpolitiske samarbeidet som ein viktig arena for å fremje norske og felles nordiske interesser. Tilhøva ligg i dag godt til rette for eit utvida samarbeid. Utviklinga dei siste 15 åra i dei nordiske landa, i nærområda og internasjonalt elles har ført til eit veksande handlingsrom og potensial for nordisk samarbeid. Den politiske og operative tydinga av den utanriks- og tryggingpolitiske hovudforankringa dei nordiske landa har gjennom medlemskap i NATO og EU, inneber i dag handlefridom i like stor grad som restriksjonar for nordisk samarbeid. I realiteten kan samarbeid mellom dei nordiske landa på tvers av dette i mange sentrale spørsmål no supplere og styrkje forankringa og engasjementet landa har i NATO og EU. Dette vert underbygd av fleksibiliteten i dei nordiske landa til å samarbeide i ulike konstellasjonar av to til fem land avhengig av interesser og omstende, samtidig som det er semje om å vidareføre prinsippet om femlandssamarbeid som hovudtanke og grunnleggjande målsetjing.

Med dette som utgangspunkt fekk tidlegare utanriksminister og forsvarsminister Thorvald Stoltenberg i juni 2008 i oppdrag frå dei fem nordiske utanriksministrane å utarbeide ein rapport

med forslag til korleis ein kan styrkje nordisk utanriks- og tryggingpolitisk samarbeid. Han vart oppfordra til å gå mykje lenger i tilrådingane sine enn det i utgangspunktet var realistisk å vente at regjeringane kunne følgje opp. Stoltenberg vart assistert av utvalde ressurspersonar i kvart land og gjennomførte omfattande konsultasjonar med dei politiske miljøa og embetsverka i landa. Han vart møtt med stor openheit og vilje til substansielle drøftingar.

Stoltenberg presenterte rapporten sin på eit ekstraordinært nordisk utanriksministermøte som vart halde for dette føremålet, på ein pressekonferanse i Oslo (Voksenåsen) 9. februar 2009. I rapporten la han fram 13 konkrete forslag til å styrkje det nordiske samarbeidet. På møtet uttrykte alle utanriksministrane stor interesse for rapporten og understreka at dei ikkje utelukka nokon av forslaga og ville vurdere alle saman. Det var semje om å setje i verk ein grundig nasjonal og nordisk gjennomgang av forslaga, i første omgang fram til neste regulære nordiske utanriksministermøte våren 2009. På norsk side vart det lagt vekt på eit nært samarbeid mellom vedkomande departement og instansar i gjennomgangen av forslaga, i første rekkje FD, JD og NHD.

Rapporten fekk i tillegg brei omtale i dei nordiske media og var med på å auke merksemda om nordisk samarbeid.

Rapporten vart handsama på nordiske embetsmøte i mars, april, mai og juni, og på eitt av desse møta deltok både UD og FD. Nasjonalt og nordisk var merksemda retta mot utarbeidinga av eit opplegg for den vidare oppfølginga på det nordiske utanriksministermøtet i Reykjavik den 9. juni 2009. Stortinget vart orientert om arbeidet i samband med EU og EØS-utgreiinga til utanriksministeren den 5. mai 2009.

På utanriksministermøtet var det ein svært nyttig og substansiell dialog om nasjonale og nordiske føresetnader for og utsikter til eit konkret og styrkt utanriks- og tryggingpolitisk samarbeid. Tradisjonelt har tyngdepunktet i dialogen på utanriksministermøta lege på meiningsutveksling og samarbeid om internasjonale tilhøve utanfor Norden, medan landa denne gongen først og fremst diskuterte samarbeid seg i mellom. Dette er eit viktig overordna utslag av det auka samarbeidsrommet kombinert med handsaminga av Stoltenberg-rapporten. På møtet vart det semje om ei nordisk ministererklæring som no utgjer hovudgrunnlaget for oppfølginga av Stoltenberg-rapporten. Det vart gjort greie for arbeidet med Stoltenberg-rapporten på det nordiske statsministermøtet i Egilsstaðir 14. juni.

Den nordiske utanriksministererklæringa gjev ei rekkje perspektiv, prinsipp og konkrete oppfølgingspunkt for arbeidet framover.

Hovudprinsippet om femlandssamarbeid parallelt med fleksibelt samarbeid i ulike konstellasjonar av to til fem land er nemnt ovanfor. Eit samarbeid med land utanfor Norden vil bli vurdert når det er føremålstenleg. Det gjeld spesielt dei baltiske landa og andre naturlege samarbeidspartnarar som USA, Canada og Russland. Saka vart diskutert på nordisk-baltisk utanriksministermøte 20.–21. august.

Det vil vere føremålstenleg at ein primært nyttar eksisterande forum for vurdering og gjennomføring av aktivitetar. Arbeidet i kjølvatnet av Stoltenberg-rapporten synte at det allereie er sett i gang eit breitt og omfattande nordisk samarbeid på ei rekkje område som rapporten tek opp, og også på ei rekkje andre relaterte felt. Eksisterande samarbeidsstrukturar vil som regel vere best eigna til å handsame nye forslag og sjå dei i samanheng med eksisterande verksemd. På denne måten unngår ein òg koordineringsproblematikk, dobbeltarbeid og overlapping.

Det nordiske samarbeidet skal utfylle og gjerne styrkje forpliktingane og samarbeidet til dei nordiske landa i EU, NATO og OSSE. Samtidig er det viktig å ta omsyn til FN som eit sentralt rammeverk for å møte internasjonale utfordringar.

Når det gjeld forslaget i Stoltenberg-rapporten om ei nordisk solidaritetserklæring, slår utanriksministererklæringa fast at det på grunnlag av felles interesser og geografisk nærleik er naturleg at dei nordiske landa vil samarbeide om å møte utanriks- og tryggingsspolitiske utfordringar i ei solidarisk ånd.

Tidsperspektivet er viktig. Somme av forslaga i Stoltenberg-rapporten kan følgjast opp med det same, medan andre spørsmål må sjåast i eit meir langsiktig perspektiv. Saker som skal følgjast opp med det same, er krisehandtering, luftovervaking over Island og kommunikasjonar, satellittenester, digital tryggleik, samarbeid mellom utanriksstasjonane og militært samarbeid på område som transport, sanitet, utdanning, materiell og øvingsfelt.

I denne samanhengen kan følgjande oppfølgingspunkt framhevast:

- Dei nordiske landa skal arbeide for ei heilskapleg tilnærming til *konfliktforebygging, krisehandtering og post-konfliktstabilisering*. Det skal m.a. vurderast å setje i verk eit nærare samarbeid om opplæring og utdanning og auke innsatsen for å støtte FN-operasjonar.
- Noreg og Danmark deltek allereie i *luftovervaking over Island* i NATO-regi. Sverige og Fin-

land skal sjå nærare på om dei kan delta i relevante aktivitetar.

- Noreg skal formidle informasjon til dei andre nordiske landa om forarbeidet knytte til eit mogleg system for sivil, maritim overvaking av dei nordlege havområda (BarentsWatch). Dersom BarentsWatch vært etablert, kan det vere aktuelt på sikt å invitere andre nordiske land til å delta. Det er allereie eit samarbeid om havovervaking i Austersjøen, og det vert lagt opp til kontakt og informasjonsutveksling i samband med dette.
- Det er etablert ei ekspertgruppe med fagstyresmakter frå nordiske land som skal sjå nærare på korleis ein kan utnytte tilgjengelege *satellitressursar*. Ekspertgruppa skal vurdere nordiske fellesinteresser og forslag til vidare arbeid.
- Klimaendringar i Polhavet kan opne for auka menneskeleg aktivitet i Arktis som skipsfart, turisme, olje- og gassutvinning m.m. Dette aktualiserer auka kystvaktnærvær, m.a. for *søk- og redningskapasitet*. Samarbeid med andre land er viktig i denne samanhengen, og ministermøtet i Arktisk råd i Tromsø i april 2009 vedtok å opprette ei arbeidsgruppe som fram til neste ministermøte (2011) skal utvikle ein internasjonal reiskap for samarbeid om søk- og redningsoperasjonar i Arktis. Arbeidet med å kartleggje om samarbeidet om kriseberedskap i NORDRED kan styrkjast, skal følgjast opp, også innanfor ramma av det nyetablerte nordiske kriseberedskapssamarbeidet i regi av justisministrane.
- Det er òg andre utfordringar i *Arktis og nordområda* som aktualiserer eit styrkt nordisk samarbeid. Noreg, Danmark og Sverige samarbeider difor nært om etterfølgjande formannskap i Arktisk råd. Landa skal samarbeide for å fremje oppfølginga av Tromsø-erklæringa frå Arktisk råd, t.d. i internasjonale forum som IMO. Dei skal dessutan leggje spesiell vekt på klimaendringar i Arktis i førebuingane til og oppfølginga av klimatoppmøtet i desember.
- Eit nordisk samarbeid om *digital tryggleik* er aktuelt, t.d. for å fremje sikker kommunikasjon mellom landa for å møte digitale tryggleiksutfordringar. Det er etablert ein dialog mellom dei ansvarlege fagstyresmaktene i Norden om dette.
- Noreg skal vurdere eit initiativ overfor dei andre nordiske landa for eit styrkt samarbeid om straffeforfølgning av *krigsforbrytarar*.
- Samarbeidet mellom *utestasjonane* til dei nordiske landa skal styrkjast på område som politiske og økonomiske tilhøve, konsulære saker, administrasjon, kultur, handel og næringsliv.

- Forslaga til styrkt nordisk *forsvarspolitisk og militært samarbeid* tok i stor grad utgangspunkt i det omfattande eksisterande samarbeidet mellom landa i regi av forsvarsministrane. Område der det kan vere føremålstenleg å samarbeide, omfattar mellom anna transport, sanitet, utdanning, materiell og øvingsfelt. Forsvarsministrane skal dessutan konsolidere den nordiske samarbeidsstrukturen for fredsoperasjonar, kapasitetsutvikling, materiell, styrkeproduksjon, logistikk og støttefunksjonar for å styrkje koordineringa og effektivisere samarbeidet.

Når det gjeld det vidare oppfølgingsarbeidet i kjølvatnet av Stoltenberg-rapporten og den nordiske utanriksministererklæringa av 9. juni, skal UD og andre vedkomande departement og fagstyresmakter følgje opp saksfelte på sine respektive ansvarsområde. Utanriksministrane skal haldast fortløpande orienterte om framdrifta og har bedt om at spørsmålet vert sett på dagsordenen på komande regulære nordiske utanriksministermøte. Saka er dessutan venta å verte tema i plenum på sesjonen i Nordisk Råd hausten 2009.

Den nordiske utanriksministererklæringa av 9. juni 2009 er lagd ved.



## 3 Norden og nabolanda

### 3.1 Nordisk ministerråd og samarbeidet med nabolanda

Nabolandspolitikken til ministerrådet omfattar samarbeid med Nordvest-Russland, Estland, Latvia og Litauen, i tillegg til dei andre regionale råda: Barentsrådet, Austersjørådet og Arktisk råd. Samarbeidet omfattar òg innsats overfor Kviterussland.

Aktivitetane kjem i tillegg til nasjonal innsats og til bidrag frå andre organ. Føremålet er å styrkje dialogen mellom dei nordiske landa og nabolanda. Dei skal konsentrerast til område der det nordiske samarbeidet gjev ein meirverdi og medverkar til betre samordning av aktivitetar.

Frå norsk side legg vi stor vekt på å styrkje dialogen og samarbeidet Nordisk ministerråd har med Nordvest-Russland. Nordisk ministerråd har eit eige Russlandsprogram med fokus på nettverksbygging og kunnskapsoverføring. Programmet rettar seg mot organisasjonar og styresmakter i Norden og Russland. Ministerrådet har hovudkontor for Russland i St. Petersburg, med underkontor i Kaliningrad, Murmansk, Arkhangelsk og Petrozavodsk. Russlandssamarbeidet til ministerrådet er knytt tett opp til EUs politikk og støttar opp om Den nordlege dimensjonen der ministerrådet er partner. Nordisk ministerråd deltek aktivt i partnerskapen for helse og livskvalitet og støttar partnerskapen for miljø.

Det er etablert prosjekt innanfor lokal forvaltning, kamp mot menneskehandel, utvikling av sosial- og helsevesen og frivillige organisasjonar. Samarbeidet er basert på nye retningslinjer for 2009–2013 som er godkjende av samarbeidsministrane.

Dei nordiske landa støttar ei demokratisk utvikling i Kviterussland. Nordisk ministerråd samarbeider aktivt med EU om demokratistøtte gjennom eksiluniversitet European Humanities University (EHU) for kviterussiske studentar i Vilnius. Samarbeidsministrane vedtok i juni 2008 å etablere eit internasjonalt fond for EHU for å sikre betre koordinering av støtta og for å trekkje til seg fleire donorar. Fondet vert administrert av sekretariatet i Nordisk ministerråd i nært samarbeid med EHU.

Ministerrådet forvaltar i tillegg eit stipendprogram for unge kviterussarar som av politiske årsaker ikkje kan gjere ferdig utdanninga si i Kviterussland og difor studerer ved universiteta i Ukraina.

Samarbeidsministrane vedtok i november 2008 nye retningslinjer for samarbeidet mellom Nordisk ministerråd og Estland, Latvia og Litauen 2009–2013. Samarbeidet skal vere fokusert og basert på likeverd. Det skal byggje på felles verdier som demokrati, god forvaltningsskikk og likestilling, ytringsfridom og toleranse. Det vert slått fast at kultursamarbeid kan verke som eit bindemiddel i nordisk-baltiske relasjonar. Det vil vere ei prioritert oppgåve å byggje vidare på det samarbeidet som allereie er effektivt og veletablert. Her kan ein spesielt nemne utdanning, forskning og innovasjon, næringsliv med klyngesamarbeid og kreative industrier. Andre viktige samarbeidsområde er miljø, klima og energi, dei grenseoverskridande utfordringane ved velferdssamfunnet og grenseregionalt samarbeid både nordisk-baltisk og i relasjon til andre naboland – inkludert Kviterussland.

Nordisk Atlantsamarbeidet (NORA) set i 2009 spesielt fokus på klimaendringane og verknadene dei vil ha for den havbaserte økonomien i samarbeidslanda. Den islandske formannskapet i Nordisk ministerråd har òg eit spesielt fokus på samarbeidet i Vest-Norden og tilhøva i denne regionen. Dette inkluderer også samarbeid med NORAlanda Skottland og Canada.

#### **Aktivitetar innanfor ulike fagsektorar**

##### *BEATA – Barents European Arctic Transport Area*

Under den finske formannskapet i 2007 vart det lagt stor vekt på å konkretisere arbeidet gjennom deltaking i Interreg-prosjektet Sustainable Transport in the Barents Region (STBR). Prosjektet vart leidd av Norrbottens län, og både nasjonale og regionale transportstyresmakter deltok som partnarar. Gjennom prosjektet vart det utarbeidd ei rekkje studium og analysar av transportinfrastrukturen og transportstraumane i Barentsregionen. Det er søkt om midlar til ei vidareføring av STBR-prosjektet i 2009. Frå norsk side er det teke initiativ gjennom Nasjonal transportplan 2010–2019 til å utarbeide ei utgreiing av transportsyste-

met i nordområda som skal omfatte dei fire landa. Ein tek sikte på å setje i gang utgreiinga i 2010. Både BEATA- og STBR-prosjektet kan vere viktige støttespelarar og bidragsytarar til arbeidet. Russland har formannskapet i BEATA i perioden 2007–2009.

#### *Partnerskapen for transport og logistikk i Den nordlege dimensjonen (ND TLP)*

På utanriksministermøtet i Den nordlege dimensjonen i St. Petersburg oktober 2008 kom ein fram til prinsipiell semje om å etablere ein partnerskap for transport og logistikk innanfor ramma av Den nordlege dimensjonen. Det vart underteikna eit memorandum i 2009 av transportministrane i Noreg, Russland, Kviterussland, Sverige, Finland, Danmark, Polen, Tyskland, Estland, Litauen og Latvia. Island har signalisert at dei eventuelt vil ta del i partnerskapen på eit seinare tidspunkt. Partnerskapen skal etter planen vere operativ frå 1. januar 2010. Føremålet med partnerskapen er å bidra til å forbetre transportsambandet og logistikken mellom partnerlanda på ein slik måte at det stimulerer til berekraftig økonomisk vekst. Utarbeiding og rullering av ein handlingsplan for grensekryssande utbygging av infrastruktur og såkalla horisontale tiltak, mellom anna teknisk og administrativ forenkling og standardisering, er hovudinstrumenta til partnerskapen.

Partnerskapen skal ikkje erstatte eksisterande samarbeidsformer, til dømes BEATA, men kan utgjere ein samlande paraply for samarbeid i eit breiare regionalt perspektiv.

#### *Uformell nordisk-baltisk transportarbeidsgruppe*

I møtet mellom dei nordiske og baltiske transportministrane i mai 2008 var det uformell semje mellom deltakarane om at det var behov for å etablere ei felles nordisk-baltisk arbeidsgruppe for å utveksle synspunkt på prosessen i samband med EU-programmet for transeuropeiske transportnettverk, TEN-T. Oppgåva for gruppa har òg vore å diskutere felles synspunkt på revisjonen av TEN-T-retningslinjene. Eit uoffisielt dokument frå den nordisk-baltiske arbeidsgruppa vart oversendt til Kommisjonen i mai 2009. Utfordringane ein peikar på her, er at det mellom anna må leggjast større vekt på å skape samanheng i nettverka, og at TEN-retningslinjene bør utvidast til naboland.

*Luffart.* Noreg har ein bilateral luftfartsavtale med Russland frå 1956. Avtalen har vorte supplert med enkelte tillegg, men må framleis karakteriserast som restriktiv og hemmande for utviklinga av luftfarten mellom Noreg og Russland.

*Vegtransport.* Noreg og Russland underteikna ein bilateral vegtransportavtale 20. juni 2005. Avtalen tredde i kraft 16. november 2007. Avtalen regulerer transport av gods og passasjerar mellom Noreg og Russland og transitt gjennom dei til og frå tredjeland med motorvogn som er registrert i eitt av dei to landa.

#### *Aktivitetar i helse- og sosialsamarbeidet med Russland og Baltikum*

I samspel med landa og andre regionale råd spelar Nordisk ministerråd ei aktiv rolle i helse- og sosialsamarbeidet i Norden sine nærområde. Samarbeidet i sektoren har stor interesse, mellom anna på grunn av dei store skilnadene i regionen. Helse-situasjonen i Baltikum og særleg i Russland er vesentleg verre enn i Norden. Det er langt høgare førekomst av smittsame sjukdomar som tuberkulose og hiv/aids, i tillegg til ei tyngre byrde av livstilsrelaterte sjukdomar. Ein viktig faktor på det siste punktet er høgt alkoholforbruk.

Nordisk ministerråd er med i partnerskapen for helse og livskvalitet i Den nordlege dimensjonen (The Northern Dimension Partnership in Public Health and Social Wellbeing – NDPHS). I 2008–2009 er det Noreg som leier arbeidet, med Russland som nestleiar, og både Noreg og ministerrådet tek del i arbeidet i ekspertgruppene. Noreg leier arbeidet med å styrkje helsa i fengsla. Nordisk ministerråd har særleg retta innsatsen sin mot menneskehandel og for utsette barn og unge.

Ein annan viktig samarbeidsstruktur er Barentsrådet si arbeidsgruppe for helse og sosiale saker, der ministerrådet òg er medlem. Denne arbeidsgruppa for nasjonale og regionale representantar er òg open for urfolksrepresentasjon. Ved sida av å koordinere bilateral innsats gjennomfører arbeidsgruppa eit program mot hiv/aids. Det er i 2009 sett i verk ei satsing mot utsette barn og unge, og Noreg leier dette arbeidet i perioden 2009–2010.

#### *Justisområdet*

På justisområdet tok Europarådet i 1998 initiativ til eit samarbeid med russisk fengselsvesen. Mellom anna er tilhøva for kvinner i fengsel eit viktig tema i den faglege dialogen, medan rehabilitering av barn og unge lovbrytarar er sentralt for samarbeidet i Barentsregionen. Samarbeidet har ikkje berre vore knytt til fengselstenesta, men òg til dei andre justisstyresmaktene. Våren 2006 vart det underteikna ein generell justispolitisk samarbeidsavtale mellom Noreg og Russland. Avtalen blir følgd opp med toårige handlingsplanar, og den første vart underteikna i 2007.

### *Nordisk Atlantsamarbeid (NORA)*

I 2008 deltok Nordisk Atlantsamarbeid (NORA) i gjennomføringa av tre klimarelaterte konferansar på Grønland, Færøyane og Island. I turismesamanheng hadde NORA m.a. fokus på cruiseturisme. Ein NORA-konferanse om cruiseindustrien har vorte følgd opp med auka samarbeid om m.a. felles «branding» av Nordatlanten som cruisedestinasjon. Som eit ledd i oppfølginga av ønsket frå ministerrådet om kontakt og samarbeid med dei vestlege naboane til Norden var NORAs arbeidsutval på studietur i Canada. NORA arbeider no aktivt med å følgje opp dei kontaktane ein fekk der. I samsvar med handlingsplanen gjennomførte NORA i 2008 to prosjektsøknadsrundar, som resulterte i til saman 65 søknader.

### *Utdanning*

I det nye Nordplus-programmet som starta i 2008 og gjeld for tre år, deltek dei tre baltiske landa på like fot med dei nordiske. Programmet skal medverke til auka mobilitet og samarbeid i utdanningssektoren.

### *Kultur*

Etableringa av ein kulturpartnerskap innanfor rammene av Den nordlege dimensjonen (ND) er på veg. I 2008 oppnemnde kulturministrane ei policygruppe som skal utforme forslag for EUs styringsgruppe for ND og vidareutvikle kulturområdet som ein ny dimensjon innanfor ND. Kulturpartnerskapen skal fungere som eit instrument for dei nordiske landa med sikte på å fremje kulturen og kulturprodukta frå Den nordlege dimensjonen i ei globalisert verd.

Dei nordiske kulturministrane har i samarbeid med kulturministrane frå Estland, Latvia og Litauen vedteke at det nordiske mobilitets- og residensprogrammet i 2009 skal opne for at kulturaktørar frå dei baltiske landa kan delta. Det vert lagt opp til framtidige NB8-møte på kulturområdet både på embets- og ministernivå. Det nordisk-baltiske mobilitetsprogrammet for kultur støttar nettverksbygging, kunstnarresidensar og mobilitet for profesjonelle kunstnarar innanfor alle kunstnariske uttrykksformer. Det kunstnariske målet er å skape ei plattform for eit innovativt, dynamisk nordisk-baltisk kunst- og kulturliv. Programmet varer frå 2009 til 2011.

## **3.2 Den nordlege dimensjonen**

Den nye nordlege dimensjonen vart oppretta i november i Helsingfors ved at det vart underteikna

ei politisk erklæring og eit politisk rammedokument. EU, Russland, Island og Noreg er likeverdige partnarar, medan dei regionale organisasjonane og IFF (internasjonale finansieringsinstitusjonar) er deltakarar. Den nordlege dimensjonen (ND) skal vere det regionale uttrykket for dei fire samarbeidsromma mellom EU og Russland, der Noreg og Island skal ha fullt innpass. Det første ministermøtet i ND vart halde i St. Petersburg 28.10.08. Møtet var prega av ei positiv haldning til det arbeidet som går føre seg, og det var ein grunnleggjande konsensus om kva satsingsområda skal vere. Det er lagt vekt på konkrete samarbeidsprosjekt. Desse prosjekta vert sette ut i livet gjennom dei to partnerskapane: partnerskapen for helse og livskvalitet (NDPHS) og miljøpartnerskapen (NDEP). Ministermøtet vedtok at det skal opprettast ein ny partnerskap for transport og logistikk, som etter planen skal tre i kraft 1. januar 2010. Ein annan mogeleg ny partnerskap omfattar kultursektoren, der det er sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå nærare på spørsmålet. Andre satsingsområde framover er enøk, grensenært samarbeid og arbeidet med å opprette eit ND-institutt i St. Petersburg. Det er òg i denne regionen av Russland at dei største miljøprosjekta er gjennomførte, innanfor reduksjon av miljøskadelege utslipp til Austersjøen.

Den nordlege dimensjonen har ikkje uventa vore prega av stor merksemd mot Austersjøregionen. Frå norsk side har ein peika på at det bør vere ein fornuftig balanse mellom Austersjøregionen, Barentsregionen og Arktis i ND-samarbeidet. Eit positivt trekk i denne samanhengen er at styringsgruppa i ND har vedteke at det arktiske vindauga i ND skal drøftast med jamne mellomrom.

Eit anna sentralt spørsmål den siste tida har vore lokaliseringa av sekretariatet for den nye transportpartnerskapen. Dei nordiske landa har kome med framlegg om at det vert lagt til Nordisk Investeringsbank i Helsingfors som ein del av eit profesjonelt finansieringsmiljø med omfattande erfaring frå operasjonsområdet til Den nordlege dimensjonen. Det ser ut til at dette forslaget kan bli vedteke. Det er venta at det vert underteikna eit memorandum om etablering av transportpartnerskapen i løpet av 2009.

## **3.3 Austersjørådet**

Danmark har hatt formannskapet i Austersjørådet i eitt år frå 1. juli 2008. Litauen tok over formannskapet 1. juli 2009, og deretter følgjer Noreg frå 1. juli 2010.

Austersjørådet vedtok ei reform av organisasjonen i juni 2008. Bakgrunnen for dette var eit allment ønske om å gjere organisasjonen meir effektiv, meir resultatorientert og klarare når det gjeld prioriterte oppgåver. Den danske formannskapet har arbeidd aktivt for å setje i verk vedtaket om reform.

Reformvedtaket inneber at Austersjørådet no har fem prioriterte område: miljø, med sterkt fokus på miljøutfordringane i Austersjøen; økonomisk samarbeid, med vekt på mellom anna samarbeid om arbeidsmarknadstiltak; energi, inkludert fornybar energi og oppkopling til klima; utdanning og kultur; sivil tryggleik for borgarane i regionen.

Det har vore eit sterkt ønske at Austersjørådet som eit ledd i reformarbeidet gradvis skal omdannast til ein organisasjon med større vekt på prosjekt. Samtidig vil organisasjonen ta vare på rolla som ein sentral koordinator for samarbeidet i regionen. Rådet er ope for nært prosjektsamarbeid med andre organ i regionen, både når det gjeld prosjektforslag, gjennomføring og finansiering.

Austersjørådet har til no berre avgrensa erfaring med prosjekt, men det finst likevel gode døme, først og fremst «EuroFaculty», som er eit konsept for universitetsstudium. Dette har vorte nytta i form av prosjekt både i dei tre baltiske landa, i Kaliningrad og frå 2008/2009 i Pskov. Noreg har medverka aktivt til alle desse prosjekta. Dessutan har «Baltic 21», som er ei eining i Austersjørådet for fremje av berekraftig utvikling i regionen, gjennomført ei rekkje konkrete miljøprosjekt. Austersjørådet har ikkje hatt noko eige budsjett for prosjekt, og dette er hovudforklaringa på at prosjektarbeid til no berre i liten grad har prega organisasjonen. Embetskomiteen i Rådet diskuterer no om det kan opprettast eit prosjektfond, men dette har som føresetnad at alle medlemene er budde på å stille midlar til disposisjon. I tillegg til eit eventuelt eige fond vil sekretariatet i Austersjørådet i aukande grad måtte fokusere på å mobilisere ressursar frå eksternt hald, som regionale finansieringsinstitusjonar og EU-fondsmidlar. Dermed må ein òg endre noko på rekrutteringa til sekretariatet i Austersjørådet i Stockholm, slik at ein får fleire tilsette med erfaring frå prosjektarbeid og ressursmobilisering.

Austersjørådet har i 2008 og 2009 fått fleire søknader frå land som ønskjer å bli observatørar eller medlemmer i organisasjonen. Frankrike, som alleie er observatør, har søkt om medlemskap. Kviterussland har søkt om å bli observatør, alternativt medlem. Romania og Spania har søkt om å bli observatør. På utanriksministermøtet i Austersjørådet i Helsingør 3.–4. juni 2009 vart Romania, Spa-

nia og Kviterussland tekne opp som observatørar. Dermed har Austersjørådet no ti observatørland. Medlemskap for Frankrike og Kviterussland skal drøftast vidare under formannskapsperioden til Litauen. Det er for tida ikkje konsensus om å ta opp desse to landa som medlemmer.

### 3.4 Barentsrådet

Utviklinga av Barentssamarbeidet har heilt sidan starten i 1993 hatt to sentrale målsetjingar. Den første er å bidra til at Russland spelar ei sterkare rolle i det europeiske samarbeidet, m.a. ved å utvikle og konsolidere dei breie samarbeidsstrukturane mellom dei nordiske landa og Russland innanfor Barentssamarbeidet. Den andre sentrale målsetjinga er knytt til ønsket om å fremje berekraftig utvikling i Barentsregionen. Samarbeidet rettar seg særleg mot Nordvest-Russland, som framleis har store utfordringar når det gjeld økonomisk og sosial utvikling, helse, miljøvern, ressursforvaltning og behovet for å reformere mange samfunnsinstitusjonar. Ein kan definere Barentssamarbeidet som eit samspel mellom fire samarbeidsnivå, på styresmaktnivå og direkte mellom aktørar i regionen:

- regjeringssamarbeidet (Barentsrådet) der dei fem nordiske landa, Russland og EU-kommisjonen deltek,
- det regionale styresmaktsamarbeidet (Barents regionråd),
- urfolkssamarbeidet,
- direkte næringslivs-, kommune- og grasrotsarbeid («folk til folk»).

Det gode samspelet mellom sentrale og regionale styresmakter i alle landa og den direkte kontakten over grensene i regionen gjer Barentssamarbeidet til eit politisk instrument som kan handtere ei rekkje spørsmål som er svært viktige for folk i regionen.

Russland avsluttar formannskapsperioden sin med ministermøte i Murmansk 14.–15. oktober 2009. Sverige tek då over formannskapet for dei neste to åra. I regionrådet tek Troms over etter finske Oulo. Det er god aktivitet både på regionalt nivå og i dei 16 arbeidsgruppene. Regionrådet har vedteke eit nytt arbeidsprogram for tidsrommet 2009–2013. Det er òg vedteke eit nytt handlingsprogram for urfolk. Vidare er det oppretta ei ny arbeidsgruppe for turisme. Energiarbeidsgruppa er gjort om og skal først og fremst ha fokus på enøk og fornybare energikjelder. Universitetet i Petrozavodsk har teke initiativ til ei ny satsing på

høgskule- og universitetssamarbeid i Barentsregionen.

Innanfor ramma av den årlege løyvinga frå Utanriksdepartementet gjev Det norske Barentssekretariatet i Kirkenes støtte til ei rekkje samarbeidsprosjekt på regionalt nivå i Barentsregionen. Det går no føre seg ei særleg aktiv satsing på kulturområdet gjennom BarentsKult-programmet. Det internasjonale Barentssekretariatet (IBS) er no vel etablert og i god drift. Det vert leidd av den russiske ambassadøren Aleksandr Ignatjev. IBS har tre tilsette som har gjort mykje for å støtte opp om arbeidet på alle nivå og sikre det internasjonale kontaktnettet. I 2009 har Utanriksdepartementet og Sametinget i fellesskap sendt ein urfolksmedarbeidar til det internasjonale Barentssekretariatet for ein toårsperiode og ønskjer på denne måten å bidra til å styrkje samarbeidet mellom urfolka i regionen.

Avtalen om redningssamarbeid på land i Barentsregionen vart underteikna i desember 2008 etter fleire år med forhandlingar, og redningsøvinga Barents Rescue 2009 skal gjennomførast hausten 2009 i Murmansk. I september 2009 blir det arrangert ein større klimakonferanse for Barentsregionen i Vadsø. Organisor er Miljøverndepartementet, som òg leier miljøarbeidsgruppa. Den fjerde parlamentariskkonferansen for Barentsregionen vart halden i Syktyvkar (Komirepublikken) i mai 2009.

I regi av Barentsrådet er det etablert ein komité som handsamar grenseoverskridande redningsfaglege spørsmål i Barentsregionen. Ein multilateral redningsavtale for Barentsregionen vart signert i Moskva 11. desember 2008. Noreg, Russland, Sverige og Finland er partar i avtalen. Føremålet med avtalen er gjensidig bistand over landegrensene i krisesituasjonar og redningsoperasjonar.

Barentsregionen er ein region med store avstandar og få redningsressursar. Næraste redningsressurs kan vere på andre sida av grensa i eit naboland.

I september 2009 skal øvinga Barents Rescue 2009 gå av stabelen. Øvingsserien Barents Rescue vert gjennomført annakvart år innanfor ramma av Barentsrådet (BEAC – Barents Euro-Arctic Council). Det overordna målet for øvingsrekkja Barents Rescue har vore å forenkle og betre kommunikasjon, koordinering og samarbeid mellom land og sivil-militære einingar som kan bli involvert i kriser i Barentsregionen. Ansvar for øvingane går på omgang mellom medlemslanda i Barentsrådet. Sverige arrangerte øvinga i 2001, Noreg i 2005 og Finland i 2007. Russland er vert for øvinga i 2009.

Finland, Sverige og Noreg deltek i øvinga med redningsressursar som skal krysse grensa for å gje hjelp til Russland.

### 3.5 Arktisk råd

Den norske formannskapet i Arktisk råd 2006–2009 vart avslutta med ministermøtet i Tromsø 29. april 2009. Danmark har no overteke formannskapet. Sverige skal overta etter Danmark. Dette tyder at vi er inne i ein periode med seks års samanhengande nordiske formannskapar, som sluttar i 2013. Dei tre landa har samordna formannskapsprioriteringane sine. Det er oppretta eit sekretariat for Arktisk råd i Tromsø.

Arktisk råd er blitt eit viktig politisk samarbeidsorgan dei siste åra. Dette skuldast dels ein ambisjos og aktiv norsk formannskap, men i første rekkje skuldast utviklinga auka fokus på Arktis som følgje av klimaendringane. Auka politisk merksemd og effektivisering av arbeidet til rådet vore nokre av prioriteringane for den norske formannskapet. På ministermøtet vart det mellom anna vedteke at Arktisk råd framover skal møtast på politisk nivå ein gong i året. Deltakarane på ministermøtet i år var òg på høgare nivå enn nokon gong før, og sju av åtte medlemsland, i tillegg til observatørlandet Italia, var representerte på utanriksministernivå. Dei store landa, ikkje minst Russland og USA, viser stadig større vilje til å prioritere Arktisk råd. I tida framover må ein finne ut korleis ein skal handtere det aukande talet på land som ønskjer å bli permanente observatørar i Arktisk råd.

Klimaendring er eit hovudtema for arbeidet i Arktisk råd. I samband med ministermøtet i Arktisk råd vart det arrangert ein konferanse om issmelting under leiing av utanriksministeren og tidlegare visepresident Al Gore. Ministermøtet vart òg samd om å leggje fram ein rapport om status/konsekvensar av issmeltinga i verda på klimamøtet COP-15 i København i desember. Utanriksministeren og Al Gore står for dette i samråd med Danmark. Hovudelementa i arktisk klimaendring – at havisen trekkjer seg tilbake, Grønlandsisen smeltar, og permafrosten/snødekket vert redusert – har globale konsekvensar i form av sterkare temperaturauke og havnivåstigning. Konferansen la fram ny dokumentasjon om dette og om at partiklar (sot) og kortlevde klimagassar kan forklare opptil halvparten av temperaturauken i Arktis.

Eit anna hovudfokus for arbeidet i rådet er konsekvensane det får for miljø og urfolk at havisen trekkjer seg tilbake, men også dei perspektiva

dette opnar for auka menneskeleg aktivitet. Den største utfordringa i Arktis for rådsmedlemene er å finne balansen mellom vern og bruk av områda som kan bli liggjande opne når havisen har trekt seg tilbake. Arktisk råd samarbeider om m.a. to omfattande status-/konsekvensanalysar av olje-/gassverksemd og skipsfart i Arktis, retningslinjer for petroleumsverksemd offshore, samarbeid om søk og redning, oljevern, miljøvern og retningslinjer for heilskapleg ressursforvaltning. Ministermøtet oppretta ei arbeidsgruppe om søk og redning under leiing av USA og Noreg og vedtok i tillegg eit russisk prosjekt om tryggleik ved økonomisk utvikling i Arktis. Noreg tok på seg ei leiarrolle i dette prosjektet saman med Russland.

Auka ressursutnytting og trafikk i arktiske farvatn gjer det nødvendig å vurdere redningsberedskapen i desse farvatna. Rapporten Arctic Marine Shipping Assessment (AMSA) frå Arktisk råds arbeidsgruppe PAME (Protection of the Arctic Marine Environment) peikar på manglande redningsberedskap i arktiske farvatn og tilrår at det vert utarbeidd ein samarbeidsavtale om søk og redning. Ministermøtet i Tromsø gav mandat til at det vert oppretta ei arbeidsgruppe for å forhandle fram ein avtale om søk og redning i Arktis.

### 3.6 Nordisk samarbeid om europeiske spørsmål

Det er stor grad av nordisk semje i ei rekkje sentrale spørsmål som står på dagsordenen i EU. Dette gjeld m.a. sysselsetjing, demokrati, nærleik, openheit, likestilling, forbrukarvern og miljøvern. Sjølv om dei nordiske landa er knytte til EU på ulike måtar, knyter EØS-avtalen dei nordiske landa saman i ei felles marknadsramme. EØS-avtalen er dermed den viktigaste nordiske samarbeidsavtalen.

Det nordiske samarbeidet gjev ei viktig ramme for å koordinere nordisk europapolitikk, og europaspørsmål er difor eit fast punkt på dagsordenen for nordiske og nordisk-baltiske ministermøte. Noreg deltek òg med jamne mellomrom på nordiske eller nordisk-baltiske formøte før rådsmøta i EU. Dette gjeld særleg rådsmøte om miljø, energi og samferdsel.

Kontakten mellom dei nordiske hovudstadene, EU og dei nordiske EU-delegasjonane i Brussel er tett og god. Sett frå norsk side er det særleg viktig å sørge for at europapolitiske saker med relevans for Noreg vert diskuterte i den nordiske kretsen på eit tidleg tidspunkt. Dette gjeld ikkje minst EØS- og Schengen-relaterte spørsmål. Slik

kan Noreg få indirekte innverknad på dei interne drøftingane i EU i saker som er viktige for oss. Det er difor viktig at norske styresmakter på alle nivå held fram med arbeidet med å utvide og utdjupe kontaktnettverket i nordiske EU-kretsar.

I spørsmålet om gjennomføringa av ein nordisk europapolitikk finst det ikkje nokon «nordisk blokk» i EU. EU-samarbeidet er ikkje prega av stabile geografiske blokkar. Det vert ført forhandlingar mellom EU-landa, og posisjonar vinn fram, gjennom alliansar av land som skiftar frå sak til sak. Likevel er det eit ganske nært samarbeid i ei «nordgruppe», som primært består av Danmark, Sverige, Storbritannia og Nederland.

Det er viktig å føre vidare det gode samarbeidet som er etablert mellom alle dei nordiske landa, både uformelt og formelt, når det gjeld informasjon og konsultasjonar i viktige spørsmål. Sverige har formannskapet i EU hausten 2009, og Danmark overtek våren 2012. (Noreg har formannskapet i Nordisk ministerråd i 2012.) I desse halvårsperiodane vert det nære nordiske samarbeidet ekstra viktig for Noreg. Det er ofte enklare å vinne innpass i sentrale EU-prosessar med eit nordisk naboland ved EU-roret. Dette gjeld både informasjonsflyt og deltaking på møte i interessante EU-forum. Den finske formannskapet hausten 2006 viste dette på ein god måte.

Dei mest konkrete og synlege døma på nordisk samarbeid i EU-samanheng dei siste åra er etableringa av den nordiske militære innsatsstyrken (Nordic Battle Group, NBG) som stod i beredskap våren 2008, og den aktive innlemminga av Noreg og Island i det EU-initierte samarbeidet i Den nordlege dimensjonen. Likevel er det framleis slik at Austersjø- og Barents-samarbeida til tider kan vere prega av at mange prosjekt er forankra i EU gjennom naboskapspolitikken (ENP) eller regionale tiltaksfond (INTERREG). Dei nordiske naboane våre er difor opptekne av at sambanda til Brussel er nære, og Kommisjonen deltek òg i Austersjø- og Barents-samarbeida. For Noreg vil det seie auka innsats for – og merksemd om – nordområda.

Også på justis- og innanriksområdet er nordisk samarbeid sentralt. For Noreg er det viktig at vi held oppe dei nordiske modellane på område der EU etablerer og vidareutviklar tilsvarende samarbeid. Døme på slike område er det konsulære samarbeidet, politisamarbeidet og visumsamarbeidet. Ved å sikre at det nordiske samarbeidet er velfungerande og attraktivt, kan vi medverke til at dei nordiske EU-medlemslanda vidarefører dette, sjølv når liknande samarbeid vert forsterka på EU-nivå.

Avtalen mellom Noreg, Island og EU om institusjonelle løysingar for den norske og islandske

deltakinga i Schengen-samarbeidet har gjort det mogeleg å halde oppe den nordiske passunionen. Avtalen inneber òg at alle dei nordiske landa er del av eit større europeisk område med reisefridom. Det er eit godt samarbeid mellom dei nordiske landa i spørsmål som er relevante for Schengen.

## 4 Utanriks-, forsvars- og utviklingspolitisk samarbeid

### 4.1 Det utanrikspolitiske samarbeidet

Det har vore eit aktivt og hendingsrikt år for det nordiske utanrikspolitiske samarbeidet. På norsk initiativ vart dei nordiske utanriksministrane i juni 2008 samde om å setje i gang ein uavhengig studie som skal sjå på korleis det nordiske utanriks- og tryggingpolitiske samarbeidet kan utviklast og utdjupast dei neste 10–15 åra. Tidlegare utanriks- og forsvarsminister Thorvald Stoltenberg vart bedd om å utarbeide rapporten, som vart lagd fram i februar 2009 i samband med eit ekstraordinært nordisk utanriksministermøte i Oslo (Voksenåsen). Stoltenberg-rapporten har stimulert til ein breiare debatt og ei utdjuping av det nordiske samarbeidet, samtidig som prosessen har vore med på å løfte fram eksisterande samarbeid og utvikle nytt nordisk samarbeid (sjå kap. 2.4).

Dei nordiske utanriksministrane, statssekretærene og politiske direktørar i utanriksdepartementa møtest med jamne mellomrom, og det er tett nordisk kontakt på ei rekkje fagområde. Femlandssamarbeidet utgjer hovudrama for dette samarbeidet. På same tid er samarbeidet ope og fleksibelt også for mindre nordiske format der det er føremålstenleg. Til dømes er Noreg, Finland og Sverige opptekne av felles utfordringar i nordområda som er knytte til grenseregionalt samarbeid og naboskapen med Russland. Samarbeidet vert stadig tettare med Danmark og Island i spørsmål som gjeld det nordlege Atlanterhavet og Arktis. Det særlege tryggingpolitiske samarbeidet med Island har utvikla seg vidare, i pakt med den ambisjonen regjeringa har om å auke merksemda og kunnskapen i NATO og dei allierte landa om dei særlege utfordringane vi står overfor i nordområda. I januar 2009 arrangerte Island og NATO eit seminar om tryggleiksspørsmål i Arktis. Målet for regjeringa er å styrkje grunnlaget for ytterlegare utvikling av det nordiske samarbeidet.

Noreg står utanfor EU og deltek difor ikkje i det pågåande samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske EU-medlemene (NB6-samarbeidet). Statsministrane, utanriksministrane og statssekretærene møtest likevel kvart år i nordisk-baltisk krets (NB8), i 2009 under islandsk samordning, samtidig

som mange departement og institusjonar har utvikla eit samarbeid med dei baltiske landa. Regionale spørsmål har ein sentral plass i NB8-samarbeidet, inkludert tilhøvet til og samarbeidet med Russland. På det utanrikspolitiske området drøftar landa i tillegg spørsmål av europeisk og/eller global karakter, saman med utanriksadministrative spørsmål som er knytte til utanrikstenestene og dei felles konsulære interessene til dei åtte landa.

Dei nordiske landa samarbeider tett på det administrative og konsulære området, både mellom hovudstadene og mellom utanriksstasjonane. Med utgangspunkt i pågåande moderniserings- og effektiviseringsprosessar arbeider ein med å utdjupe og vidareutvikle eksisterande samarbeidsområde og utvide samarbeidet til nye fagfelt. Landa deler også erfaringar og «beste praksis». Det finn òg stad utveksling av tenestemenn mellom utanriksdepartementa. Samarbeidet mellom dei nordiske utanriksstasjonane varierer frå stad til stad og kan gå føre seg på fleire måtar – fysisk samlokalisering av ambassadar, felles administrative støttefunksjonar, felles visumseksjonar, avtalar om gjensidig visumrepresentasjon og hjelp i konsulære saker og ved akutte kriser ved behov. Dei nordiske ambassadane samarbeider lokalt om krise- og beredskapsplanlegging og om kriseøvingar. Utanriksministrane er positive til styrkt samarbeid mellom dei nordiske utanrikstenestene og har, som ei oppfølging av Stoltenberg-rapporten, teke initiativ til å vidareutvikle og utdjupe samarbeidet som alleie eksisterer på det administrative og konsulære området. Dette samarbeidet er nærare omtalt i kap. 2.4.

Nordisk tryggingpolitisk dialog og samarbeid har vorte vesentleg styrkt dei siste åra, og tidlegare tryggingpolitiske skiljelinjer er erstatta av eit positivt samarbeidsrom. Sverige og Finland har utvikla eit tett partnerskapstilhøve til NATO, og Noreg er ein aktiv deltakar i krisehandtering under EU-leiing. Dei tradisjonelle institusjonelle rammene og innskrenkingane er vesentleg endra og tilpassa nye oppgåver og behov. Slik vert det mogeleg å utvikle eit supplement til dei etablerte institusjonelle samarbeidsstrukturane, anten det gjeld NATO eller EU.



Samarbeidet er med dette vorte meir sektoro- verspennande. I tillegg til samarbeid innanfor tradisjonelle FN-rammer omfattar det militær krisehandtering og forsvarssamarbeid, konsultasjonar om felles tryggingpolitiske utfordringar, godt styresett, menneskerettar, freds- og forsoningsprosessar, reform av tryggingssektoren, internasjonal terrorisme og organisert kriminalitet. Dei nordiske landa deler eit sterkt humanitært og fredskapande engasjement og eit ønske om å medverke til internasjonale fredsoperasjonar, anten det er i ein FN-, NATO- eller EU-kontekst. Nordisk samarbeid gjev auka gjennomslagskraft og gjer at ressursane rekk lenger.

Dei nordiske landa prøver difor å koordinere ei rekkje av bidraga sine innanfor ei nordisk ramme i NATO- og EU-operasjonane i Afghanistan og på Balkan. Med utgangspunkt i ein felles handlingsplan vert det òg lagt opp til større politisk og sivil koordinering av innsatsen i Afghanistan. Det vert dessutan vurdert fleire konkrete fellestiltak med sikte på sterkare internasjonal koordinering og støtte til FN/UNAMA, oppfølging av Afghanistan Compact, støtte til EUPOL og rettssektoren, militært samarbeid i t.d. OMLT og kamp mot narkotika.

Saman med dei andre nordiske landa deltek Noreg i det forsvars- og tryggingpolitiske samarbeidet i EU. I 2011 skal vi på nytt stille norsk personell til rådvelde for ein EU-innsatsstyrke (Nordic Battle Group) som vert leidd av Sverige, saman med Finland, Estland og Irland, slik vi gjorde våren 2008. Regjeringa er oppteken av vidare deltaking innanfor desse rammene, som gjev Noreg høve til å delta i den vidare utforminga av det tryggingpolitiske EU-samarbeidet.

Dei nordiske landa vidarefører arbeidet med å identifisere eit felles militært styrkebidrag til ein FN-operasjon, primært i Afrika. Det same gjeld den felles nordiske støtta til afrikansk kapasitetsbygging. Innsatsen er retta inn mot Aust-Afrika, med 1) støtte til konseptutvikling for maritim kapasitet for regionen (norsk leiing), 2) støtte på landsida til den regionale beredskapsstyrken (Eastern Africa Stand-by Force) (dansk leiing) og 3) støtte på treningssida (finsk leiing). For å følgje opp arbeidet lokalt vil det i 2009 bli oppretta «Nordic Advisory and Coordinating Staff» ved Eastern Africa Standby Brigade Coordination Mechanism (EASBRICOM) i Nairobi, der ein norsk marineoffiser vil gå inn i staben. I tillegg har Noreg og Sverige ambisjonar om eit tettare samarbeid om fred og forsoning på Afrikas Horn og har til saman ei leiande rolle i det lokale arbeidet i Nairobi i tilknytning til den internasjonale kontaktgruppa for Somalia.

Nordisk FN-samarbeid går i dag føre seg på fleire plan. Det vert samarbeidd om fellesnordiske kandidatur og sett opp felles rotasjonslister for verv. Nordiske land held dessutan felles innlegg i ulike forum, mellom anna i Generalforsamlinga, men først og fremst i opne temamøte i Tryggingrådet, der det ikkje er vanleg med felles EU-innlegg. Det vert fremja felles demarchar, dvs. formelle presentasjonar av synspunkt, i ulike saker. Vidare møtest dei nordiske FN-ambassadørane kvar veke, andre utsende medarbeidarar i New York møtest jamleg, og FN-ansvarlege i dei fem hovudstadene møtest halvårleg.

Det norske kandidaturet til Menneskerettsrådet (2009–2012) har vore viktig våren 2009 og har hatt aktiv støtte frå dei nordiske landa. Noreg arbeider for å styrkje det nære nordiske FN-samarbeidet, samtidig som vi respekterer at nordiske EU-medlemmer må ta omsyn til dei krava dei er pålagde som medlemmer. Dei nordiske landa fordjupar FN-samarbeidet på ei rekkje område som klimaspørsmål, likestillingsspørsmål, fredsbyggingsoppgåver – medrekna tiltak til tryggingssktorreform og styrking av rettsstaten – og FN-reformer, mellom anna administrativ reform og reform av Tryggingrådet.

#### *Samarbeid mellom dei nordiske utanrikstenestene*

Det er lang tradisjon for eit tett administrativt og konsulært samarbeid mellom dei nordiske utanrikstenestene, både på hovudstadsnivå og mellom utanriksstasjonane. Med utgangspunkt i pågåande moderniserings- og effektiviseringsprosessar i dei fem utanrikstenestene vert det fokusert både på å utdjupe og vidareutvikle eksisterande samarbeidsområde og utvide samarbeidet til nye fagfelt, og å dele erfaringar og «beste praksis».

På hovudstadsnivå møtest representantar for embetsverket til faste koordinerings- og informasjonsmøte, og det er etablert nordiske arbeidsgrupper på ei rekkje administrative og konsulære fagområde. Det finn også stad utveksling av tenestemenn mellom utanriksdepartementa.

Også ved utanlandsrepresentasjonane møtest nordiske utsende diplomatiske og konsulære tenestemenn til lokale kontakt- og samordningsmøte. Samarbeidet mellom dei nordiske utanriksstasjonane varierer frå stad til stad og går føre seg på fleire måtar – fysisk samlokalisering av ambassadar, felles administrative støttefunksjonar, felles visumseksjonar, avtaler om gjensidig visumrepresentasjon og hjelp i konsulære saker og ved akutte kriser ved behov. Dei nordiske ambassadane samarbeider lokalt om krise- og beredskapsplanlegging og om kriseøvingar.

I Stoltenberg-rapporten «Nordisk samarbeid om utenriks- og sikkerhetspolitikk» (februar 2009) er samarbeid om utanrikstenesta lagt fram som eit eige forslag. Dei nordiske hovudstadene har sett i gang eit arbeid for å definere aktuelle samarbeidsområde og ulike former for nordisk «arbeidsdeling».

## 4.2 Det utanrikshandelspolitiske samarbeidet

Det er jamleg kontakt mellom dei nordiske hovudstadene, mellom delegasjonane/representasjonane i Brussel, mellom dei nordiske ambassadane og mellom EU-delegasjonane og sekretariatet i Nordisk ministerråd i utanrikshandelspolitiske spørsmål. I tillegg er Nordisk ministerråd ein arena for regelmessig nordisk samråd om aktuelle EU- og EØS-saker. Dei nordiske utanrikshandelsministrane og statssekretæranane med ansvar for handelspolitiske spørsmål møtest årleg til uformelt samråd om aktuelle utanrikshandelspolitiske saker. På dagsorden står grensehinderspørsmål, implementering av tenestedirektivet, Austersjø-samarbeidet, Lisboastrategien og tilhøvet til tredjeland, WTO-forhandlingane og tilhøvet mellom handel/utvikling og handel/klima.

Spørsmål om EØS og den indre marknaden har fått større plass i det nordiske utanrikshandelspolitiske samarbeidet. Likeins har samarbeidet med Nordens nærområde på det økonomiske og handelspolitiske området vorte viktigare. Noreg deltek i ei uformell nordisk-baltisk-polsk samrådsgruppe i arbeidet med EU-direktivet for å lette handelen med tenester. Føremålet er å utveksle informasjon, erfaringar og synspunkt i samband med det nasjonale arbeidet med tenestedirektivet for på den måten å kunne medverke til lik forståing og praksis.

Den ytre handelspolitikken i EU har Kommisjonen ansvaret for, og det er såleis ikkje aktuelt med eit formelt samarbeid mellom dei nordiske landa om felles posisjonar i WTO. Det er likevel god uformell kontakt i WTO-spørsmål gjennom kontakt mellom dei nordiske delegasjonane i Genève og med dei nordiske deltakarane i handelskomiteen i OECD. Gjennom denne kontakten får Noreg informasjon om drøftingane i EU, og dei andre nordiske landa kan dra nytte av at Noreg deltek i grupperingar der EU berre er representert ved Kommisjonen.

Regjeringa legg stor vekt på at det utanrikshandelspolitiske samarbeidet skal dyrkast og utviklast vidare.

## 4.3 Forsvar

Det nordiske forsvars- og tryggingspolitiske samarbeidet er omfattande og vert høgt prioritert både på politisk og fagmilitært nivå. Det er eit stort samanfall i tryggingspolitiske vurderingar og interesser mellom dei nordiske landa, og samarbeidet fungerer godt trass i ulik forankring i EU og NATO. Den nordiske samarbeidsramma gjev gjensidig nytteverdi, mellom anna ved at land som Noreg og Island får tilknytningsspunkt til EU-samarbeidet, medan land som Sverige og Finland får innsyn og medverknad i NATO. I tillegg medverkar det nordiske forsvarssamarbeidet til forsvar med betre balanse mellom ambisjonar, strukturar og tilgjengelege ressursar, og dermed til at landa får ei sterkare operativ evne.

Dei nordiske landa deler ei rekkje føresetnader på forsvarssida som i mange tilfelle gjer eit samarbeid både aktuelt og gjensidig gunstig. Det nordiske samarbeidet er difor ein eigna arena for å samordne ei rekkje trygging- og forsvarspolitiske saker av felles interesse. For Noreg er det nordiske samarbeidet ein viktig arena som medverkar til å realisere ei rekkje forsvarspolitiske ambisjonar.

Det nordiske samarbeidet er karakterisert av samarbeidsprosjekt på ei lang rekkje område. Dei nordiske landa har godt etablerte strukturar for samarbeid på forsvarssida, og det vert halde faste møte på statsråds-, departementsråds- og avdelingssjefsnivå. Også forsvarssjefane har faste møte i nordisk og nordisk-baltisk samanheng.

Dei nordiske landa deler eit sterkt humanitært og fredsskapande engasjement og har stort fokus på og eit sterkt ønske om å medverke til fredsbevarande operasjonar. Men dei avgrensa ressursane våre, særleg på personellsida, gjer det vanskeleg å medverke med substansielle bidrag til fredsbevarande operasjonar aleine. Gjennom det nordiske samarbeidet får vi ei større operativ evne enn vi ville oppnådd på eiga hand, og vi styrker det nordiske samhøyet. Eit Norden som samarbeider tettare i forsvars- og tryggingspolitikken, vil gjere oss i stand til å gje endå større bidrag til fredsskapande og stabiliserande operasjonar. Dei nordiske landa forsøker difor å koordinere ei rekkje av bidraga sine innanfor ei nordisk ramme. Mellom anna er det semje om å arbeide for å få til eit felles nordisk bidrag til ein fredsstøttande FN-operasjon i Afrika. Det er òg ei målsetjing å styrkje det nordiske samarbeidet i regi av NATO-operasjonen i Afghanistan. Vidare bidrog Noreg i den svenskleidde EU-stridsgruppa (EU Nordic Battle Group) i 2008 og vil bidra på nytt i 2011.

Reformer i tryggingssektoren er eit stadig viktigare verkemiddel for å leggje til rette for ei demokratisk utvikling og etablere varig fred i tidlegare konfliktområde. Dei nordiske landa har over lengre tid samarbeidd om reformtiltak i tryggingssektoren. Mellom anna har dei nordiske landa medverka til å omstille og byggje opp ein sjølvstendig forsvarssektor i dei baltiske landa. I dag har dei nordiske landa fem felles prosjekt på Vest-Balkan i Makedonia, Serbia, Albania, Bosnia og Montenegro. I tillegg har dei nordiske og baltiske landa hatt eit samarbeidsprosjekt i Ukraina sidan 2006. Tiltaka omfattar mellom anna omskolering av overflødig militært personell og hjelp til å utøve demokratisk kontroll over militære styrkar. Dei nordiske landa har ein ambisjon om å byggje vidare på desse initiativa. Reformar i tryggingssektoren framstår i dag som ein nisjekapasitet der dei nordiske landa kan gje vesentlege bidrag med personellmessig avgrensa ressursar.

Dei nordiske landa arbeider òg for felles innsats til støtte for kapasitetsbygging i Afrika. Den overordna målsetjinga er å fremje ein operativ konfliktførebyggjande kapasitet og styrkje den regionale tryggingssarkitekturen i Afrika. Dette vil medverke til å styrkje evna dei afrikanske partnarane våre har til å handtere eigne tryggingssutfordringar.

NORDCAPS (Nordic Coordinated Arrangement for Peace Support) fungerer som eit viktig instrument for å koordinere og samordne nordiske bidrag til fredsbevarande operasjonar, og i tillegg som ei ramme for nordiske bidrag til tryggingssektorreform. Det nordiske forsvarssamarbeidet står òg sterkt innanfor materiellsektoren gjennom NORDAC (Nordic Armaments Cooperation). Helikopter, stormpanservogner, artillerilokaliseringsradarar, rørtilleri og pansra hjulgåande personellkøyretøy er døme på system som har vore gjenstand for kostnadseffektivt nordisk innkjøpssamarbeid av stor tyding industrielt, operativt og kompetansemessig. Som ei tredje søyle i det nordiske forsvarssamarbeidet vart det etablert eit forum for nordisk samarbeid om kapabilitetsutvikling – NORDSUP (Nordic Supportive Defence Structures) – av forsvarsministrane i november 2008. NORDSUP er eit samarbeid innanfor styrkeproduksjon, logistikk og støttestøttfunksjonar for å møte utfordringane som er knytte til stadig aukande forsvarsrelaterte kostnader. Meir enn 40 konkrete samarbeidstiltak er allereie under iverksetjing eller til nærare vurdering gjennom eigne kost-nyt-teanalyser.

Regjeringa legg til grunn at det nordiske samarbeidet ikkje vil gå ut over, men bidra til å styrkje

evna Noreg har til å ivareta pliktene sine innanfor NATO-alliansen.

#### 4.4 Utviklingssamarbeid

Noreg held fram med og styrkjer det nære samarbeidet med dei andre nordiske landa for å betre bistandseffektiviteten. Dette skjer primært gjennom *Nordic Plus*-samarbeidet, der også Irland, Nederland og Storbritannia deltek. Erklæringa frå det tredje høgnivåmøtet i september 2008 i Accra i Ghana (Accra Agenda for Action – AAA) om internasjonal bistandseffektivitet, der meir enn 150 land var representerte, stadfester at det er brei internasjonal semje om at bistanden kan gjerast meir effektiv. Målsetjinga er å intensivere den globale kampen mot fattigdom. Dette er òg ei hovudsak i dei årlege *Nordic Plus*-møta. I tillegg diskuterer gruppa andre dagsaktuelle politiske tema der ei samordna tilnærming kan gje meirverdi. Gruppa gjev Noreg eit unikt innsyn i korleis EU arbeider i spørsmål knytte til mellom anna effektivitetsagendaen. Samtidig fungerer *Nordic Plus* som ein politisk spydspiss inn i politikktutforminga i EU på dette og andre aktuelle politikkområde som *Nordic Plus* engasjerer seg på. I fleire av samarbeidslanda er det etablert eit godt samarbeid mellom *Nordic Plus*-landa. I nokre tilfelle vil eitt av landa gjennom delegert samarbeid representere dei andre landa i gruppa.

Samarbeidet med Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane er formalisert gjennom ein omfattande nordisk koordineringsprosess og ei rotasjonsordning for representasjon i dei styrande organa. I Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane har Noreg i dei fleste sakene samanfallede interesser med dei andre nordiske landa, og i styra i institusjonane er det eit tett nordisk samarbeid. Felles posisjonar vert utforma heile tida, og det vert halde felles innlegg under årsmøte og møte i utviklingskomiteen i Verdsbanken, Det internasjonale valutafondet (IMF) og under årsmøta i dei regionale utviklingsbankane. Dei nordiske landa legg i det daglege arbeidet sitt vekt på å sikre at den overordna målsetjinga om fattigdomsreduksjon vert styrande for utforminga og gjennomføringa av verksemda i utviklingsbankane.

Det nordiske utviklingsfondet (Nordic Development Fund, NDF) er ein samnordisk bistandsorganisasjon som vert finansiert over bistandsbudsjetta til dei nordiske landa. NDF samfinansierer med andre multilaterale institusjonar, hovudsakleg Verdsbanken og dei regionale utvi-

klingsbankane. Den største delen av kredittane til NDF har vore nytta til å finansiere leveransar av varer og tenester frå dei nordiske landa. I 2005, etter mislukka påfyllingsforhandlingar, konkluderte dei nordiske utviklingsministrane med at det var semje om å avvikle aktivitetane til NDF. Då det

vart klart at tilbakebetalingar på lån i nominelle termar ville utgjere omlag ein milliard euro over ein periode på 35 år, vedtok likevel Nordisk ministerråd nyleg at denne kapitalen skulle brukast til å finansiere klima og utvikling på gåvevilkår for land som kvalifiserer til støtte frå IDA.

## 5 Fagleg samarbeid

### 5.1 Kultur

---

Det viktigaste målet for kultursamarbeidet i 2008–2009 er å konsolidere den nye strukturen for kultursamarbeidet og den nye arbeidsforma og å sørge for at ho fungerer på ein tenleg måte og støttar dei måla kulturministrane har vedteke for samarbeidet. Den nye strukturen skal òg vere oversiktleg og brukarvennleg og fri for overlappingar med Nordisk kulturfond og nasjonale organ og styresmakter. Føremålet med strukturreforma er at det nordiske kultursamarbeidet skal vere meir fleksibelt og ope for nye arbeidsformer, og at det lettare skal kunne svare på dei utfordringane kulturlivet i Norden står overfor i dag, både nasjonalt og internasjonalt. Det blir lagt vekt på å forankre den nye strukturen i nasjonale miljø i Norden, vidareutvikle Nordisk kulturforum som dialogverktøy for feltet og å avklare arbeidsdelinga mellom kunst- og kulturprogrammet og Nordisk kulturfond. Som følge av vedtaket til kulturministrane er det sett i gang eit arbeid med sikte å justere den nye strukturen for kultursamarbeidet. Arbeidet skjer i dialog med aktørane i det nordiske kultur- og mediasamarbeidet og resten av kulturfeltet i Norden. Så langt er tilbakemeldingane frå feltet positive og tyder på at den nye innretninga på kultursamarbeidet i hovudsak fungerer etter intensjonen. Ei evaluering av strukturen må skje på eit seinare tidspunkt. Det er inngått ny avtale mellom Nordisk ministerråd og Nordisk film- og TV-fond for perioden 2010–2014.

Kulturministrane føreslo i eit brev til dei nordiske statsministrane i januar 2008 at kulturområdet blir eit sjølvstendig profileringsområde i *Mulighetenes Norden – svar på globaliseringsutfordringene*. Ein operasjonell strategi for kulturområdet blei vedteken av kulturministrane i oktober 2008: *Det kreative Norden*. Arbeidet har involvert alle aktørar på Nordisk ministerråds kultur- og mediefelt. Ei policygruppe er sett ned, og i 2009 er fokus på konkretisering og implementering av strategien. Kulturministrane føreslår at *Nordisk kultur i verda* – som omfattar tre delprosjekt innanfor arkitektur, film og litteratur – inngår i Nordisk ministerråds overordna globaliseringsinitiativ.

*Nordisk kulturfond* fremjar kultursamarbeid mellom dei nordiske landa gjennom støtte til samarbeidsprosjekt innanfor allmennkultur og kunst. Prosjekt for og med barn og unge, prosjekt som fremjar den nordiske språkforståinga, og nye uttrykksmåtar og formidlingsformer er blant dei prioriterte områda. Det er fleire satsingar innanfor ramma av det nordiske globaliseringsprosjektet. Utstillinga *IMPACT – Art in the age of climate change* er utpeikt til Årets nordiske utstilling 2008–2010. Utstillinga blir opna under FN's globale klimamøte i København og kjem til å samle nokre av dei mest interessante og innovative mediekunstnarane i verda, som saman med vitkapssektoren, miljøekspertar og kunst- og kulturkritikarar vil gje si tolking av globale klimautfordringar. Fondet gjev òg støtte til utstillinga *Prøv verda*, som skal vere ei ny ramme for å forstå fattigdom, bistand og globalisering. Den raude tråden i utstillinga er møtet med forskjellige utfordringar i kvardagslivet som ein står overfor i utviklingslanda. Målgruppa er barn i alderen 7–10 år.

### 5.2 Utdanning og forskning (medrekna IKT)

---

#### *Utdanning*

Nordplus er Nordisk ministerråds mobilitets- og nettverksprogram for utdanning og står for mesteparten av det nordiske utdanningssamarbeidet. Ein ny generasjon Nordplus, der også dei baltiske landa har full medlemskap, starta i 2008 og gjeld for tre år. Rammeprogrammet har ein tverrsektoriell del og tre sektorprogram – for skuleområdet, høgare utdanning og vaksnes læring. Språkdelen av Nordplus er eit reint nordisk program.

#### *Høgare utdanning*

Samarbeidet mellom dei nordiske landa for å møte nye utfordringar på studiestøtteområdet blir ført vidare gjennom ei nyetablert arbeidsgruppe med representantar for utdanningsdepartementa i landa. Mellom anna er det nordiske samarbeidet viktig med tanke på utviklinga i EU og arbeidet i Bologna-prosessen.

Felles nordisk masterprogram med delfinansiering frå Nordisk ministerråd til utviklingsarbeidet skal medverke til at nordiske høgare lærestader med konsentrert fagleg innsats kan tilby så høg kvalitet at dei kan hevde seg i den internasjonale konkurransen om dei gode studentane i og utanfor Norden. Dei seks utvalde programma starta opp i 2007 og 2008 med deltakarar frå alle dei nordiske landa. Søknadsrunden viste svært høg kvalitet på studieopplegga, og seks nye masterprogram skal lysast ut våren 2009. Nordisk masterprogram er òg ein del av globaliseringsinitiativet. I tråd med rekommandasjonen frå Nordisk råd er det i 2008 gjennomført ein komparativ studie av dei nordiske lærarutdanningane. Resultatet av studien vil bli følgt opp i 2009. I september 2008 arrangerte Sverige sin formannskapskonferanse i Stockholm med temaet *Kön, utbildningsframgång och arbetsliv*. Av viktige tiltak i arbeidet for skape ei god utdanning for ungdom og vaksne i Norden kan nemnast:

- I mars 2009 arrangerte Noreg konferansen Eit felles løft for utdanning i små handverksfag i Norden. Det var ei oppfølging av Nordisk Råds rekommandasjon. Noreg arbeider vidare med desse faga for å skape auka merksemd om fag- og yrkesopplæringa. Noreg deltok på ein konferanse på Island med overgangen og samanhenget mellom barnehage og skule som tema.
- Det er bestemt at NVL (Nordisk nettverk for vaksnes læring) skal ha Vox i Noreg som vertsorganisasjon frå 1.7.2009.
- Rapporten Northern Lights on PISA 2006 skal leggjast fram på ein konferanse i Reykjavik i august 2009. Det blir ein policyrelevant rapport som skal kunne gje samanliknbare analysar av dei nordiske landa.
- Noreg er med på Nordisk klimadag 11. november 2009. Målet er å stimulere det nordiske skulesamarbeidet om klima og inspirere lærarane i klimaundervisninga. Dagen skal vere ein opptakt til FN's klimatoppmøte i København i desember 2009 (COP15).
- Ein nordisk rapport om kva pedagogiske tiltak dei nordiske landa bruker for å styrkje kreativiteten og skapartrongen til elevane, skal presenterast på ein konferanse i desember 2009 som avslutning på det europeiske året for kreativitet og innovasjon.

#### *Språksamarbeidet*

Ei nyorganisering av språkområdet er sett i verk frå 1. januar 2009. Ekspertgruppa Nordens språkråd (ENS), med representantar for landa, dei sjølvstyrande områda og samane, skal gje ministrane

råd og vere programkomité for Nordplus Språk- og kulturprogram. I språksamarbeidet skal hovudvekta framover leggjast på nabospråkforståinga hos barn og unge. For å vareta ei rekkje definerte aktivitetar er det etablert eit nettverk for språknemndene i Norden, med rådgjevingsgruppa for nordisk skulesamarbeid (NSS) som styringsgruppe og ei av dei nasjonale språknemndene som ansvarleg for å koordinere aktivitetane.

#### *Forskning og innovasjon*

Noreg støttar aktivt opp om den sterke vektlegginga av forskning og innovasjon i det nordiske samarbeidet og i den såkalla globaliseringsprosessen. Aktivitetane på nordisk nivå er i stor grad samanfalande med Noregs nasjonale satsingar på SFF (senter for framifrå forskning), forskarutdanning og infrastruktursamarbeid og kan såleis bidra til å forsterke desse. Samtidig er nordisk samarbeid mellom nasjonale program og om forskingsinfrastruktur med på å skape ei felles plattform for satsinga på å styrkje det europeiske forskingsområdet (ERA). I 2008 vedtok ein ei felles satsing på toppforskning innan klima og energi, innanfor ramma av ein ny, eigen styringsstruktur. Til saman ca 450 millionar kroner blir stilt til disposisjon av dei nordiske landa for forskingsprosjekt innanfor seks delprogram. Satsinga er tverrfagleg, spenner over både grunnforskning og innovasjon og omfattar heile kjeda frå årsaker til konsekvensar og moglege løysingar. Utgangspunktet er eksisterande aktivitetar, både på nordisk og nasjonalt nivå. Ei viktig målsetjing er dessutan at Norden skal stå sterkare samla på den globale arenaen, mellom anna med omsyn til EUs sjuande rammeprogram for forskning. Desse tematiske områda er valde ut til toppforskningsprogrammets felles program:

- Effektstudiar og tilpassingar til klimaendringar; kva utfordringar og moglegeheiter vil klimaendringane medføre for det nordiske samfunnet?
- Klimaforandringane og kryosfæren; ulike former for vekselverknader får stor innverknad på samfunn og næringsliv i Norden etter som vi ligg så nær Arktis og polare område. Styrkt kunnskap på feltet vil ha global interesse.
- Nanoteknologi og energieffektivitet; nanoteknologi er eit element i alle satsingar og kan vere eit moglege verktøy for å løyse fleire sentrale utfordringar, særleg i samband med solceller, energitransport og energilagring.
- Integrering av storskala vindkraft; i tråd med EUs strategiske energiplan blir vindkraft rekna som ei betydeleg energikjelde i framtida. Med

- ei betydeleg satsing på vindkraft reknar ein med at 15–20 % av den totale nordiske energi-produksjonen kan vere vindbasert.
- Berekraftig bioenergi; målet er å fremje nye innovative og berekraftige former for andre- og tredjegerasjons bioenergi og forsterke FoU-institusjonane og industrien i Norden på dette området.
  - Fangst og lagring av karbon; nordisk industri deltek i ei rekkje forskings- og industriprosjekt på feltet, og betre koordinering mellom aktørane kan styrkje Nordens posisjon overfor EU og resten av verda.

#### *IKT*

Som plattform for erfaringsutveksling og samarbeid er det etablert eit nordisk toppleiarforum samansett av toppleiarane i IT-departementa. Hovudoppgåvene er erfaringsutveksling om overordna nasjonale IT-politiske strategiar og prioriteringar og drøfting av eventuelle behov for felles aktivitetar og innsats på nordisk nivå. FAD representerer Noreg i gruppa. Dessutan er det etablert ei ekstern IT-ekspertgruppe som har starta eit scenarierarbeid om IKT fram mot 2020.

MR-Us rådgjevingssgrupper har inkludert IKT i arbeidet sitt. Eit møte om nordisk samarbeid innan utvikling av digitale undervisningsmiddel og fordelane ved bruk av IKT i utdanninga er planlagt 2. november 2009.

### **5.3 Miljø, medrekna tverrfagleg samarbeid**

Dei nordiske landa har eit omfattande miljør samarbeid. Rammene for miljør samarbeidet følgjer av det nye nordiske miljøhandlingsprogrammet for 2009–2012. Hovudfokuset er sett på klima og luftforureining, biologisk mangfald, kjemikaliar, avfall og hav og kystsoner. Miljøsektoren har òg ein eigen arktisk strategi for klima og miljøgifter som blir aktivt følgd opp. I tillegg er samarbeidet styrt av politiske initiativ og aktuelle spørsmål som til kvar tid står på den internasjonale dagsordenen.

Det nordiske miljør samarbeidet er i stor grad fokusert på å påverke regelverksutviklinga i EU og i andre internasjonale prosessar på dei prioriterte samarbeidsområda. I 2009 er eit særleg fokus retta mot partskonferansen for klimakonvensjonen (COP 15) som skal haldast i København i desember. Dette er ein unik sjanse for dei nordiske landa til å bidra aktivt til framgang i klimaforhandlingane, i og med at Danmark er vertskap for konferansen samtidig som Sverige har formannskapet i

EU. For å koordinere førebuingane og innsatsen i dei nordiske landa fram mot og under konferansen blei det difor oppretta ei eiga adhocgruppe for klimasaker i 2008. Det nordiske samarbeidet i klimaspørsmål vil òg bli vidareført i 2010 med fokus på oppfølginga av forhandlingsresultata frå partskonferansen i København.

Den svenske formannskapet i Nordisk ministerråd i 2008 hadde eit særskilt fokus på områda klima, kjemikaliar og havforureining. I tillegg til opprettinga av ei eiga klimaarbeidsgruppe som jobbar fram mot partsmøtet under klimakonferansen i København, er det levert nordiske innspel til arbeidet med å få på plass eit bindande globalt regelverk for kvikksølv. Dei nordiske landa har spelt ei heilt sentral rolle i prosessen som har ført fram til at det no er vedteke at forhandlingane om eit globalt bindande kvikksølvregime skal ta til. Det er òg etablert ei eiga arbeidsgruppe i havspørsmål som har hatt særleg fokus på miljøproblema i Austersjøen, men der også miljøproblema i andre nordiske havområde har vore vurderte. Tilrådingane frå denne arbeidsgruppa vart behandla av dei nordiske miljøvernministrane på møtet dei hadde i mai i år.

Island har under sin formannskap i år særleg prioritert arbeidet med klima, biodiversitet, havet, naturvern og berekraftig produksjon og forbruk.

### **5.4 Nærings-, energi- og regionalpolitikk**

#### *Næringspolitikk*

Under Sveriges formannskap i 2008 blei innsatsen i det næringspolitiske samarbeidet retta mot konkurransevne, klima, kreativitet og koordinering. Ministerrådet for næring, energi og regionalpolitikk (MR-NER) blei halde i Umeå i september 2008. Her stod klimautfordringane og det å kunne kombinere økonomisk vekst med miljøvennlege satsingar sentralt. Desse fokusområda blir vidareførte under den islandske formannskapet i 2009. I tillegg vert det lagt vekt på det nordiske samarbeidet om innovasjon, kreative industriar, reiseliv, nedbygging av grensehinder og tenestesektoren. Brukarstyrt innovasjon og måten marknaden og forbrukarane er med og formar innovasjonspolitikken på, har i endå større grad enn før stått sentralt i 2008.

Eit fleirtal av prosjekta til MR-NER blir gjennomførte i regi av Nordisk InnovasjonsCenter (NICE), som er den sentrale og implementerande institusjonen for det nordiske næringspolitiske samarbeidet. Den sitjande formannskapet samarbeider alltid tett med NICE.

Det næringspolitiske samarbeidet har den seinare tida sett fokus på kreative industriar og reiseliv som veksende næringar i Norden. Samarbeid på desse områda inngår som ein viktig del av strategiane for å skaffe Norden eit internasjonalt fortrinn som ein energisk, kreativ og leiande region.

Som ein del av arbeidet med å fjerne og forebyggje grensehindringar mellom nordiske økonomiar har det nordiske næringssamarbeidet fokusert på tenestehandelen som ein stadig viktigare sektor. I august 2007 presenterte NICE rapporten «Frå grensehinder og problem til forenkling og marknadsopning», som beskriv arbeidet NICE gjer for å fjerne grensehindringar for næringslivet i Norden og forslag til strategiar og tiltak for å fremje eit grenselaust nordisk næringsliv.

### Regionalpolitikk

Ministerrådet for nærings-, energi- og regionalpolitikk vedtok på ministermøtet i september 2008 eit nytt regionalpolitisk samarbeidsprogram for perioden 2009–2012. Hovudbodskapen i programmet er at det framleis vil bli lagt stor vekt på å sjå det nordiske samarbeidet i samanheng med det omfattande europeiske samarbeidet i regionalsektoren. Med dei utfordringane globalisering, konkurranseevne og klimaspørsmål utgjer, blir behovet for samvirke og samordning mellom periferi og sentrum av ulik storleik stadig tydelegare. Det same gjeld behovet for å byggje ned grensehinder for å møte dei særskilde utfordringane dei nordiske grenseregionane står overfor og utnytte det potensialet dei har. Med sitt fokus på den territoriale dimensjonen i samfunnsutviklinga har regionalpolitikken ei særskild rolle som strategisk bindeledd mellom ulike politikkområde og sektorinteresser. Ministerrådet har i 2008 mellom anna lagt til rette for eit felles nordisk innspel til EU-kommisjonens grønbok for territorielt samhoer. Vidare blei det i 2008 etablert fire arbeidsgrupper i temaa bypolitikk, grenseregionar, distriktpolitikk og tredjegenasjons regionalpolitikk.

### Olje og energi

Den nordiske energihandlingsplanen som dei nordiske energiministrane slutta seg til i 2005, er no inne i sitt siste år. Gjennom ministererklæringane frå Bodø-møtet 7. september 2006 og Helsingfors 20. september 2007, og med konklusjonane frå Umeå-møtet 30. september 2008, har det nordiske energisamarbeidet blitt vidareført på prioriterte satsingsfelt. Globaliseringsinitiativet har sett ny fart i det nordiske energisamarbeidet. Spørsmål under energihandlingsplanen i Norden er rele-

vante for dette initiativet. Det er sentralt for det nordiske energisamarbeidet å bidra aktivt til utforminga av energipolitikken i Europa innanfor ramma av EU/EØS.

I den svenske formannskapsperioden i 2008 heldt arbeidet med det nordiske handlingsprogrammet for energisamarbeidet som gjeld for perioden 2006–2009, fram. Det vert lagt vekt på at det nordiske energisamarbeidet skal vere ein sterk og aktiv deltakar i utforminga av energipolitikken i Norden og Europa ved å konsentrere seg om desse kjerneområda:

- energimarknader
- berekraftige energisystem
- Norden i det internasjonale energisamarbeidet

Når det gjeld rammene for energipolitikken som vert utvikla gjennom EU/EØS, er det behov for eit nordisk samarbeid i alle fasar av politikk- og regelverksutforminga. Ei prioritering av det nordiske elektrisitetssamarbeidet er rekna som spesielt viktig. Dette vart også stadfesta under møtet mellom dei nordiske energiministrane i Umeå 30. september 2008. Under den islandske formannskapskapen vart det arbeidd med ein ny energihandlingsplan for perioden 2010–2013.

Det går føre seg eit omfattande *elmarknadssamarbeid* mellom dei nordiske landa. Olje- og energidepartementet er involvert i dette samarbeidet gjennom Elmarknadsgruppa under Nordisk ministerråd. Vidare har regulatorane (NordReg) og sentralnettselskapa eit omfattande samarbeid. Utover dette samarbeider konkurransestyresmaktene i Norden om spørsmål i tilknytning til elektrisitetsmarknaden.

Det nordiske samarbeidet på kraftområdet har vore med og styrkt forsyningstryggleiken, betra utnyttinga av dei samla nordiske kraftressursane, auka investeringane i overføringslinjer mellom landa og skapt større transparens i marknaden. Moglegheitene for ein felles nordisk sluttbrukarmarknad vert òg utreda. Dette er viktige steg på vegen mot ein integrert nordisk kraftmarknad.

På ministermøtet i Umeå 2008 vart dei nordiske energiministrane samde om å halde fram med arbeidet for ein grenselaus og effektiv handel med energi. Handlingsplanen tek opp ei styrking av arbeidet med nettplanlegging og nettinvesteringar i eit nordisk perspektiv, ytterlegare inndeling av det nordiske børsområdet i pris- og bodområde, vidare arbeid med harmonisert balansehandtering og betra føresetnader for ein grenselaus handel og ein felles sluttbrukarmarknad.

Vidare arbeid på dette feltet vil òg vere knytt til forventninga om prosentvis meir elektrisitet frå



fornybare, uregulerte energikjelder. Dette medfører nye utfordringar for dei systemansvarlege nettselskapa, både når det gjeld systemdrift og nettplanlegging. Kontinuerleg nordisk nettplanlegging kjem til å vere viktig i tida som kjem. Det same gjeld eit velfungerande nordisk systemdriftssamarbeid for å handtere utfordringane i samband med balansering av elektrisitet frå fornybare, uregulerte energikjelder.

*Energidimensjonen ved klimapolitikken* har lenge vore eit viktig tema for Nordisk ministerråd.

I 2008–2009 har det vore arbeidd med policyrelevante klimaspørsmål med fokus på korleis dei nordiske landa samarbeider om og medverkar til å fremje prosessen i relasjon til FN's klimakonvensjon, Kyotoprotokollen og klimaarbeidet etter 2012 (post-Kyoto). Dette har delvis skjedd gjennom eit samarbeid med miljøsida i det nordiske samarbeidet.

Arbeidet har gått ut på å analysere utsiktene for å forbetre og utvide EUs interne kvotehandelssystem med aktørar utanfor EU, erfaringane med bruken av klimamekanismane i Austersjøregionen og dei energipolitiske føresetnadene for og konsekvensane av nye mål og grenser for framtidige klimagassutslepp, medrekna utviklings- og analysearbeidet i samband med klimaregimet etter 2012.

Det nordiske samarbeidet er tilpassa og organisert med tanke på nye globale utfordringar for klimaregimet etter 2012. Elles blir det innanfor energisamarbeidet kontinuerleg drøfta korleis ein kan styrkje og innrette samarbeidet i lys av det nordiske globaliseringsinitiativet.

Auka satsing på *fornybar energi og energieffektivisering* er ein del av den energipolitiske responsen på klimautfordringa. Dei nordiske landa har ei felles interesse av å sjå på korleis dei kan innrette verkemiddelbruken og markere leiarskap på desse områda. Det er viktig i lys av at politiske prosessar globalt og i Europa får følgjer for alle landa. Dei nordiske landa konsentrerer seg difor spesielt om utvikling av rammevilkår for energieffektivisering og fornybar energi i lys av utviklinga av direktiv og nye initiativ i EU/EØS. Under den norske formannskapet i 2006 vart det etablert arbeidsgrupper innan fornybar energi og energieffektivisering. Dette arbeidet er styrkt og vidareført i 2008 og 2009, og målet er å følgje prosessane på EU/EØS-nivå. EUs energi- og klimapakke vektlegg desse områda, og det er naturleg at det nordiske energisamarbeidet følgjer med på både vedtaksprosessar og gjennomføring av aktuelle direktiv og politiske initiativ.

Dei nordiske energiministrane deltek i *Baltic Sea Region Energy Co-operation* (BASREC), og skreiv i 2003 under ein avtale om etablering av Austersjøregionen som forsøksområde for bruk av dei fleksible mekanismane under Kyotoprotokollen. Som ei oppfølging av avtalen vart det oppretta eit investeringsfond for implementering av fellesgjennomføringsprosjekt i regionen. Eit viktig mål er å stimulere til realisering av fellesgjennomføringsprosjekt i energisektoren i Austersjøområdet. Fondet vart positivt evaluert i 2007. Dei nordiske landa er pådrivarar i BASREC-samarbeidet. Hausten 2008 vart det halde eit ministermøte i BASREC-samanheng med støtte frå Nordisk ministerråd.

Det vil vere sentralt å halde fram med det gode samarbeidet på energiområdet når det gjeld felles utfordringar innan *EU/EØS-relaterte tema*. I 2008 og 2009 har det vore samarbeidd om forslaga til høvesvis energimarknadspakke og energi- og klimapakke som er under forhandling i EU. I lys av at Kommisjonen og EU-landa er midt i ein ny diskusjon om energipolitikk, er det naturleg for dei nordiske landa å setje sterkare søkjelys på dei felles utfordringane dette inneber. Dette vart klart markert under energiministtermøtet i Umeå 2008, og saka har vore følgd opp i Nordisk ministerråd i 2009.

Det er etablert eit velfungerande *nordisk samarbeid om energiforskning*. Nordisk energiforskning (NEF) er ein institusjon under Nordisk ministerråd som er lokalisert i Oslo. Institusjonen har til føremål å vidareføre og fremje det nordiske samarbeidet på energiforskningsområdet ved å leggje til rette for auka kompetanse, konkurransevne og verdiskaping på energisektoren i Norden. NEF skal komplettere og styrkje den fellesnordiske energiforskninga. I 2008–2009 har det vore arbeidd med tilrettelegging av det nordiske toppforskningsprogrammet. Både fornybar energi og fangst og lagring av karbon (CCS) har vore prioriterte som satsingsområde under dette såkalla globaliseringsinitiativet. Hovudoppgåver for NEF er å bidra til ein felles strategi for forskning og utvikling på dei delane av energiområdet som er av felles nordisk interesse, og å støtte og utvikle forskning og utvikling på sentrale energifaglege område. I strategien for 2007–2010 er det valt ut fem tematiske område:

- integrasjon av energimarknaden
- fornybare energikjelder
- energieffektivitet
- hydrogensamfunnet
- konsekvensar av klimaendringar på energiområdet

NEF bruker ulike verkemiddel for å nå desse måla:

- økonomisk støtte til FoU og kompetanseutvikling
- arenaer for etablering av forskarnettverk og informasjonsutveksling mellom forskarar, industri og styresmakter
- konkret oppfølging av forskingsprosjekt og initiativ
- kommunikasjon og spreing av forskingsresultat

NEF er samfinansiert av dei nordiske landa med ca. 30 mill. kroner årleg. I 2009 og 2010 skal NEF utarbeide ein strategiplan for perioden 2011–2014.

NEF har i perioden 2007–2009 vore sterkt involvert i arbeidet med etablering og tilrettelegging av det nordiske toppforskningsprogrammet (TFI). TFI er ei oppfølging av det såkalla globaliseringsinitiativet som vart sett i gang av dei nordiske statsministrane på statsministermøtet i Finland i juni 2007. TFI omfattar ei eiga satsing på energiforskning som skal gå over fem år med eit totalt budsjett på rundt 400 millionar danske kroner. Både fornybar energi, energieffektivisering og fangst og lagring av karbon (CCS) er prioriterte satsingsfelt.

## 5.5 Fiskeri og fangst

*EK fisk – budsjett og organisering.* Organiseringa av arbeidet med fiskerisaker er endra som følgje av omleggingar i ministerrådet generelt (nye institusjonar for forskning og innovasjon er etablerte) og ein reduksjon i midlane som står til disposisjon for fiskerisamarbeidet. Budsjettet for fiskerisamarbeidet er redusert med vel 20 % dei siste 3-4 åra. Budsjettet for 2009 er på DKK 5 757 000, som utgjer rundt 0,67 % av det samla budsjettet for rådet og ca 17 % av budsjettet for EK-FJLS. Samarbeidet innanfor EK-FJLS blei elles evaluert i 2007/2008. Det viste seg at fiskerisamarbeidet fungerte best og mest dynamisk. Ei viktig forklaring kan vere at samarbeidet dekkjer reelle behov for å løyse relativt klart definerte utfordringar. EK-FJLS har teke konsekvensen av dei endra rammevilkåra for fiskerisamarbeidet og endra den interne organiseringa ved å leggje ned Nordisk arbeidsgruppe for fiskeriforskning, NAF, og arbeidsgruppa for miljø og fisk, MiFi (felles med EK miljø). Som erstatning er det etablert ei arbeidsgruppe for fisk (AG fisk) som skal støtte EK i ein meir strategisk retta innsats på område av høg politisk relevans for Norden og arbeide mot andre nordiske finansieringskjelder på forskings- og innovasjonssida. Både NORFORSK og NiCe krev at interessene til sektoren

blir meir målretta og strategisk innarbeidde i programma og porteføljane til institusjonane.

*Endringar i tilhøva rundt fiskerisamarbeidet.* Statsministrane har gjennom sine møte og initiativ lagt grunnlaget for formulering av nye mål, strategiar og arbeidsformer på området, mellom anna når det gjeld klima, globalisering og forskingssamarbeid. Som følgje av dette er det generert nye sektorspesifikke problemstillingar som utfordrar evna til nordisk samarbeid. Fiskerispørsmåla er i større grad vovne inn i nye utfordringar i samband med at fleire blir brukarar av havområda. Fiskeria må i aukande grad konkurrere med andre former for næringsaktivitet (ref. EUs maritime politikk). Implementeringa av EUs marine og maritime politikk føreset større grad initiativ og medverknad frå regionane i Europa. Breidda og djupna i kompetansen på nye havpolitiske problemstillingar varierer mellom dei nordiske landa, og samarbeidet tener difor på høg grad av komplementaritet.

*Växjö-erklæringa 2008.* Økonomering, sertifisering og tilhøvet til forbrukarane var eit hovudtema på ministermøtet i Växjö i 2008. Oppfølginga skjer i eit nordisk nettverk innanfor fiskerisektoren der forskarar og næringsorganisasjonar saman drøftar løysingar når det gjeld sertifisering og sporing. Problemstillingar i samband med miljømerking og sertifisering er tekne opp i arbeidsprogrammet for fiskerikomiteen i OECD for 2009–2011, som skal resultere i ein OECD-studie om *Fisheries and Aquaculture Certification*. Fleire og fleire marknader etterspør no meir omfattande elektronisk sporing. Saman med næringa har matdepartementa (Fiskeri- og kystdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet) sidan 2007 arbeidd med eit e-sporingsprosjekt, som har til mål å utvikle ein nasjonal infrastruktur for elektronisk sporing. Infrastrukturen skal leggje til rette for elektronisk sporing i heile matkjeda og skal kunne følgje heile livsløpet til eit produkt. Den elektroniske infrastrukturen skal tilpassast internasjonale standardar for sporing. I år skal det lagast ein testversjon av den skisserte elektroniske infrastrukturen. Dersom denne verkar og får tilslutnad, skal det lagast ein fullskalaversjon som kan brukast av alle aktørar i matkjeda.

Den islandske formannskapet skal i november 2009 arrangere ein konferanse der dei nordiske verdiane i matsektoren vil bli drøfta på bakgrunn av globaliseringa. Konferansen skal kast lys over korleis Norden som region kan «brandast» med omsyn til berekraft, reinleik og sporing. Som ei slags forlenging av dette initiativ skal NMR delta i EXPO i Shanghai neste år med eit seminar med fokus på matvaretryggleik. Dette vert òg eit ledd i

ein felles innsats for å «brande» dei nordiske verdiane.

*Klimaeffektar på primærnæringane – hav og fiskeri – tilpassingar og tiltak.* Dette programmet er ein integrert del av globaliseringsinitiativet (sjå generell omtale under LMD, der det òg er teke med ein omtale av m.a. ny nordisk mat, klima, sunn mat og mosjon). Klimaendringane kan påverke livet i havet i større grad enn vi tidlegare har visst, og få nye og uventa konsekvensar som vi må innrette oss etter. Dei kommersielle marine fiskebestandane kan bli endra i omfang og utbreiing. Artar som i dag er tilknytte våre havområde, kan flytte seg, og nye artar kan komme til. Dette kan mellom anna gje nye premisser for fordelinga av bestandane, endre dynamikken i fiskeriforhandlingane og føre til ny tilpassing av kvotar, flåtestruktur og reiskapar. Aukande CO<sub>2</sub>-konsentrasjonar medfører forsuring av havet, noko som kan få negativ innverknad på plankton, skaldyr og korallar. Det er i all hovudsak fiskeflåten som står for klimagassutslappa. Sektoren ser ut til å nå måla som er sette for utsleppsreduksjon. Ei arbeidsgruppe med representantar for ulike delar av fiskerinæringa har identifisert ei rekkje tiltak for ytterlegare utsleppsreduksjonar i sektoren. Aukande temperaturar kan gje oppblomstring av skadelege algar, auka sjukdomsfare og dårlegare fiskevelferd for oppdrettsfisk. Issmelting i Arktis som følgje av klimaendringane kan gjere nye område tilgjengelege for aktivitet og opne ein passasje for skip. Vidare er navigasjonsinstallasjonar sårbare for vêr og vind. Fyr, merke og dekningsverk må dimensjonerast for å handtere klimaendringane. Nasjonalt, nordisk og internasjonalt vil forskning og overvaking av økosystemet bli viktige nordiske innsats- og samarbeidsområde for å utvikle vedtaksgrunnlag for tiltak.

*Marin innovasjon.* Forsking og innovasjon i fiskeriet (og akvakulturen) har i stor grad vore finansiert med midlar som har vore stilte til disposisjon av ministerrådet. Løyvingane er no vesentleg reduserte, og samtidig er det etablert nye nordiske institusjonar, NORA for forskning og NiCe for innovasjon. På fiskerisida blir det arbeidd svært aktivt for at dei to institusjonane skal prioritere program og prosjekt som er til nytte for sektoren. Mellom anna arrangerte fiskerisamarbeidet saman med NiCe og NORA ein konferanse om marin innovasjon i Reykjavik 12. mai 2009 der målet var å identifisere og drøfte innovasjonsområde som kan vere eigna for samarbeid i Norden og med Canada. Det vert no arbeidd med å etablere konkrete samarbeidsprosjekt med canadisk deltaking og likeins eit nordisk marint innovasjonsprogram som m.a.

dekkjer fiskereiskapar, akvakultur, foredling, distribusjon og algeteknologi. Dette er eit viktig initiativ som føreset mobilisering av det nordiske støtteapparatet for forskning og innovasjon. Samarbeidet med Canada er ei oppfølging av formannskapsprogrammet for 2009.

*Den globale fiskerisektoren.* Fiskerisamarbeidet har sett forvaltning av havet på dagsordenen i 2009. Internasjonale og nasjonale prosessar aktualiserer djuptgåande diskusjonar om kva posisjonar, ønske og krav fiskerisektoren har til ei integrert havforvaltning og om forholdet til andre sektorar. Globalt står fiskerisektoren framfor store utfordringar når det gjeld å utvikle berekraftige fiskeri. Utviklingslanda har store utfordringar med å bygge opp nødvendig forvaltningskapasitet og å innfri kravet om berekraftig utnytting av dei levande marine ressursane. Dette er fakta som er understreka av FAO, OPEC og Verdsbanken, og dei er dessutan prioriterte område for norsk utanrikspolitikk, sjå *St. meld. nr. 15 (2008-2009) Interesser, ansvar og muligheter. Hovedlinjer i norsk utenrikspolitikk.* Dei nordiske landa har vore aktive i den globale debatten om korleis fiskeria kan gjerast berekraftige. Vidare er dei nordiske landa vesentlege sponsorar for Verdsbankens PROFISH-program og aktivitetar i FAO-regi. Nordisk ministerråd vil engasjere seg i utviklinga i dei globale fiskeria på område der nordiske initiativ kan gjere nytte.

*Nordistnettverket.* I regi av embetskomiteen for fisk (EK fisk) blir det arrangert eit årleg møte med nordiske tilsette i sekretariata i internasjonale organisasjonar på fiskeriområdet. Møta gjev framifrå oversikt og overblikk over fiskerirelevante internasjonale prosessar som er av interesse for Norden. Vidare gjev dei høve til å sonde interesse for konkrete samarbeidsinitiativ med dei internasjonale organisasjonane. På møtet 2. juli 2009 drøfta ministerrådet for fiskeri, havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) kva fiskeri- og havbrukssektoren har å seie for verds-handelen, og dei diskuterte behovet for å fremje ansvarleg og berekraftig fiskeri og akvakultur. I denne samanhengen vedtok dei *Ísafjörður-erklæringa*, der ministrane

- gjer merksam på at fiskeri- og akvakulturforvaltning er utfordringar for alle land, ikkje minst dei utviklingslanda som manglar forvaltningskapasitet
- understrekar det viktige i ei ansvarleg og økosystembasert, berekraftig resursforvaltning i fiskeri- og akvakultursektoren over heile verda
- erkjenner at utviklinga har økologiske, teknologiske, økonomiske og sosiale dimensjonar, også etiske, og at det primære føremålet med

den berekraftige utviklinga er å forbetre livsvilkåra for alle menneske som er direkte eller indirekte sysselsette i fiskeri- og akvakultursektoren og det naturlege produksjonssystemet

- seier seg overtydde om at det er behov for kapasitetsoppbygging i utviklingslanda med omsyn til bevaring, forvaltning og berekraftig økosystembasert utnytting av havressursane
- oppmodar det internasjonale samfunnet generelt og dei nordiske landa spesielt til å arbeide for fiskeri- og akvakultursektoren sine interesser i samband med utviklingshjelp, både når det gjeld matvareforsyning og handelsmoglegheiter for utviklingslanda

*Reforma av EUs felles fiskeripolitikk.* Ministerrådet har svart på ei framstilling (5/2008) og eit skriftleg spørsmål (E3/2009) frå Nordisk råd om reforma av den felles fiskeripolitikken i EU, og har vedteke å gå inn som aktiv deltakar i drøftingane i samband med lanseringa av grønboka om reform av den felles fiskeripolitikken. Ministerrådet og Nordisk råd har hatt dialog om førebuingane og vil undersøkje om det er aktuelt å halde felles tilstellingar. Fiskerisamarbeidet har på fleire møte og konsultasjonar med EU-kommisjonen drøfta korleis Norden best kan bidra til debatten om ein felles fiskeripolitikk i EU. Nordiske forskarar vil utarbeide ein rapport om erfaringar i fiskeriforvaltning med fokus på tema som rettsbasert forvaltning, utkast og samforvaltning (*co-management*). En ekspertkonsultasjon om regionalisering av fiskeriforvaltninga i EU vart arrangert hausten 2009.

*Eit døme på samarbeid – Nordisk marint akademi (Nordic Marine Academy).* Som følgje av krav til økosystembasert forvaltning er fiskeriforvaltninga blitt meir kunnskaps- og kompetansekreivande. I tillegg er fiskerispørsmåla i større grad blitt vovne inn i havspørsmål der fiskeria kjem i eit sterkare konkurranseforhold til andre aktivitetar (ref. EUs maritime politikk). Etableringa av Nordisk marint akademi er eit svar på desse utfordringane. NMA er eit femårig prosjektsamarbeid mellom NordForsk og fiskerisamarbeidet om forskarutdanning på PhD-nivå. Fleire hundre PhD- og mastergradstudentar har delteke på kurs og fått utteljing for ei rasjonell unytting av faglege spesialitetar i dei nordiske landa. Prosjektsamarbeid på mange område og plan innanfor ressursrelaterte tema, foredling, mattryggleik o.a. har utvikla forskarnettverk på tvers av Norden. Arbeidet i NMR medfører òg at nyttige nettverk både for politikarar, forvaltarar og forskarar kan utviklast og vedlikehaldast. Nettverka har danna grunnlaget for organisering av forskarkonsortium for søknader til

rammeprogram i EU, ofte med svært god utteljing. Forskarskulen vart evaluert i 2008, og tilbakemeldingane var svært gode. Ein viktig diskusjon i fiskerisamarbeidet har difor vore forlenging og eventuell vidareføring av prosjektet ut over 2010, og dette kjem til å vere eit viktig tema i samtalar mellom fiskerisamarbeidet og NordForsk.

## 5.6 Jord- og skogbruk

Globaliseringsinitiativet vert følgt opp i ministerrådet for fiskeri, havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS).

Saman med globaliseringsinitiativet ligg den nye NMR-strategien for berekraft til grunn for det nye handlingsprogrammet for perioden 2009–2012. Slik skal aktuelle oppgåver og utfordringar i samband med globaliseringsinitiativet kunne prioriterast generelt og i dei årlege formannskapsprogramma.

Det er utarbeidd eit rammeprogram for perioden 2009–2013. Det skal supplerast av formannskapsprogrammet for kvart år slik at dei til saman dannar handlingsprogram for 2009–2013. Dei årlege formannskapsprogramma skal vere med og oppdatere handlingsplanen slik at tidsaktuelle oppgåver blir prioriterte.

Rammeprogrammet vart vedteke på ministermøtet i Växjö juni 2008. Dei seks satsingsområda i rammeplanen er å

- bidra til utvikling av konkurransekraftig produksjon
- bidra til å forbetre føresetnadene til dei nordiske landa i møte med klimaendringane og utfordringane med dei
- sikre kommande generasjonar genetisk mangfald
- støtte ei berekraftig utvikling av kyst- og innlandsbygdene i Norden og kulturen deira
- vidareutvikle den nordiske velferdsmodellen med vekt på god folke- og dyrehelse og høg dyrevelferd
- bidra til at felles nordiske vurderingar får gjennomslag i internasjonale prosessar og forum.

Klimaendringane og konsekvensane dei får for primærnæringane i Norden, var eit gjennomgangstema på sommarmøtet til ministrane i Växjö i juni 2008. Ministerrådet sette søkjelyset på biologiske og næringsmessige sider ved klimaendringane, mellom anna følgjene for primærnæringane og matproduksjonen, og på korleis klimagassutsleppa kan avgrensast. Dette vil medføre auka nordisk innsats i forskings- og innovasjonsarbeidet om

klima, energi og miljø. Ministrane la vekt på å styrkje grunnlaget for framtidige politiske avgjerder i samband med aktuelle regulerings- og forvaltningstiltak. MR-FJLS er involvert i globaliseringsinitiativet til statsministrane.

Av dei tretten godkjende forslaga i globaliseringsinitiativet frå 2008 er programmet «Klimaeffektar på primærnæringane – tilpassingar og tiltak» lagt til MR-FJLS. Programmet skal vere med og innfri måla i rammeprogrammet når det gjeld punkt II Klima. Til å gjennomføre programmet er det sett ned ei styringsgruppe der MR-FJLS-arbeidsgruppene NMDD, AG-FISK, NKJ, SNS og NordGen forutan EK-U og EK-M blir trekte inn i arbeidet. NordForsk har sekretariatsfunksjonen for styringsgruppa. Programplanen er godkjend av alle landa, og prosjektet har starta opp i 2009. Prosjektet skal strekkje seg til 2012 med sikte på vidare drøfting og nordisk anbefaling det året.

Eit prosjekt om korleis primærnæringane kan bli påverka av klimaendringane, tek utgangspunkt i nasjonale prioriteringar og nasjonale styrkeposisjonar og skal medverke til å styrkje og effektivisere den samla nordiske forskinga på området i tråd med føringar frå statsministrane. Det er sett ned ei tverrsektoriell styringsgruppe for prosjektet.

Nordisk genressurssenter (NordGen) vart etablert 1. januar 2008. Det nordiske genressurssamarbeidet, som tidlegare omfatta Nordisk genbank for plantar, Nordisk genbank for husdyr og Nordisk skogbruks frø- og planteråd, vart frå denne datoen samordna i Nordisk genressurssenter. Organisasjonen arbeider for å sikre og utnytte det genetiske mangfaldet hos husdyr, vekstar og tre i dei nordiske landa. God tilgang på genetiske ressursar er ein føresetnad for berekraftig produksjon i landbruket og for å kunne tilpasse produksjonen til eksisterande og endra klimaforhold og andre behov. Bevaring av variasjon innan genetiske ressursar er ein føresetnad for at kommande generasjonar skal kunne utnytte plante- og dyremangfaldet i pakt med nye og endra behov, og for utvikling av meir miljøvennlige produksjonsmåtar. NordGen skal arbeide for berekraftig bruk og bevaring av genetiske ressursar hos husdyr og i skog- og plantemateriale, i nært samarbeid med dei nasjonale programma i Norden og med vekt på informasjon og kunnskapsbygging. Evalueringar av det nordiske arbeidet med genressursar har konkludert med at det har svært stor nordisk nytte og er eit viktig supplement til det nasjonale arbeidet på området. Arbeidet til NordGen gjer òg at Norden kan profilere og posisjonere seg godt i det internasjonale genressursarbeidet. Utviklingspotensialet i

NordGen vart drøfta på ministermøtet i 2009, og ministrane noterte seg at NordGen blir stadig viktigare. MR-FJLS vedtok å setje i gang eit utgreiingsarbeid for å sikre og styrkje NordGen som ein sentral nordisk organisasjon for bevaring og berekraftig utnytting av genressursar. Utgreiinga skal setjast i gang av EK-FJLS med bistand frå sekretariatet i NMR.

Det nye frølageret på Svalbard (Svalbard Global Seed Vault) vart opna av statsminister Jens Stoltenberg 28. februar 2008 med både verdspressen og faginstusjonar godt representerte. Frøkvelvet har alt vist seg som ein stor suksess. Til no har 25 internasjonale og nasjonale institusjonar deponert meir enn 400 000 frøprøvar for sikker langtidslagring i frøkvelvet. Den 26. februar i 2009 vart eittårsjubileet for Svalbard globale frøkvelv markert med eit internasjonalt seminar på Svalbard. I ein uttale frå seminaret blir det slått fast at dagens matplantar er under press. Tap av biologisk mangfald er i dag ei av dei største utfordringane for miljø og berekraftig biologisk produksjon. Konsekvensen kan bli eit irreversibelt tap av matplantar tilpassa klimaendringar og nye plantesjukdomar, og problema med å dekkje matbehovet til ei veksende befolkning kan auke.

I frøkvelvet kan det oppbevarast duplikatorar av frøsamlingar i genbankar slik at tilsvarande frø kan hentast ut dersom katastrofar, ulykker eller anna fører til at ordinære samlingar går tapt. Frølageret på Svalbard er eit sentralt og viktig bidrag til å sikre det biologiske mangfaldet i landbruket. Spesielt viktig vert det for utviklingslanda, og FAO og den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar ser med stor interesse på tiltaket.

Deponeringa av frø i Svalbard globale frøkvelv skal vere i samsvar med relevant nasjonalt og internasjonalt regelverk. Frøkvelvet vil ta imot frø som er gjort tilgjengeleg gjennom det multilaterale systemet eller artikkel 15 i FAOs internasjonale traktat om plantegenetiske ressursar for mat og jordbruk (ITPGRFA), eller frø som stammar frå landet som deponerer materialet. Det er oppretta eit internasjonalt råd for frøkvelvet. NordGen har ansvaret for drifta gjennom ein eigen avtale mellom Landbruks- og matdepartementet, Global Crop Diversity Trust og Nord-Gen.

Det treårige programmet «Ny nordisk mat 2007–2009» er vorte svært populært i dei nordiske landa. Det skaper rom for utvikling av lokal og regional mat og matkultur, for regional utvikling og verdiskaping og for profilering av nordisk mat og matkultur både nasjonalt og internasjonalt. Det er etablert ei eiga nordisk styringsgruppe med norsk leiing. Den fellesnordiske satsinga på programmet

er på 22,6 millionar kroner over ein treårsperiode. Nordisk innovasjonssenter yter rundt 10 millionar kroner retta mot innovasjonsaktivitetar. Som følge av den tverrfaglege strukturen har programmet deltaking frå fleire sektorar i NMR. Programmet vert vidareført i kommande år.

Under ministermøtet på Island 2. juli 2009 vedtok ministrane å setje i gang eit nytt nordisk matprogram for perioden 2010–2014 med auka tverrsektorielt samarbeid der relevante aktørar blir involverte.

*Bioenergi* har fått stor merksemd i nordisk samanheng dei siste åra. Det har resultert i to ministererklæringar der det var semje om ei felles satsing for å auke kunnskapen om bruk av biologisk materiale til energiføremål.

## 5.7 Økonomi- og finanspolitikk

Hovudmåla med det nordiske samarbeidet på det økonomiske og finansielle området er høg og berekraftig vekst i produksjon og sysselsetjing, låg arbeidsløyse og låg og stabil prisstiging. Samarbeidet skal elles fremje nordiske interesser internasjonalt. EU-saker har høg prioritet. Samarbeid og informasjonsutveksling om skattespørsmål er òg eit fast innslag på finansministermøta.

I åra framover vil aldringa i befolkninga leggje auka press på dei offentlege finansane. For å møte denne demografiske utfordringa legg alle dei nordiske landa stor vekt på å sikre høg yrkesdeltaking og styrkje statens formuesposisjon. Dette speglar seg av i ein aktiv arbeidsmarknads- og sysselsetjingspolitikk, pensjonsreformer og målsetjingar om fortløpande budsjettoverskot i offentlig sektor.

Dei nordiske finansministrane har vedteke å starte eit nytt nordisk økonomisk tidsskrift som skal heite *Nordic Policy Review*. Tidsskriftet skal sjå på økonomisk-politiske spørsmål i eit nordisk perspektiv og fremje diskusjonen om slike saker i dei nordiske landa. Tidsskriftet skal komme ut to gonger i året. I samband med utgjevingane skal det haldast faglege seminar om emna tidsskriftet tek opp. Første utgjeving er planlagd våren 2010.

Det er gjennomført tiltak for ytterlegare å bygge ned grensehinder mellom dei nordiske landa, mellom anna i samband med den nordiske skatteportalen som vart oppretta i 2005.

I samband med det nordiske finansministermøte i oktober 2008 vart det vedteke å opprette ei embetsmannsgruppe på høgt nivå som skal følgje gjennomføringa av stabiliseringsprogrammet Island har med Det internasjonale valutafondet (IMF), og drøfte og utarbeide støttetiltak som kan

medverke til å få Island ut av den økonomiske krisa. I samanheng med IMF-programmet har dei andre nordiske landa inngått avtaler med Island om langsiktige lån på tilsaman 1.775 milliardar euro. Det norske lånet er på 480 millionar euro som tilsvarer om lag 4,2 milliardar kroner.

For å motverke skatteflukt vedtok dei nordiske finansministrane i 2006 å samarbeide om å inngå avtalar med skatteparadis om informasjonsutveksling. I oktober 2007 vart den første avtalen underteikna med Isle of Man. I samband med finansministermøtet hausten 2008 vart det underteikna avtalar med Jersey og Guernsey. Seinare er det underteikna avtalar med Bermuda, Dei britiske Jomfruøyane og Caymanøyane. Elles er avtalar med Dei nederlandske Antillane og Aruba under førebuing. Det er vedteke å forlengje det nordiske samarbeidet til 2012.

Ei felles arbeidsgruppe under EK-Miljø og EK-Finans tek hand om samarbeidet på miljøøkonomi-området. Gruppa er eit forum for faglege diskusjonar, og her kan dei nordiske landa dessutan koordinere førebuingane til internasjonale møte, spesielt møte i EUs miljøøkonomigruppe (ENVECO). Gruppa har avslutta fleire prosjekt i 2008 og har fleire større prosjekt under planlegging og oppstart.

### *Verksemda i Den nordiske investeringsbanken (NIB) i 2008*

Banken har til oppgåve å yte investeringslån og stille garantiar på bankmessige vilkår og i samsvar med samfunnsøkonomiske omsyn til prosjekt som er av interesse for medlemslanda og andre land som tek opp slike lån. Låneaktivitetane omfattar mellom anna investeringslån til verksemdar i to eller fleire medlemsland, finansiering av miljø- og infrastrukturinvesteringar, lån til regionalpolitiske kredittinstitusjonar, ordinære investeringslån utanfor Norden og prosjektinvesteringar til kredittverdige utviklingsland og land i Sentral- og Aust-Europa. Banken er eigd av dei baltiske landa. Banken hadde eit underskot på 281 millionar euro eller om lag 2,5 milliardar kroner for rekneskapsåret 2007, mot eit overskot på 69 millionar euro i 2007. Underskotet har samanheng med auka internasjonale renter og fall i marknadsverdien på bankens handelsportefølje. I 2008 vart det ikkje utbetalt utbytte til eigarane.

Ved utgangen av 2008 var samla utlån og garantiar frå NIB på 13 milliardar euro eller 117 milliardar kroner. Av dette kom utbetalingane i 2008 opp i eit rekordnivå på om lag 2,5 milliardar euro. Uteståande lån og garantiar til medlemslanda

utgjorde 10,1 milliardar euro eller om lag 90 milliardar kroner. Ved utgangen av året utgjorde utlånet til Noreg 17 % av samla utlån i banken.

Banken har formelt samarbeid med 38 land utanfor Norden og Baltikum. Lån til desse landa utgjør ein aukande del av verksemda i NIB og kom i 2007 opp i eit samla beløp på 680 millionar euro. NIB deltek òg i miljøfinansiering. I 2008 gjekk 21 % av tildelte lån til miljøprosjekt.

## 5.8 Sosial og helse

### Ny institusjonsstruktur

Som eit ledd i moderniseringa av Nordisk ministerråd vedtok dei nordiske samarbeidsministrane i desember 2008 den endelege institusjonsstrukturen på sosial- og helseområdet. Den nye institusjonsstrukturen vart teken i bruk 1. januar 2009 og innebar etablering av ein ny institusjon på det sosiale området med namnet Nordisk velferdssenter (NVC), med hovudkontor i Stockholm. NVC er ei samanslåing av Nordisk samarbeidsorgan for handikapsprosjekt, Nordisk utviklingssenter for hjelpemiddel og Nordisk utdanningssenter for utvikling av sosialservice. Nordisk senter for alkohol- og narkotikaforskning og Nordisk utdanningssenter for døvblinde, som høvesvis held til i Helsingfors og i Dronninglund på Jylland, er omdanna til dotterinstitusjonar under den nye institusjonen. Den nordiske høgskulen for folkehelsevitskap (NHV) i Göteborg består som institusjon på helseområdet, og det er lagt opp til eit utstrekt samarbeid mellom NVC og NHV.

I 2008 har Helse- og omsorgsdepartementet i samarbeid med sekretariatet i Nordisk ministerråd vurdert ny organisatorisk tilknytning for Nordisk institutt for odontologiske materiale (NIOM). På møtet i ministerrådet for sosial- og helsepolitikk (MR-S) 29.–30. juni i år vart det vedteke at NIOM skulle omdannast til eit nordisk samarbeidsorgan, organisert som dotterselskap under UniRand AS ved Universitetet i Oslo, med verknad frå januar 2010.

### Status på samarbeidsområde

#### Internordiske trygdespørsmål

Det er viktig å sikre at reguleringa av internordiske trygdespørsmål ikkje kjem i konflikt med EU/EØS-reglane om koordinering av trygderettar. Ei arbeidsgruppe som vart sett ned i april 2008, er i ferd med å sjå på endringar som blir nødvendige i samband med dei nye EF-forordningane som etter planen kjem i mars 2010.

#### Rusområdet

*Alkohol.* Dei nordiske sosial- og helseministrane vedtok i 2004 ein uttale om samarbeid om alkoholpolitiske spørsmål i internasjonale organ. Det er særleg overfor Verdhelseorganisasjonen og EU eit slikt samarbeid er etablert. Nordisk senter for alkohol- og narkotikaforskning (NAD) har sidan 2004 utarbeidd ein årleg statusrapport for dei nordiske sosial- og helseministrane. Frå 2009 er denne oppgåva overført til NVC Finland, og på møtet i MRS i juni 2009 vart det vedteke at den årlege alkoholpolitiske rapporteringa skulle halde fram.

Vidare knyter det seg eit kontinuerleg samarbeid til partnerskapen for helse og livskvalitet under Den nordlege dimensjonen, der det mellom anna er ei eiga ekspertgruppe om alkoholskadar. EU-kommisjonen la hausten 2006 fram ein kommunikasjon om ein alkoholpolitisk strategi for EU. Det er sett i gang eit omfattande arbeid rundt oppfølginga av tiltaka i strategien. Verdhelseforsamlinga vedtok i 2008 at det skal utarbeidast ein global strategi for å redusere skadeleg bruk av alkohol.

Dei nordiske landa samarbeidde nært for å medverke til at resolusjonen gjekk gjennom i helseforsamlinga. Etter vedtak på det nordiske ministerrådsmøtet i Visby i juni 2008 er det sett ned ei nordisk tenestemannsgruppe for alkoholpolitisk samarbeid til å organisere dette samarbeidet.

#### Narkotika

Nordisk narkotikaforum – eit uformelt nordisk samarbeid på embetsnivå vart arrangert av det svenske formannskapet i Visby, Sverige 11.–12. September 2008. Representantar frå dei nordiske landa saman med representantar for NVC Finland og EUs narkotikabyrå deltok i forumet. Det vart særleg fokusert på korleis etterspurnaden etter narkotika kan reduserast samt på menneskerettar. Forumet vart ført vidare med eit møte i Reykjavik i september 2009. I dette møtet var det eit sentralt tema korleis ein skulle følgje opp FN sitt høgnivåmøte om narkotika i Wien i mars 2009.

#### Utsette born og unge

Gjennom deltaking i EK-S og MR-S vil Barne- og likestillingsdepartementet medverke til at barneperspektivet vert vareteke gjennom det nordiske samarbeidsprogrammet på området. Det treårige samarbeidsprogrammet mellom Nordisk Ministerråd, styresmaktene i Nordvest-Russland og dei tre baltiske landa (2006–2008) som var retta mot born med nedsett funksjonsevne og familiane deira, vart avslutta i 2008. Det er gjennomført ei rekkje aktivi-

tetar i regi av samarbeidsprogrammet, som no vert følgt opp av styresmakter på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå i samarbeidslanda.

#### *Personar med nedsett funksjonsevne*

Europarådet og Nordisk ministerråd har starta eit samarbeid der målet er å betre situasjonen for *personar med nedsett funksjonsevne*. Under Nordisk handikappolitisk råd er det fem sektornettverk på områda bygg- og samfunnsplanlegging, utdanning, transport, kultur og arbeidsmarknad. NVC er sekretariat for desse nettverka. Frå 2009 er det oppretta eit nytt, sjettem nettverk med samordning av politikken for personar med nedsett funksjonsevne som arbeidsfelt. På initiativ frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet i Noreg finansierte Nordisk ministerråd i 2008 ei kartlegging av innovasjon og teknologisk utvikling på hjelpemiddelområdet i Norden. Kartlegginga vart gjennomført av ei arbeidsgruppe med 1–2 representantar frå kvart av dei nordiske landa. Det var lagt vekt på tilhøvet mellom utvikling av hjelpemiddel og av meir universelt utforma produkt. I tillegg ville ein med tanke på det nordiske arbeidet med nedbygging av grensehinder stimulere til auka nordisk samarbeid innan innovasjon og teknologi, slik at ein i større grad kunne dra nytte av kvarandres erfaringar. Det vart utarbeidd ein rapport om funna frå kartlegginga som vart trykt og distribuert av NMR i januar 2009. Sluttrapporten peikar på at det går føre seg mykje relevant samarbeid på hjelpemiddelområdet i Norden, og at landa uttrykkjer ønske om og behov for at samarbeidet held fram og blir utvida. Det blei avdekt behov for sterkare koordinering på nordisk nivå for å hindre dobbeltarbeid og med sikte på å kople aktuelle nasjonale miljø til kvarandre. Den nye nordiske institusjonen NVC er rekna som ein viktig aktør i dette arbeidet.

#### *Helseberedskapssamarbeid*

Dei nordiske landa har lang tradisjon for samarbeid om helseberedskap. Den nordiske helseberedskapsavtalen frå 2002 dannar den formelle ramma. Som ledd i oppfølginga av *St.meld. nr. 37 (2004–2005) Flodbølgekatastrofen i Sør-Asia* og avgjerda til utanriksministrane frå 2005 om å styrkje samarbeidet mellom dei nordiske landa ved kriser og katastrofar i utlandet, har ei arbeidsgruppe anbefalt eit formalisert samarbeid på dette området, m.a. om førebyggjande tiltak, varsling, gjennomføring av redningsarbeidet, etikk, rapportering, evaluering, kommunikasjon og informasjonsutveksling. Det vert arbeidd med ei handbok som konkretiserer rutinar og prosedyrar for dette sam-

arbeidet. Frå norsk side ser vi på dette som eit svært viktig samarbeidsområde.

#### *Pandemiberedskap*

Dei nordiske sosial- og helseministrane vart i januar 2008 samde om eit tettare samarbeid i spørsmål som rører ved den nasjonale beredskapen mot spreiding av pandemisk influensa. Verda er no ramma av eit influensautbrot med eit nytt virus, influensa A (H1N1). På det noverande tidspunktet ser det ut til at vi går inn i ein periode med mange som vert smitta, men dei som blir sjuke, har eit relativt mildt sjukdomsbilete. Mykje er uklart enno, og arbeidet med å etablere eit fullgodt bilete av eigenskapane til det nye viruset er i full gang. Norske helsestyresmakter har sett i verk fleire tiltak mot pandemisk influensa. Dei norske førebuingane skjer innanfor eit tett internasjonalt samarbeid, i tråd med tilrådingar frå WHO og EU. I denne situasjonen haustar Noreg fruktene av eit langvarig, tett og godt samarbeid med dei nordiske nabolanda våre. Pandemispørsmålet stod også på dagsordenen på møtet i MR-S 29. og 30. juni 2009, som fokuserte mest på utveksling av informasjon. EK-S fekk i oppdrag å følgje saka vidare på bakgrunn av drøftingane under møtet.

## **5.9 Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø**

Stortingsmeldinga i fjor gjorde greie for korleis ein i ministerrådet for arbeidsliv (MR-A) i mange år har teke opp globaliseringsrelevante problemstillingar. Samarbeidet har fokusert på korleis arbeidsmarknads-, arbeidsretts- og arbeidsmiljøpolitikken kan innrettast for å møte strukturelle utfordringar på arbeidsmarknaden.

MR-A godkjende i 2008 eit nytt samarbeidsprogram for perioden 2009–2012. Det tek utgangspunkt i endringane dei nordiske landa står overfor som følgje av globalisering, demografisk utvikling og klimaendringar. På det årlege ministermøtet hausten 2008 slutta ministrane seg til ei vidareutvikling av globaliseringssamarbeidet innanfor fire breie tema: 1) nordisk samarbeid om migrasjon og rekruttering av utanlandsk arbeidskraft, 2) utfordringar knytte til arbeidsliv og avtalesystem som følgje av fri mobilitet for arbeidstakarar og tenesteytarar, 3) konsekvensar av globaliseringa for framtidige arbeidskraft- og kvalifikasjonsbehov i Norden, 4) den sosiale dimensjonen ved globaliseringa – arbeidstakarrettar og arbeidsmiljø i ein global økonomi.

Gjennom sine tre fagutval – arbeidsmarknadsutvalet, arbeidsmiljøutvalet og arbeidsrettsutvalet



– arbeider embetsmannskomiteen for arbeidsliv i den pågåande fireårsperioden med å konkretisere fagleg funderte og gjennomførlege prosjekt innanfor desse temaområda. Dei årlege budsjetta for sektoren bestemmer prosjektomfanget.

Erfaringsutveksling om den aktuelle situasjonen på arbeidsmarknaden og tiltak for å takle finanskrisa og ein svekt arbeidsmarknad vil òg stå sentralt i drøftingane i arbeidslivssektoren i år.

Eit hovudmål for den svenske formannskapet i ministerrådet for arbeidsliv i 2008 var å knyte det nordiske samarbeidet tettare til EU-arbeidet som går føre seg på arbeidsmarknads-, arbeidsmiljø- og arbeidsrettsområdet. Det kan illustrerast med temavalet for nordiske konferansar som er haldne gjennom året. Normkonfliktar mellom EU og ILO var tema for eit nordisk trepartsseminar. Strategiar for å møte den demografiske utfordringa var tema både for eit eige seminar og det etterfølgjande årlege nordiske arbeidsministermøtet. EU-kommissæren på feltet deltok både på seminaret og på ein uformell middag for ministrane. Slik vart det lagt vekt på samspelet mellom erfaringsutvekslinga som skjer gjennom det nordiske samarbeidet og gjennom EU-samarbeidet. Dei nordiske landa var samde om at dei demografiske utfordringane må møtast med tiltak på fleire plan, primært ved å mobilisere arbeidskraftressursar som står utanfor arbeidsmarknaden, få arbeidstakarar til å arbeide lenger og rekruttere utanlandsk arbeidskraft.

Alle utval under Nordisk ministerråd på arbeidslivsområdet skal ha eit perspektiv på inkludering. Sidan 2006 har dei nordiske landa utveksla informasjon og erfaringar i integrerings-spørsmål på årlege tenestemannsmøte. Arbeidsinnvandring, rekruttering og arbeid med mangfald i arbeidslivet, unge med minoritetsbakgrunn og indikatorarbeid er tema som har vore drøfta.

Dei nordiske landa møttest i tillegg årleg på embetsnivå for å utveksle erfaringar og informasjon på statsborgarfeltet. Dette samarbeidet omfattar den nordiske avtalen om statsborgarskap.

## 5.10 Ernæring og mattryggleik

Ministerrådet for fiskeri, havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) og ministerrådet for sosial- og helsepolitikk (MR-S) vedtok i juli 2006 ein nordisk handlingsplan for betre helse og livskvalitet gjennom mat og fysisk aktivitet. Som eit ledd i oppfølginga av planen vert det i 2009 gjennomført eit pilotprosjekt for felles nordisk overvaking av kosthald, fysisk aktivitet og overvekt. Med utgangspunkt i handlingsplanen er det òg etablert

eit nordisk nettverk for fysisk aktivitet, mat og helse i regi av Helsedirektoratet, Statens folkehelseinstitutt og Sundhedsstyrelsen. Nettverket omfattar også regionalt nivå i dei tre landa og skal samarbeide ut 2010. På sommarmøtet i MR-FJLS 2009 vart det lagt fram ein statusrapport for handlingsplanen.

Noreg, Sverige og Danmark er samde om å bruke «Nøkkellolet» som felles frivillig merkjeordning for sunne matvarer. Det er utarbeidd felles kriterium for bruk av ordninga, og det er planlagt ei felles lansering av Nøkkellolet hausten 2009.

Det felles veterinære beredskapssamarbeidet i Norden har framleis høg prioritet. Målsetjinga er å styrkje beredskapen i dei nordiske og baltiske landa på dyrehelseområdet, mellom anna i form av felles strategiar mot sjukdomar, felles opplæring og felles bruk av ressursar og utstyr. Som ei oppfølging av resolusjonen om dyrevelferd og matkvalitet som blei vedteken på møtet i MR-FJLS sommaren 2008, er det etablert eit nordisk nettverk for dyrevelferd. Nettverket skal bidra til å styrkje det nordiske samarbeidet for i størst mogeleg grad å skape ei felles nordisk haldning på området og dermed større gjennomslagskraft i internasjonale forum der dyrevelferd er tema. Det er òg etablert eit nordisk nettverk som skal drøfte EUs dyrehelsestrategi (CAHP) for å identifisere og drøfte felles nordiske interesseområde i dyrehelsestrategien.

I det nordiske klimasamarbeidet blir beredskap mot nye plante- og dyresjukdomar ei viktig utfordring i åra som kjem.

## 5.11 Likestilling

Under den finske formannskapet i 2007 og den svenske i 2008 er intensjonane i det femårige samarbeidsprogrammet for perioden 2006–2010, «Med fokus på kjønn er målet eit likestilt samfunn», følgde opp. Ministerrådet for likestilling (MR-Jäm) vedtok i 2007 kjerneoppgåvene for ministerrådet. Vedtaket lettar prioriteringa av innhaldet i det nordiske likestillingspolitiske samarbeidet i framtida, m.a. sett i lys av erklæringa frå møtet mellom dei nordiske statsministrane i Punkaharja i 2007 og riksgrensedeklarasjonen frå 2008 om globalisering. Det opnar òg for eit vidare nordisk-baltisk samarbeid (NB8) og samarbeid på internasjonale arenaer i Europa og FN.

Ministerrådet for likestilling vedtok òg at Nordisk institutt for kvinne- og kjønnsforskning (NIKK) held fram som nordisk institusjon ut ein ny kontraktsperiode til 2010. Ei ny vurdering av statusen til NIKK er sett i gang og skal sluttførast i 2009.

Grunnlaget for ei eventuell ny organisering vil dermed ligge føre i god tid før den inneverande kontraktsperioden går ut og nytt samarbeidsprogram skal vedtakast.

## 5.12 Justissektoren

### *Lovsamarbeid, rettsleg samarbeid*

Det nordiske lovsamarbeidet har på grunnlag av Helsingforsavtalen frå 1962 til mål å skape mest mogeleg einsarta lovgjeving i dei nordiske landa. Samarbeidet blir drive fram gjennom kontinuerleg innsats for å utveksle informasjon og erfaringar om lovgjevingsarbeid og å tilpasse og revidere lovgjevinga med sikte på størst mogeleg samanfall. Under Sveriges formannskap i Nordisk ministerråd var ei av prioriteringane å fremje nordisk rettslikskap i samband med gjennomføringa av fellesskapsrettsakter, mellom anna rettsakter omfatta av EØS-avtalen, i nasjonal rett. Som ledd i dette arbeidet utarbeidde dei nordiske justisdepartementa ein promemoria som gjer greie for korleis og i kva samanhengar det vert samarbeidd for å få til like reglar i Norden. Promemoriaen er send alle departementa i dei nordiske landa.

Lovsamarbeidet går føre seg i ulike forum: i formelle og uformelle *møte på ministernivå* (mellom anna inviterte den norske justisministeren sine nordiske kollegaer til eit møte i Oslo i desember 2007 der dei diskuterte erfaringar frå arbeid og tiltak mot internettrelaterte overgrep mot barn), i *den nordiske embetsmannskomiteen for lovsamarbeid*, i *ekspertgrupper* som møtest fast (eksempelvis på områda strafferett, familierett, sjørett og selskapsrett), i *ad hoc grupper* med spesielle oppgåver (til dømes den nordiske arbeidsgruppa som skal vurdere behovet og utsiktene for eit utvida politisamarbeid med samtenestegjering mellom dei nordiske landa), og *direkte mellom saksbehandlarar* i dei ulike nordiske landa. Samarbeidet er i stor grad uformelt og vert tilpassa behova til kvar tid. Frå tid til anna blir det halde *nordiske seminar* som tek initiativ til eller evaluerer lovtiltak (mellom anna var det nordiske seminaret i 2006 om «grooming» eit godt bidrag til dei nasjonale lovgjevingsprosessane. Det same var det nordiske seminaret om framtdisfullmakter i mai 2007). Elles blir det gjennomført *etterkontroll og evaluering av lovgjeving* på område der rettsfellesskapen i Norden har vore stor, men der det med tida kan ha oppstått lovgjevingsforskjellar mellom landa som ikkje er like nødvendige eller eigna i eit større nordisk perspektiv. Den omfattande studien av familie- og arvelovgjevinga i Norden er eit eksempel på eit arbeid som

kan komme til nytte både på nasjonalt og nordisk plan. Som ei følgje av denne studien og for å leggje til rette for den felles nordiske arbeidsmarknaden, vart det framforhandla ein endringsavtale 26. januar 2006 om lovval for formuesforhold mellom ektefellar. Avtalen endra ein konvensjon av 6. februar 1934 mellom Noreg, Danmark, Finland, Island og Sverige som inneheld internasjonale privatrettslege reglar om ekteskap, adopsjon og verjemål, med sluttprotokoll. Endringane tok til å gjelde 1. desember 2008. Det nordiske arbeidet har i stor grad funne ei ny form som følgje av tilknytninga landa har til EU og EØS. Eit eksempel på det er aksjeselskapslovgjevinga, som tidlegare er blitt til gjennom nordisk samarbeid, men som no i stor grad er regulert av EF-direktiv. Den nordiske arbeidsgruppa for selskapsrett møtest årleg eller oftare for å diskutere gjennomføringa av EU-rettsakter innanfor selskapsretten.

Det rettslege samarbeidet mellom dei nordiske landa er regulert i ein avtale mellom Noreg, Danmark, Finland, Island og Sverige frå 26. april 1974. Med avtalen er det gjennomført ein forenkla framgangsmåte for å sende rettsoppmodingar mellom dei nordiske landa. Derimot forpliktar ikkje avtalen i seg sjølv landa til å yte bistand. Slik plikt er mellom anna heimla i den europeiske konvensjonen om gjensidig hjelp i straffesaker av 20. april 1959, som alle dei nordiske landa er tilslutta. Generelt fungerer det nordiske samarbeidet på området godt, med ei enklare og meir uformell samarbeidsform enn den vi har med andre land.

Også når det gjeld utlevering av lovbrytarar er det eit tett samarbeid mellom dei nordiske landa. Utlevering av lovbrytarar mellom dei nordiske landa er i dag regulert av felles nordisk lovgjeving. Dei nordiske statane underteikna 15. desember 2005 ein *konvensjon om nordisk arrestordre*, som inneber at gjeldande fellesnordisk utleveringsordning skal erstattast av eit nytt og meir effektivt system for overlevering av personar som er sikta eller domfelte i eit nordisk land. Avtalen er gjennomført i norsk rett ved *lov 19. september 2008 om pågripelse og overlevering mellom de nordiske stater på grunn av straffbare forhold (lov om nordisk arrestordre)*. Lova er førebels ikkje sett i kraft.

### *Politisamarbeid*

Det nordiske politisamarbeidet er under utvikling og vert til ein viss grad påverka av prosessar og initiativ i EU. Det er ein naturleg konsekvens av at tre av dei nordiske landa er medlemmer i EU, mens Island og Noreg står utanfor. Mellom anna vil den såkalla Prum-avtalen, som no er ein del av EU-

regelverket, danne basis for nye tiltak innan nordisk politisamarbeid.

Som ei følgje av dette er det teke initiativ frå svensk side til å inngå ein nordisk avtale på ministernivå om såkalla samtenestegjering for politiet. Det går ut på at styrkar frå to eller fleire nordiske land i samsvar med avtalte prosedyrar skal kunne tenestegjere saman på eitt lands territorium. Det er berre aktuelt i ordensteneste for å førebyggje straffbare forhold og ordensforstyringar under større arrangement med stor publikumstilstrøyming, eller i samband med trafikkteneste i grenseområde. Det ligg føre eit utkast til avtale som skal behandlast av dei nordiske justisministrane i løpet av 2009.

Avtalen vil vere ei ramme som regulerer alle aktuelle juridiske avgrensingar. Kvant tilfellet av samtenestegjering må avtalast mellom dei aktuelle nasjonale politistyresmaktene.

Strukturen og hovudinnhaldet i det nordiske politisamarbeidet er elles identisk med det vi har sett dei seinare åra.

#### *Samfunnstryggleik – redning og beredskap*

For første gong vart det 27. april 2009 halde eit ministermøte mellom ministrar med ansvar for samfunnstryggleik i Norden, dvs. forsvarsministrane i Sverige og Danmark, innanriksministeren i Finland og justisministrane på Island og i Noreg. Det er ei likearta utvikling av området samfunnstryggleik og beredskap i alle dei nordiske landa. Eit felles og overordna mål er å førebyggje og avgrense dei konsekvensane som kan bli resultatet av større ulykker, naturkatastrofar og andre samfunnskriser. Eit viktig grunnlag for samarbeidet er felles verdiar og haldningar i tryggleiksarbeidet og kulturell og geografisk nærleik. Eit utdjupa og meir fokusert samarbeid gagnar heile Norden og kan gje dei nordiske landa nye høve til å delta i ulike internasjonale samanhengar. Under det nordiske ministermøtet var det semje om at ein i fellesskap skulle sjå nærare på eit utdjupa samarbeid og konkretisere det på område som redningsteneste, øving og utdanning, beredskap mot masseødeleggingsmiddel (CBRN), krisekommunikasjon med publikum, bruk av frivillige og forskning og utvikling.

I 2008 vart Nordisk møteforum for internasjonale beredskapsspørsmål etablert med Noreg, Sverige, Danmark, Finland og Island som deltakarar. Dette er eit halvårleg, uformelt nordisk møteforum på embetsnivå. Tanken med forumet er å orientere om nasjonale haldningar til aktuelle internasjonale beredskapsspørsmål og identifisere

mogelege fellesnordiske haldningar som kan bringast vidare i relevante forum, særleg i EU og NATO. Møteforumet har òg ei tilretteleggjande rolle for anna nordisk samarbeid på beredskapsområdet. Etableringa av forumet kjem som følgje av aukande internasjonal merksemd og engasjement innanfor samfunnstryggleik og beredskap, og er eit nyttig supplement til anna norsk engasjement og nordisk samarbeid på området.

Under den svenske formannskapet i EU vil det med eit nytt femårig handlingsprogram som skal utarbeidast på justis- og innanriksområdet (Stockholmsprogrammet), bli lagt vekt på spørsmål innan samfunnstryggleik og beredskap. Som ein del av ei overordna målsetjing om eit EU som skal tryggje innbyggjarane («une Europe qui protège»), kan ein merkje seg at programutkastet nok vil gje samfunnstryggleiks- og beredskapstiltak ei eksplisitt rolle, og det i større grad enn i tidlegare program på justis- og innanriksfeltet. Tiltak som kan ventast å bli løfta fram, er innsats for å minske CBRN-risikoane; ytterlegare arbeid med vern av kritisk infrastruktur, mellom anna utviding av bruksområdet til direktivet om vern av europeisk kritisk infrastruktur til IT- og finanssektorane; arbeid mot bruk av sprengstoff og prekursorar til terrorføremål og eit forskingsprogram om effektiv og koordinert bruk av teknologi.

Det nordiske redningstenestesamarbeidet *NORDRED* byggjer på ein rammeavtale mellom Danmark, Finland, Sverige, Island og Noreg om samarbeid over territorialgrensene for å hindre eller avgrense skadar på menneske, eigedom og miljøet ved ulykker. Avtalen skal å komplettere andre nordiske multilaterale eller bilaterale avtalar på området. Overordna mål er å utveksle informasjon, føre menneske saman og bryte faggrenser. *NORDRED*-kontaktgruppa møtest to til fire gonger i året, og konferansar vert haldne tredjekvart år. Noreg overtok formannskapet i juni 2009.

Det er utarbeidd ei nordisk tenestehandbok, arrangert alarmøvingar og oppmuntra til grensekommunalt og lokalt samarbeid.

Forskningsprogrammet «Samfunnstryggleik og risiko – *SAMRISK*» arrangerte ein nordisk forskingskonferanse i september 2008 med tittelen *Is there a Nordic model for societal security and safety?* Konferansen skulle kaste lys over korleis geografisk og kulturell nærleik i Norden kunne gje grunnlag for eit utvida samarbeid om samfunnstryggleik.

Særleg innanfor EU finst det fleire kjelder der det kan søkjast om finansiering til prosjekt som kan fordjupe eit samarbeid også mellom nordiske land. Det kan gjelde samfinansierte forskings- og

utgreiingsprosjekt, seminar eller EU-søknader innan EUs sjuande rammeprogram for tryggleiksforsking. Den årlege forskingskonferansen for tryggleiksforskinga i EU skal haldast i Stockholm hausten 2009.

I møtet mellom dei nordiske ministrane med ansvar for samfunnstryggleik i april var det semje om å utdjupe samarbeidet når det gjeld forsking.

Øvinga *SweNorEx* vart halden ved Morokulien på grensa mellom Noreg og Sverige i mai 2009 og var eit samarbeidsprosjekt mellom dei to landa. Øvinga blei finansiert med 75 % gjennom EUs samordningsmekanisme for sivil krisehandtering. Øvinga var retta mot samarbeid og koordinering mellom EU og FN med sikte på å skape ein arena der EU- og FN-ekspertar trenar og vidareutviklar det praktiske, operative samarbeidet i felt. I øvinga vart dei forventa resultatane i stor grad oppfylte.

I eit *Memorandum of Understanding* (MoU) av 26. april 2007 om tryggings-, forsvars- og beredskapssamarbeid mellom Noreg og Island er anskaffing av nye redningshelikopter spesielt nemnt som eit mogeleg område for samarbeidsutvikling. Det er viktig at havområda mellom Noreg og Island blir dekte av tilstrekkeleg kapasitet som tryggjer aktivitetane i dette ressursrike området, og at dei norske interessene i nordområda blir varetekne. Kjøp av same helikoptermateriell gjev høve til betre samtrening og erfaringsutveksling og kan leie til ei felles ressursutnytting. Noreg har difor inngått ein samarbeidsavtale med Island for å finne ut om det vil vere gunstig å gjere eit felles innkjøp.

Regjeringa støttar opp om det nordiske samarbeidet som skal sikre at berre trygge produkt og forbrukartenester vert tilbodne på marknaden. Eit felles regelverk for dei ulike produkttypane krev einsarta reglar, og styresmaktene må utøve marknadskontrollen og tilsynet etter einsarta prinsipp. Særleg i dei nordiske landa, der kulturen og dei klimatiske bruksforholda er tilnærma like, er det tenleg å drøfte likearta utfordringar med omsyn til tryggleiken ved produkt og forbrukartenester i eit breiare forum. På produkttryggleiksområdet er det arbeidsgrupper både innan elektriske produkt og produkt generelt som dekkjer regelverk og marknadskontroll som gjeld forbrukarprodukt. Innanfor forbrukartenester er det sett i gang eit samarbeid som spesielt gjeld fritidsdykking. Forbrukartenester er eit område som vil bli vigd merksemd på fleire fagfelt dei kommande åra.

### 5.13 Flyktningar og migrasjon

---

Nordisk samrådsgruppe på høgt nivå for flyktningsspørsmål (NSHF) er eit uformelt diskusjonsforum for flyktning-, innvandrings- og integreringsspørsmål. AID har hovudansvaret for denne gruppa på norsk side. Det vert halde eitt årleg ministermøte og to årlege møte på embetsnivå.

Det nordiske samarbeidet er viktig for norske innvandringsstyresmakter. Det gjev ikkje berre ei opning for å diskutere problemstillingar som er av felles interesse for dei nordiske landa, men byr i tillegg på uformell informasjon om møte og prosessar i EU som Noreg elles ikkje har tilgang til.

Formannskapet i NSHF går på omgang mellom dei nordiske landa, og kvar formannskap utarbeider eit program over tema som det er ønske om å diskutere på ministermøtet og embetsmannsmøta. Noreg hadde formannskapet frå juli 2008 til juni 2009, og vi har vore vertskap for eit embetsmannsmøte i november 2008 og eit kombinert embetsmanns- og ministermøte i juni 2009.

#### *Nordisk utlendingsutval*

I Nordisk utlendingsutval deltek representantar for utlendingsdirektorata og visumstyresmaktene i dei nordiske landa. Gruppa har bakgrunn i den nordiske passkontrollavtalen og skal ta opp praktiske spørsmål av felles nordisk interesse, til dømes om behandling av visumsaker. Utlendingsdirektoratet (UDI) har hovudansvaret på norsk side. Det vert arrangert to årlege møte. Ansvar for møta i Nordisk utlendingsutval går på omgang mellom dei nordiske landa. Noreg arrangerte eit møte i utvalet i Oslo i mai 2008. Møtet i mai 2009 ble holdt i København.

### 5.14 Administrasjon og forvaltning

---

Dei sentrale statlege arbeidsgjevarorganisasjonane i dei nordiske landa har i mange år hatt eit nært samarbeid. Det går føre seg gjennom ein statleg arbeidsgjevarkonferanse for alle dei nordiske landa. Konferansen vert arrangert annakvart år, sist hausten 2008 i Sverige. I tillegg blir det samarbeidd i grupper som er etablerte på ulike personalpolitiske område.

På den nordiske pensjonskonferansen møttest representantar for dei statlege tenestepensjonsordningane. I 2009 er Danmark arrangør.

I Nordisk forvaltningspolitisk forum har departementa i dei nordiske landa med ansvar for forvaltningspolitikk jamlege møte for å utveksle erfa-

ringar og diskutere aktuelle saker. Leiinga av forumet følgjer formannskapet i Nordisk ministerråd.

Det er etablert eit nordisk løns- og personalutval som består av leiande representantar for den statlege arbeidsgjevarsida i Norden. Utvalet er eit rådgjevande organ for Nordisk ministerråd (samarbeidsministrane) og Nordisk råds presidium i løns- og personalspørsmål.

Nordisk ministerråd oppretta i 1978 ei tenesteutvekslingsordning for alle grupper av statstilsette i dei nordiske landa. Ordninga har til føremål å styrkje samarbeidet mellom dei nordiske statsetane og å gje impulsar til nytenking på eige arbeidsfelt. Ministerrådet løyver kvart år pengar til stipendmidlar for tenesteutvekslinga. Årleg blir det halde to samarbeidsmøte med dei andre nordiske landa.

Dei nordiske konkurransestyresmaktene har eit nært samarbeid i form av møte, pågåande nasjonale saker og nordiske prosjekt. Konkurransestyresmaktene samarbeider òg om utvikling av konkurransereglar i EU, EØS og andre internasjonale forum.

Nordisk plenumsmøte blir halde kvart år i august/september med deltakarar frå Danmark, Finland, Færøyane, Grønland, Island, Noreg og Sverige. I år vart plenumsmøtet halde på Island i september. Hovudtema var konkurranse i finansmarknadene og daglegvaremarknadene, og det blei lagt fram ein rapport om krisa i finansmarknadene.

Det vert halde årlege møte der direktørane for konkurransetilsyna i dei nordiske landa trekkjer opp linjene for det nordiske samarbeidet.

Statsbygg er med i Nordisk kontakt om statsbyggeri (NKS), som er eit samarbeid mellom organisasjonane for statleg byggherreverksemd og eigedomsforvaltning i dei nordiske landa. NKS er eit organ for utveksling av felles erfaringar på feltet. Frå Danmark deltek Slots- og Ejendomsstyrelsen, frå Sverige Statens fastighetsverk, frå Finland Senatfastigheter og frå Island Framkvæmdasýsla ríkisins. NKS møtest éin gong i året på leiarnivå. Aktuelle tema som har vore behandla i seinare tid, er organisering av den statlege byggje- og eigedomsverksemda, bruk av bygningsinformasjonsmodellar (BIM) og utvikling av internasjonale standardar for desse, uvissestyling, forvaltning av kulturhistoriske eigedomar og kulturmiljø og universell utforming.

Gjennom arbeidet er det sett i gang fleire samarbeidsprosjekt med ein eller fleire av organisasjonane, og Statsbygg har ved fleire høve kunna dra nytte av erfaringar frå dei andre nordiske landa.

Det er òg etablert eit eige nordisk kontaktutval for utanlandseigedomar (NKU) i nært samarbeid med utanrikstenesta i dei nordiske landa. Her utvekslar ein erfaringar med bygging og forvaltning av statseigedomar verda over. NKU møtest årleg. Aktuelle tema har vore mogeleg samlokalisering av ambassadar for dei nordiske landa, tryggleik, miljø- og energispørsmål, klimautfordringar i samband med bygging og forvaltning, universell utforming og etikk.

## 5.15 Barn og unge

Nordisk ministerråds strategi for barn og unge i Norden frå 2006 er retningsgjevande for den samla aktiviteten ministerrådet driv overfor barn og unge. Ansvar for dei ulike sektorane har for å vareta eit barne- og ungdomsperspektiv, er understreka i strategien. Med bakgrunn i strategien utarbeider Nordisk barne- og ungdomskomiteé (NORBUK) ein handlingsplan. I løpet av 2008 har NORDBUK gjennomført ei evaluering av strategien og handlingsplanen for 2006–2009 som skal tene som grunnlag for utarbeiding av ein ny handlingsplan (2009–2013). Korleis NORDBUK kan styrkje arbeidet på tvers av sektorane og inkludere globalisering i arbeidet sitt, vil vere sentrale spørsmål i den nye handlingsplanen. NORDBUK rapporterer til dei nordiske samarbeidsministrane om arbeidet i dei ulike sektorane. NORBUK arbeider i hovudsak med å leggje til rette for eigenorganisering og nordisk samarbeid blant unge, stimulere til nye metodar for unges deltaking og innverknad i demokratiske prosessar, kulturelt mangfald, menneskerettar, internasjonalt samarbeid og koordinering av barne- og ungdomsforskning. NORDBUK har ei støtteordning til ungdomsarbeid retta mot organisasjonar og ungdomsmiljø. Målet med denne ordninga er å styrkje barn og unges deltaking i aktivitetar som dreiar seg om kulturelle, politiske og sosiale spørsmål i Norden. For å spreie informasjon om støtteordninga er det i 2009 utarbeidd ein eigen brosjyre. I NORDBUK-arbeidet er det mellom anna lagt vekt på å rekruttere og stimulere nye grupper til nordisk samarbeid gjennom eit eige prosjekt, Eitt Norden, der målsetjinga er å skolere ungdom med etnisk minoritetsbakgrunn i prosjektleiing. Vidare prioriterer NORBUK å vidareutvikle metoden «menneskebibliotek» ved å sikre at interesserte kan få råd og rettleiing i metoden og å gje støtte til omsetjing til fleire språk. Arbeidet skjer m.a. i samarbeid med Europarådet. Websida *Norden før og nu* blei lansert i mai 2009. Sida er tilrettelagd for 10–14-åringar og inneheld informa-

sjon om dei nordiske landas historie og kultur. Websida er utvikla i samarbeid med NMRs webredaksjon og dei nordiske public service-stasjonane representert ved Danmarks radio.

Dei nordiske landa samarbeider om å handtere internasjonale barnebortføringar. Årleg vert det halde uformelle samarbeidsmøte mellom representantar frå dei nordiske landa for å diskutere både generelle problemstillingar og konkrete saker. Hausten 2008 fann møtet stad i Helsingfors. Det var nytt møte hausten 2009 i København.

### 5.16 Frivillig sektor

---

Regjeringa ser på frivillig sektor som ein grunnpirar i eit demokrati og eit godt velferdssamfunn. Det er viktig å vareta ein uavhengig frivillig sektor som kan utvikle seg på eigne vilkår. Det er eit hovudmål å stimulere til auka deltaking og engasjement frå grupper som i dag fell utanfor det frivillige organisasjonslivet.

Samarbeid med frivillig sektor er òg viktig i nordisk samanheng. Det gjeld særleg Foreininga Norden, som skaper møteplassar og styrkjer den folkelege forankringa til det nordiske samarbeidet. Foreininga Norden administrer m.a. Norden i Fokus, Hallo Norden og Nordjobb.

### 5.17 Forbrukarpolitikk

---

I samband med at ministerrådet for forbrukarspørsmål vart nedlagt 1. januar 2006, vedtok forbrukarministrane å vidareføre samarbeidet på uformelt plan og å etablere embetsmannsgruppa for nordisk samarbeid på forbrukarområdet (NordKons), samansett av medlemene i det tidlegare EK-Konsument. Samarbeidet i NordKons var i 2008 avgrensa til informasjons- og erfaringsutveksling. Utanom dette deltok Noreg i 2008 i eit samarbeid mellom nordiske land og Estland om eit måldokument for forbrukarundervisning og i arbeid for å fremje nettverksbygging og relevant prosjektarbeid mellom aktørar i Norden som er opptekne av forbrukarspørsmål.

### 5.18 Samferdsel

---

Etter at den nye ministerrådsstrukturen tredde i kraft 1. januar 2006, er ikkje lenger transportsektoren ein del av det formaliserte nordiske regjerings-samarbeidet. På det nordiske transportminister-møtet i Vejle i august 2005 vart det vedteke å vida-

reføre transportsamarbeidet utanfor ramma av Nordisk ministerråd. Det var brei semje om at eit vidare samarbeid er viktig for å diskutere aktuelle transportpolitiske problemstillingar og for å bevare det gode nettverket som er etablert mellom dei nordiske landa.

Det nordiske regjeringssamarbeidet på transportsektoren legg vekt på å fremje effektiv, konkurransekraftig, sikker og miljøvennleg transport og trafikk i Norden og nærområda. Det er særleg fokusert på område der landa har felles problemstillingar. I tillegg vert det lagt vekt på at samarbeidet skal fremje den politiske debatten og vere eit forum for erfaringsutveksling. Samarbeidet har medverka til ei positiv utvikling i dei nordiske landa. Spesielt kan dei gode resultatane som er oppnådde innan trafikktrygging og miljøpolitikk, framhevast.

Dei seinare åra har EU/EØS-spørsmål fått stadig større merksemd, og samarbeidet her har mellom anna teke sikte på å påverke transportpolitikken i EU i retning av Den nordlege dimensjonen. Etter EU-utvidinga har EU-relaterte spørsmål fått ytterlegare aktualitet. Dei seinare åra har det vore lagt vekt på samarbeid med dei baltiske landa. Innanfor ramma av den noverande samarbeidsmodellen skal det haldast eit årleg sommarmøte mellom dei nordisk-baltiske transportministrane. Ordninga frå dei seinare åra der dei nordiske transportministrane møtest før rådsmøta i EU, blir vidareført. Latvia skal arrangere årets transportministermøte, truleg i september 2009. Hovudtema på møtet blir EU-strategien for Austersjøsamrådet, transport og global økonomi (ITF), grønboka om TEN-reviderte retningslinjer, Sveriges formannskap i EU og internalisering av eksterne kostnader/vegprising for tyngre køyretøy.

### 5.19 Samar og nasjonale minoritetar

---

Ministrane med ansvar for samiske saker i Finland, Sverige og Noreg og sametingspresidentane i dei respektive landa etablerte i 2000 eit fast samarbeid for regelmessig orientering, drøfting og behandling av samiske spørsmål av felles interesse. Målsetjinga med samarbeidet er å styrkje og utvikle språk, kultur, næringar og samfunnsliv hos det samiske folket. Samarbeidet har uformell, men nær tilknytning til Nordisk ministerråd.

Regjeringane og sametinga er samde om å vidareføre prosessen og arbeidet med utkastet til ein nordisk samekonvensjon under den norske formannskapet i det nordiske samarbeidet i 2009. Det skal utarbeidast eit forslag til fellesmøtet mellom

ministrane og presidentane hausten 2009 om korleis eventuelle forhandlingar om ein samekonvensjon kan gjennomførast.

Konvensjonsutkastet er utarbeidd av ei nordisk ekspertgruppe på bakgrunn av dei internasjonale instrumenta dei tre landa er bundne av, og tek utgangspunkt i at samane er urfolk i Finland, Sverige og Noreg.

Ekspertgruppa føreslår at målsetjinga med ein nordisk samekonvensjon er å stadfeste og styrkje slike rettar for det samiske folket at det mest mogeleg kan sikre og utvikle språket, kulturen, næringane og samfunnslivet sitt utan å bli hindra av landegrensene.

Samisk parlamentarisk råd (SPR) er eit parlamentarisk samarbeidsorgan mellom sametinga i Finland, Noreg og Sverige. Samane i Russland er permanente deltakarar i rådet. SPR skal vareta sameinteressene på tvers av landegrensene og er den samiske stemma internasjonalt. Regjeringa ser på rådet som eit viktig organ for det nordiske samarbeidet og eit organ som har betydning i internasjonale samanhengar for eit styrkt samarbeid urfolk imellom og mellom urfolk og andre aktørar.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har i 2008 ytt 800 000 kroner til ulike arrangement i regi av Samerådet under den 19. samekonferansen i Rovaniemi i Finland. Samekonferansen er samla fjerdekvart år med delegatar frå samiske hovudorganisasjonar i Finland, Noreg, Sverige og Russland. Samekonferansen og Samerådet har spelt ei

viktig rolle i den samepolitiske utviklinga sidan andre verdskrigen og har framleis stor betydning.

#### *Nasjonale minoritetar*

Nordisk arbeidsgruppe for nasjonale minoritetar er oppretta på embetsmannsnivå mellom dei departementa i Sverige, Finland og Noreg som har ansvaret for rapportering om gjennomføringa av Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar og europarådpakta for region- og minoritetsspråk. Arbeidsgruppa er eit viktig nordisk forum for å førebu rapporteringa til Europarådet om gjennomføringa av rammekonvensjonen og språkpakta. Gruppa møtest ein gong i året.

I 2008 tok Noreg ved Arbeids- og inkluderingsdepartementet initiativ til ein samanliknande studie for å oppsummere erfaringane dei tre landa har gjort med gjennomføring, politikktutvikling og tiltak når det gjeld rammekonvensjonen og språkpakta. Studien blir utført av National Center for Human Rights, Oslo, og skal vere ferdigstilt i oktober 2009.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 2. oktober 2009 om Nordisk samarbeid vert send Stortinget.

**Vedlegg 1****Nordisk Ministerrådsbudsjett 2009 og forslag til budsjett 2010**

	Mill danske kroner.		
	2010	2009	%
<i>Kultur, likestilling og lovgiving</i>	170.605	172.853	-1,3 %
Kultur	160.775	162.893	-1,3 %
Likestilling	8.498	8.610	-1,3 %
Lovgivning	1.332	1.350	-1,3 %
<i>Utdanning og forskning</i>	236.263	239.375	-1,3 %
Utdanning og forskning	223.366	226.308	-1,3 %
Arbeidsliv	12.897	13.067	-1,3 %
<i>Nærings-, energi- og regionalpolitikk, velferds- og finanspolitikk</i>	154.920	157.486	-1,6 %
Nærings-, energi- og regionalpolitikk	115.141	116.658	-1,3 %
Velferdspolitikk	38.036	39.044	-2,6 %
Finanspolitikk	1.743	1.766	-1,3 %
<i>Miljø og ressurspolitikk</i>	79.381	80.427	-1,3 %
Miljø	42.647	43.209	-1,3 %
Fiskeri, jord- og skogbruk og næringsmiddel	36.734	37.218	-1,3 %
<i>Samarbeidsstatsrådene</i>	269.014	262.636	2,4 %
Nabopolitikk	94.081	96.536	-2,5 %
Sekretariat for Ministerrådet (NMRS)	72.188	73.198	-1,4 %
Ministerrådets fellestiltak	36.745	30.982	18,6 %
Globaliseringsinitiativa	66.000	61.920	6,6 %
<b>Totalt</b>	<b>910.183</b>	<b>912.759</b>	<b>-0,3 %</b>

Budsjettet for 2010 vert halde på same nivå som for 2009. Globaliseringsinitiativa med dei nye forslaga skal halde fram med 70 millionar kroner. Budsjettet for 2010, som vert endeleg vedteke i november etter behandling i Nordisk råd, skal justerast for prisauke.



**Vedlegg 2****Nordisk utenriksministererklæring av 8. juni 2009**

Meeting of the Ministers for Foreign Affairs of the Nordic Countries

Reykjavík, 8-9 June 2009

Declaration

The Foreign Ministers of Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden met in Reykjavik on 8-9 June 2009 to discuss ways to strengthen Nordic cooperation in the areas of foreign affairs and security policy. The Ministers emphasize the strong community of values between Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden. There is a common interest to contribute to stability in the Nordic region and its vicinity. On the basis of common interests and geographical proximity it is natural for the Nordic countries to cooperate in meeting the challenges in the area of foreign and security policy in the spirit of solidarity. Increased Nordic co-operation is in line with every Nordic country's security and defense policy and complements existing European and Euro-Atlantic cooperation. Efforts to promote democracy, international law including human rights, gender equality and sustainable development are integral parts of the foreign policy of the Nordic countries.

Against this background the Ministers warmly welcome the proposals set forth in the report of Thorvald Stoltenberg, former Minister of Foreign Affairs and Defence of Norway. The Ministers initiated this report at their meeting in Luxembourg on June 16th last year where Thorvald Stoltenberg was asked to prepare a report on how the Nordic countries may strengthen their cooperation to face future foreign- and security policy challenges. The Ministers warmly appreciate his efforts and thank the associated contributors who have provided their insights.

The proposals of the Stoltenberg Report are an important inspiration to a deepening Nordic cooperation in the field of foreign affairs, security and defence policy. An enhanced Nordic cooperation will better enable the Nordic countries to meet common challenges in the Nordic Region and globally, including concerns emerging from climate change.

The Ministers note that some of the proposals lend themselves to more immediate consideration while others will need to be reviewed in a longer term perspective and that some of the proposals are already under consideration by the Nordic countries, sometimes in cooperation with other nations. The Ministers welcome these efforts and encourage further work along these lines. They underline the importance of involving other nations in Nordic cooperation in this field, not least the Baltic countries.

The Ministers further agree that enhanced Nordic cooperation should be complementary to existing NATO, EU and OSCE commitments and cooperation. There is also a general understanding that it is only through well-functioning multilateralism, not least the work in the United Nations framework, that transnational challenges can be solved.

Nordic cooperation will be enhanced in a flexible manner taking into account each country's interests and resources. At the Ministers request high-level officials have examined the feasibility of implementing these proposals. On the basis of their preliminary findings the Foreign Ministers have come to the conclusion that the proposals should be further examined with a view to identify areas for deepened cooperation while taking into account the work already in progress.

Certain proposals contain elements for immediate attention. These areas include crisis management, air surveillance and communications, satellite services, cyber security, foreign services, and military cooperation on transport, medical services, education, material and exercise ranges.

The Nordic countries will promote a comprehensive approach to conflict prevention, crisis management and post-conflict stabilization. As a first step, a closer cooperation on training within the framework of crisis management will be developed. Further efforts on how to support UN operations will be considered.

The Ministers note that enhancing Nordic cooperation relating to air surveillance is an important element in the development of practical Nordic cooperation. The Ministers note that Denmark and

Norway have already provided operational assistance to Iceland and participated in air surveillance. The Ministers agree to look further into the feasibility of the proposal on surveillance of Icelandic airspace, under Icelandic authority, with regard to phase one and two of the proposal.

Referring to the proposal on a possible system for civilian maritime surveillance of environmental issues the Ministers note that Norway has invited to share information with the other Nordic countries on preliminary study of such a system ("Barents Watch"). The Ministers also note the extensive international cooperation in the Baltic sea. The surveillance system could benefit from available satellite resources and interested Nordic countries have established a dialogue on how to enhance common efforts in this field.

An expert working group will be established to explore the benefit of intensifying Nordic cooperation with regard to international satellite services. The group shall define potential common interests and make proposals on how work could be taken forward. The group shall deliver its report before the next meeting of the Foreign Ministers.

The Ministers also agree that increased commercial activity in the Arctic and the High North will call for enhanced presence of Coast Guard vessels as they represent important search and rescue assets. The Ministers note that these efforts should be followed up in cooperation with other nations. They recall their decision at the Arctic Council Ministerial in Tromsø on 29 April to approve the establishment of a task force to develop and complete negotiation, by the next Ministerial meeting in 2011, of an international instrument on cooperation on search and rescue operations in the Arctic.

The Ministers note that the Stoltenberg report contains several proposals relating to the Arctic and the High North, where there are a wide range of areas of common Nordic challenges in relation to continued Nordic Arctic cooperation. This is also reflected in the close cooperation between Norway, Denmark and Sweden in their consecutive Presidencies of the Arctic Council. Climate change in the Arctic will be receiving particular attention in the preparations for the Copenhagen Climate Summit in December and the follow-up work to this conference.

Individually the Nordic countries have limited capacity to solve the increasing number and practical issues regarding the environment, climate, safety and rescue in the Arctic. The Ministers therefore decide to cooperate closely to promote the follow-up of specific issues addressed in the Arctic

Council Tromsø declaration in relevant international bodies such as the International Maritime Organization.

The Nordic countries will work towards enhancing cooperation to maintain and promote their exceptionally high level of society-wide cyber security. This will be done at the level of National Computer Emergency Response Teams and other authorized information security incident response practitioners. Enhancing cooperation might include technical and legal facilitation of exchange of classified information between authorities of the Nordic countries in order to respond more effectively to cyber security problems.

Appropriate authorities are already cooperating in the field of crisis preparedness within the NORDRED cooperation. The Ministers note that they will continue to further enhance this cooperation within existing structures.

The Ministers welcome the Nordic Ministerial Meeting on Civil Protection and Crisis Preparedness that took place in Stockholm on the 27th of April and the follow-up action agreed at that Meeting. This new forum is an important means to concretize the will to further deepen the Nordic Cooperation.

Strong regional cooperation is crucial for bringing war criminals to justice, and the way that the Nordic countries organize investigations and prosecutions is essential. The Stoltenberg report points to the present and future common challenges facing the Nordic countries. The Ministers agree to explore ways of improving Nordic cooperation in this area.

The Ministers express their commitment to closer cooperation at Nordic diplomatic missions as a way to strengthen the efficiency and influence of the Nordic countries in international affairs. They identify scope for further cooperation in areas such as political and economic affairs, consular affairs, cultural affairs trade and business promotion as well as administrative affairs. They agree to pursue further work on a pilot project on cooperation between the Nordic embassies in Kabul.

The Ministers acknowledge the already substantive and developing cooperation of the Nordic countries in the fields of foreign affairs and defence in a broad spectrum of military and civilian issues. There is active Nordic defence cooperation ongoing within the Nordic Coordinated Arrangement for Military Peace Support (NORDCAPS), Nordic Supportive Defence Structures (NORDSUP), and Nordic Armaments Co-operation (NORDAC). In this context the Foreign Ministers welcome the

Nordic Defence Ministers decision to include all activities in one enhanced structure in order to strengthen the coordination and effectiveness of their cooperation. This will enhance the capacity of the Nordic countries to meet strategic challenges in the Nordic region and globally.

The continuous work and follow up to strengthen Nordic Cooperation will take place within already existing structures and be the responsibility of the Ministers in charge of each specific area. The Ministers task the Political Directors to follow the further development of Nordic foreign and security policy cooperation.

---

**Vedlegg 3****Nordisk samarbeid. Nettsteder**

Nordisk Ministerråd	<i>www.norden.org</i>
Nordisk Råd	<i>www.norden.org</i>
Nordisk internettportal om trygdeytelser i Norden	<i>www.nordsoc.org/sv/</i>
Nordisk skatteportal	<i>www.Nordisketax.net</i>
Grensetjenesten – Morokulien	<i>www.grensetjenesten.no</i>
Hallo Norden (Nordisk Ministerråds informasjonstjeneste)	<i>www.hallonorden.org</i>
Europaportalen	<i>www.regjeringen.no</i>
Nordiske grensehindre	<i>www.gransehinder.norden.org</i>
Grensehinderforum	<i>www.regjeringen.no</i>


---

**Vedlegg 4****Forkortingsregister**

BEG	Budgetexpertgruppen
EK-A	Embedsmandskomitéen for Arbejdsliv
EK-FINANS	Embedsmandskomitéen for Økonomi- og Finanspolitik
EK-FJLS	Embedsmandskomitéen for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
EK-JÄM	Embedsmandskomitéen for Ligestilling
EK-K	Embedsmandskomitéen for Kultur
EK-LOV	Embedsmandskomitéen for Lovsamarbejde
EK-M	Embedsmandskomitéen for Miljø
EK-NER	Embedsmandskomitéen for Erhvervs- og Energipolitik
EK-R	Embedsmandskomitéen for Regionalpolitik
EK-S	Embedsmandskomitéen for Social- og Helsepolitik
EK-U	Embedsmandskomitéen for Uddannelse og Forskning
ENS	Ekspertgruppen Nordens Språkråd
FNF	Foreningerne Nordens Forbund
HØGUT	Styregruppen for nordisk samarbejde indenfor højere uddannelse
LOP	Lønns- og personalutvalget
MR-A	Ministerrådet for Arbejdsliv
MR-FINANS	Ministerrådet for Økonomi- og Finanspolitik
MR-FJLS	Ministerrådet for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
MR-JÄM	Ministerrådet for Ligestilling
MR-K	Ministerrådet for Kultur
MR-LAG	Ministerrådet for Lovsamarbejde
MR-M	Ministerrådet for Miljø
MR-NER	Ministerrådet for Erhvervs, Energi- og Regionalpolitik
MR-S	Ministerrådet for Social- og Helsepolitik
MR-U	Ministerrådet for Uddannelse og Forskning
MR-SAM	Samarbejdsministrene
NAB	Nordiska rådgivande nämnden för energiinformation
NAD	Nordiska nämnden för alkohol- och drogforskning
NAF	Nordisk Arbejdsgruppe for Fiskeriforskning
NAI	Nordiska Afrikainstitutet
NAPA	Nordens Institut i Grønland
NAR	Nordisk amatørteaterråd
NDF	Nordiska Utvecklingsfonden
NEFCO	Nordic Environment Finance Cooperation (Nordiska miljøfinansieringsbolaget)
NEFP	Nordisk Energiforskning
NFS	Nordens Fackliga Samorganisation
NFTF	Nordisk Film- og TV-fond
NGB	Nordiska Genbanken
NGH	Nordisk Genbank Husdyr
NHR	Nordisk Handikappolitiska Råd
NHFØ	Nordens Hus på Færøerne

NHV	Nordiska högskolan för folkhälsovetenskap
NIAS	Nordisk Institut for Asienstudier
NIB	Nordiska Investeringsbanken
NICe	Nordisk InnovationsCenter
NIFCA	Nordiska institutet för samtidskonst
NIFIN	Nordens Institut i Finland
NIFS	Nordisk institutt for sjørett
NIKK	Nordisk institutt for kunnskap om kjønn
NIOM	Nordisk institutt for odontologiske materialer
NIPÅ	Nordens institut på Åland
NIVA	Nordiska institutionen för vidareutbildning inom arbetsmiljöområdet
NKB	Nordisk kommitté för bioetik
NKF	Nordiska Konstförbundet
NKJ	Nordiskt Kontaktorgan för Jordbruksforskning
NKR	Nordkalotträdet
NKS	Nordisk kontakt om statsbyggeri
NKV	Nordisk kollegium for viltforskning
NMF	Nordiska Miljøudviklingsfonden
NMKL	Nordisk metodikkomité for næringsmidler
NMR	Nordisk Ministerråd
NOMESKO	Nordisk medicinalstatistikkomite
NOMUS	Nordiska Musikkommittén
NOPEF	Nordiska Projektexportfonden
NOP-HS	Nordiska publiceringskommittén för humanistiska och samhällsvetenskapliga –tidskrifter
NOPUS	Nordiska utbildningsprogrammet för utveckling av social service
NOR	Nordisk organ for reinforskning
NORA	Nordisk atlantsamarbejde
NORDA	Nordiskt samarbeide om teknisk akkreditering
NORDBUK	Nordisk Barn- og Ungdomskomite
NORDEX	Nordisk samarbeidskomite for offentlig tilsyn med brannfarlige og eksplosive varer
NORDFORSK	Nordisk forskningsråd
NORDICOM	Nordiskt informationscenter för medie- och kommunikationsforskning
NORDITA	Nordisk institut for teoretisk fysik
NORDKONS	Nordiskt konsumentsamarbejde
NORDREGIO	Nordic Centre for Spatial Development
NORDVULK	Nordisk vulkanologisk institut
NOREY	Nordens Hus i Reykjavik
NORMET	Samarbetsforum för nordisk metrologi (mätteknik)
NOS-HS	Nordiska samarbetsnämnden för humanistisk och samhällsvetenskaplig forskning
NOS-M	Nordiska samarbetsnämnden för medicinsk forskning
NOS-N	Nordisk samarbeidsnemnd for naturvitenskap
NOSOSKO	Nordisk socialstatistikkomité
NR	Nordisk Råd
NSfK	Nordisk samarbejdsråd for Kriminologi
NSFP	Nordisk Skovbrugs Frø- og Planteråd
NSH	Nordiska samarbetsorganet för handikappfrågor
NSHF	Nordisk samrådsgruppe på højt niveau for flygtningespørgsmål
NSI	Nordisk samisk institutt
NSK	Nordiska samarbetskommittén
NSS	Nordisk samarbeid innenfor skoleområdet
NSS	Nordiska kommittén för samordning av elektriska säkerhetsfrågor

NSU	Nordisk Sommeruniversitet
NTR	Nordiska träskyddsrådet
NTR	Nordiska tulladministrativa rådet
NUD	Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale
NUK	Nordiska ungdomskommittén
NVC	Nordens Velfærdcenter
NVL	Nordisk nettverk for voksenes læring
ODIN	Nordisk skolenet
SLEIPNIR	Rejsestipendieordning for unge Kunstnere i Norden under 36 år
SNEIL	Sekretariatet för de nordiska energiinformationsbiblioteken
SNS	Sam Nordisk Skogsforskning
VALHALLA	Nordisk nettverk for børne og ungdomskultur













Offentlege institusjonar kan tinge fleire  
eksemplar frå:  
Servicesenteret for departementa  
Post og distribusjon  
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no  
Faks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og  
pris får ein hjå:  
Fagbokforlaget  
Postboks 6050, Postterminalen  
5892 Bergen  
E-post: offpub@fagbokforlaget.no  
Telefon: 55 38 66 00  
Faks: 55 38 66 01  
[www.fagbokforlaget.no/offpub](http://www.fagbokforlaget.no/offpub)

Publikasjonen er også tilgjengeleg på  
[www.regjeringa.no](http://www.regjeringa.no)

Omslagsbilete: "Landskap"  
Johannes Jansson, Nordisk Ministerråd, København

Trykk: Lobo Media AS – 10/2009

